

Namn og normering i Valle

KJELLAUG DALE

RETTLEIAR

Vidar Haslum

Universitetet i Agder, 2020

Fakultet for humaniora og pedagogikk

Institutt for nordisk og mediefag

Føreord

Etter å ha følgt undervisninga i kurset «Namnegransking» ved UiA fekk eg lyst til å fordjupe meg i dette fagområdet. Å skrive masteroppgåve var neste steg. Tittelen på oppgåva er «Namn og normering i Valle». Granskingsområdet er Bjørnevatn, Setesdal austhei i Valle kommune. Eg ville undersøkje korleis stadnamn vert normerte på offentlege kart. Det har vore interessant og lærerikt å halde på med oppgåva, men også krevjande. Det er vel slik det skal vere, men det var meir arbeid enn eg hadde tenkt på førehand.

Det er fleire eg vil takke for hjelp og støtte. Tusen takk til rettleiaren min, Vidar Haslum, for viktige faglege samtalar, innspel og kommentarar som har drive arbeidet framover i rett lei. Takk til dei lokale informantane: Olav O. Holen, Vidar Homme, Hallvard Homme, Torleiv K. Løyland, Tor D. Lunden og Ånund H. Flateland. Dei har sikra best mogeleg at nedervd lokal uttale av stadnamn på Bjørnevatn har vorte korrekt. Takk også til Leonhard Jansen ved Setesdalsmuseet avd. Rysstad og tilsette ved Kartverket avd. Kristiansand. Takk til Erna T. og Sigrunn A. for oppmuntring og hjelp.

Innholdsliste

Kapittel 1: Innleiing	5
1.1. Problemformulering og hypotese	5
1.2. Granskingsområdet Bjørnevatn	5
1.3. Tidlegare undersøkingar av vallemålet og om dette emnet	6
Kapittel 2: Teori	8
2.1. Om normering. Sentrale omgrep	8
2.1.1. Normeringshistorikk	10
2.1.2. Lov og forskrift om stadnamn	16
2.2. Vallemålet	18
2.2.1. Lydsystemet, synkront	19
2.2.2. Lydsystemet, diakront	23
2.2.3. Formverket	26
Kapittel 3: Empiri og metode	29
3.1. Empiri i oppgåva	29
3.2. Metode. Korleis undersøkinga skal gjerast	32
3.2.1. Normert skrift og lokal uttale	33
3.2.2. Uttalar av ord i namn og normering	38
3.2.3. Lydrett, forventa og diskutabel normering	47
3.2.4. Nokre merknadar om formverket	50
Kapittel 4: Normering av namn på offentlege kart	53
4.1. Ei undersøking	53
4.1.1. Normering av namn på offentlege kart	53
4.1.2. Normering av vokalar og diftongar i vallemålet	55

4.1.3. Normering av konsonantar i vallemålet	56
4.1.4. Lydrett, forventa og diskutabel normering	57
4.1.5. Normering av bøyingsendingar i substantiv	59
4.1.6. Adjektiv og relasjonsord	60
4.1.7. Fuger i samansette namn	61
4.2. Dialektnære former på kartet	62
4.2.1. Normerte namn på offentlege kart	62
4.2.2. Nedervd lokal uttale på kart	63
4.2.3. Farleg normering	64
4.2.4. Døme på normering	65
4.2.5. Endring av skriftformer på kartet	66
4.3. Normering av namn på turkartet	68
4.3.1. Oppdatert turkart på Norgeskart.no	68
4.3.2. Normering av namn på karta frå 2006 og 2020	68
4.3.3. Normering til dialektnære former er ikkje konsekvent	70
Kapittel 5: Namnesamlingar med lokale innsamlarar	71
5.1. Mange stadnamn med grunnord	71
5.1.1. Om namnesamlinga til Økonomisk kartverk	71
5.1.2. Om namnesamlinga til Olav H. Rygnestad	72
5.2. Lokal uttale, gjeldande rettskriving eller ein mellomveg	73
5.3. Ulik normeringspraksis	73
5.3.1. Døme på ulik normeringspraksis	75
5.3.2. Namnesamlinga til Økonomisk kartverk	80
5.3.3. Namnesamlinga til Olav H. Rygnestad	82

Kapittel 6: Namn og normering i Valle	86
6.1. Samandrag av undersøkinga av namnetilfanget	86
6.1.1. Lydsystemet og formverket	86
6.1.2. Få sætrekk i normeringa	92
6.2. Innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn	92
6.2.1. Stort samsvar normert skrift og gjeldande rettskriving	92
6.2.2. Resultat av undersøkinga	93
Kapittel 7: Konklusjon	94
Vedlegg	96
Kjeldeliste	97
Litteraturliste	98
Samandrag	101

Kapittel 1

Innleiing

1.1. Problemformulering og hypotese

Tema for denne oppgåva er normering av stadnamn på offentlege kart. Namn og normering i Valle. Vallemålet er ein særmerkt dialekt med uvanlege kombinasjonar av lydar og mange diftongar. Det er difor store utfordringar som må løysast når ein skal normere namn i dette området. Problemformuleringa «Korleis vert stadnamna i eit namnetilfang frå Valle i Setesdal normerte i praksis?» er grunnlaget for oppgåva. Lov og forskrift om stadnamn har opna opp for stadig meir lokale dialektformer og regionale samleformer. Problemformuleringa vert difor sett opp mot hypotesen at nedervd lokal uttale vil vise seg i normering av namn i Valle. Ut frå utviklinga i normeringspraksis er det forventa at normerte stadnamn på moderne offentlege kart vil ha fleire dialektnære skriftformer enn eldre kart frå 1900-talet.

1.2. Granskingsområdet Bjørnevatn

Namnetilfanget i undersøkinga er frå eit heieområde, Bjørnevatn Setesdal austhei i Valle kommune. Dette heieområdet grensar i nordvest til ein annan setesdalskommune, Bykle kommune og i nordaust til Tokke kommune i Telemark. I 1965 vart fylkesveg 45 frå Rotemo i Valle kommune til Dalen i Telemark opna. Fylkesveg 45 går gjennom Bjørnevassområdet. Det er mange private hytter på Bjørnevatn, og setesdalsheiane er eit populært turterreng med turisthytter der ein kan overnatte. Bjørnevasshytta er bygd i 1889. Det er den eldste hytta til turistforeininga i Setesdal. For turfolka er eit offentleg kart nødvendig for å verte kjende med terrenget og stadnamna i området.

Bjørnevatn er eit velegna område for å granske normering av stadnamn. Det er ein føremon at eg er godt kjend på Bjørnevatn. Naturen og terrenget er veldig variert med høge fjell, skogsområde, myrar og gamle stølsvollar. Ein finn mange minne etter støylsdrift. Kaldeskardnutane er dei høgaste fjelltoppane i området, 1342 og 1339 moh. Lisle Bjørnevatn og Store Bjørnevatn ligg om lag 800 moh. (Norgeskart.no). Bjørnevatn er eit representativt

utmarksområde. Lydopptak med lokale informantar er gode kjelder til uttalen av namna. Alle desse faktorane hadde innverknad på val av granskingsområde.

Valle i Setesdal er ein innlandskommune i Agder. Det er ein tradisjonell jordbruks- og skogbrukskommune. Vasskraft er ei viktig inntektskjelde. Valle og Hylestad vart slegne saman til ein kommune i 1962. Talet på innbyggjarar har minka dei siste åra. I Store norske leksikon er innbyggjartalet oppgjeve til 1 156 og arealet til 1 130 km² (snl.no 23.09. 2020). Elva Otra og riksveg 9 går gjennom Setesdal og Valle kommune. På båe sider av dalføret er det høge fjell og store fjellvidder, Setesdal vesthei og Setesdal austhei. Valle og Hylestad er kjerneområde for setesdalsdialekten. I 2019 vart setesdalstradisjonen med dans, spel, kveding og stevjing oppført på UNESCO si liste over den immaterielle kulturarven i verda.

1.3. Tidlegare undersøkingar av vallemålet og om dette emnet

Tidlegare undersøkingar av vallemålet

Vallemålet er særmerkt både når det gjeld lydsystem og formverk. Det spesielle med lydsystemet er uvanlege kombinasjoner av lydane og særleg mange diftongar. Det er difor store utfordringar når ein skal skriftfeste stadnamn i dette området. Om ein vil skrive på dialekt kjem ein langt med vanlege bokstavteikn, men skriftbiletet vert likevel svært ulikt normert skrift.

For å gjere greie for lydsystemet og formverket i vallemålet har artiklane til Torleiv Hannaas: Sætedals-målet (1921) og Trygve Skomedal: Vokalsystemet i Sætedalsmålet (1972) vore til god hjelp. I tillegg har artiklane til Tarald Nomeland: Bygdemålet i Valle (1983) og Torjus Åkre: Talemålet i dag mellom eldre og yngre i Valle og Hylestad (1983) vore nyttige i arbeidet med oppgåva. Nynorskordboka. Definisjons- og rettskrivingsordbok (2006) har vore eit naudsynt hjelpemiddel for å sjå samanhengen mellom norrønt, nynorsk og vallemål.

Når stadnamna skal skriftfestast vert ein tvinga til å ta val. Vert det då lagt mest vekt på lokal uttale, etymologi eller gjeldande rettskriving? Er det mogeleg å skrive nært vallemålet og

likevel vere innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn? Vert det teke omsyn til prinsippet om ein einskapleg namneverk for heile landet? Dette vert undersøkt i oppgåva.

Tidlegare vitenskaplege arbeid om dette emnet

Det har ikkje tidlegare vorte gjort vitenskaplege arbeid om korleis stadnamna i eit namnetilfang frå Valle i Setesdal vert normerte i praksis. Hovudoppgåva til Dreng Uppstad: Nokre stadnamn frå Valle i Setesdal (1939) må likevel nemnast i denne samanhengen. Dreng Uppstad var den første i Agder som har skrive eit vitenskapleg arbeid om stadnamn. I oppgåva har han skrive eit avsnitt om normering av namn i Valle. Uppstad normerer namna ut frå målsetjinga om eit mest mogeleg einskapleg namneverk for heile landet og i samsvar med 1917-rettskrivinga for landsmål (Uppstad 1939, s. 10–11). Masteroppgåva til Ellen Marie Lund: Normering av stedsnavn. Dialekt, normering og målreising (2006) har vore til god hjelp i arbeidet med oppgåva.

Kapittel 2

Teori

2.1. Om normering. Sentrale omgrep

Om normering

«Å normere stadnamn vil seie at ein føyer namna og namneelementa meir eller mindre strengt etter rettskrivingsnormalar eller andre spesielt utarbeidde normeringsreglar» (Stemshaug 1973, s. 23). All normering byggjer meir eller mindre på uttale. Fagfolka og dei lokale kan ha ulikt syn på korleis stadnamna skal skriftfestast. Dei lokale vil ofte ha dei innarbeidde skriftformene dei er vane med sjølv om det ikkje er fagleg korrekt. Det har vore mykje strid om skrivemåten av gardsnamna. Gards- og bruksnamn er også etternamn, og folk vil sjølv bestemme skrivemåten av namnet sitt. «Viktig er det og at innarbeidde skriftformer ofte kjennest like heimlege og naturlege, sjølv om dei ikkje er etymologisk riktige eller fylgjer vanleg skrivemåte» (Løkensgard Hoel 1989, s. 19).

Det er den språklege kulturarven som vert formidla i namneverket. Når stadnamn skal normerast og skriftfestast vert det lagt vekt på lokal uttale, opphavet til namnet og gjeldande rettskrivingsreglar. «(...) normeringsarbeidet har sidan starten vore ein balansegang mellom skriftradisjon, etymologi, rettskriving og uttale» (Helleland 1992, s. 95). Kva kunnskap ein ynskjer å formidle har innverknad på kva skriftform ein vel i normeringa. Ei uttalenær skriftform formidlar målførekunnskap medan ei meir etymologisk skriftform formidlar språkhistorisk kunnskap. Normering av stadnamn er eit språkpolitisk spørsmål og eit verdispørsmål. Talemålet, og dermed også stadnamna, er ein viktig del av identiteten vår. Difor har mange sterke meiningar om normering av stadnamn.

Skriftforma har stor påvirkningskraft på uttalen av namn. Det kan føre til at den lokale talemålsforma forsvinn. Med mange innflyttarar til kommunen og tilreisande feriefolk må ein etter kvart rekne med at det er den normerte skriftforma på kartet flestepaten kjenner til og brukar. «Spørsmålet om normering blir da et spørsmål om hvor mye vi ønsker at dagens

normerende avsender skal fjerne seg fra det genuine muntlige budskap» (Haslum 1992, s. 29). Samfunnet og dialektane er i veldig endring. I gjeldande lov og forskrift om stadnamn er det opna opp for stadig meir lokale dialektformer og regionale samleformer i normering av stadnamn. I lov om stadnamn står det om skrivemåten av namna «(...) skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk (...)». I gjeldande forskrift frå 23. mai 2017 §3 første ledd: «Skrivemåten av norske stadnamn skal følgje den rettskrivingsforma eller regionale samleforma som passar best med med den nedervde lokale uttalen (...)». Det fører til at målsetjinga om eit einskapleg namneverk for heile landet vert mindre viktig. «Her er altså rettskrivingsformer og regionale samleformer sidestilte motsett tidlegare forskrift, som sa at regionale samleformer (og reine målføreformer) berre kunne veljast når særlege grunnar låg føre» (Larsen 2017, s. 29–30). I tillegg til lov og forskrift om stadnamn har Språkrådet utarbeidd utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn til §3 i gjeldande forskrift om stadnamn. Reglane gjeld lydssystem, bøyning og ortografi (sprakradet.no).

Lov om stadnamn har ikkje alltid absolutte krav til korleis eit stadnamn skal skrivast. Det er rom for skjønn. Ein kan difor take omsyn til ulike synspunkt. Prinsippet om at stadnamna er både kulturminne og samtidig har ein praktisk og kommunikativ funksjon er understreka i lov om stadnamn. Det kan skape dilemma når skriftform skal fastsetjast. «Ambivalensen - eller tvisynet - har alltid vore til stades i diskusjonen om normeringa og har ikkje vorte mindre i den nye lova» (Helleland 1992, s. 97).

Sentrale omgrep

Definisjonane på sentrale omgrep som vert bruka i oppgåva er henta frå lov om stadnamn og utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn til §3 i gjeldande forskrift om stadnamn. Dei utfyllande reglane finn ein på nettsidene til Språkrådet.

Nedervd lokal uttale: «Uttale som er overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk» (lov om stadnamn).

Rettskrivingsprinsipp: «Allmenne reglar for korleis lydar og lydkombinasjonar skal givast att i skrift» (lov om stadnamn).

Gjeldande rettskriving: «Dei rettskrivingane for bokmål og nynorsk som er dei offisielt gjeldande» (utfyllande reglar til §3 i gjeldande forskrift om stadnamn).

Rettskrivingsform: «Ei skriftform som er i samsvar med den gjeldande offisielle rettskrivinga i bokmål og/eller nynorsk» (utfyllande reglar til §3 i gjeldande forskrift om stadnamn).

Regional samleform: «Ei skriftform som ikkje er i samsvar med offisiell rettskriving, men som likevel ofte har ein skriftradisjon i namnenormeringa, og som er basert på dialektformer som er i bruk over større område» (utfyllande reglar til §3 i gjeldande forskrift om stadnamn).

Lokal dialektform: «Ei dialektform utan stor utbreiing, eller som det ikkje er vanleg å uttrykkje særskildt i skrift. Ein meir lyd nær skrivemåte enn ei konvensjonell rettskrivingsform eller ei regional samleform kan og reknast som lokal dialektform» (utfyllande reglar til §3 i gjeldande forskrift om stadnamn).

2.1.1. Normeringshistorikk

Etter 1814 var tanken om at stadnamna måtte få ei særnorsk form aktuell. «På 1800-talet kom det naturleg opp eit ønske om å gje dei forvanska namna ei norskare form, dvs. ei form som var betre i samsvar med uttalen og etymologien til namnet» (Stemshaug 1973, s. 26). Norske stadnamn vart skriftfesta av danske embetsmenn som skreiv det dei høyrde eller trudde dei høyrde og delvis også følgde dansk rettskriving. Skrivemåten samsvarar ikkje godt med lokal uttale. Ortografien var lite fast og skrivemåten vekslar ofte sterkt. Når ein skulle velje skrivemåte, var det viktig at namna vart skriftfesta slik at det ikkje vart forvekslingar. Det var også viktig at skriftforma fungerte innanfor det dansk-norske embetsverket. Skrivemåten måtte kunne kjennast att i den uttalen bøndene bruka. Den dansk-norske skrivemåten av namna kunne vere veldig annleis, men likevel atkjennande i høve til den lokale uttalen.

Eit stadnamn i namnetilfanget, Slumstjørn, kan nemnast som ein kuriositet. Slumstjørn (normert skrift kart, 2006), Slommskjynn (lokal uttale) og Slomskjøn (skriftform 1839). Lokal uttale av stadnamnet har meir til felles med ei skriftform frå 1839 enn med normert skrift på kartet frå 2006. Namnet *Slomskjøn* er nemnt i ein grensekrangel i 1839 om bruken av eit område mellom oppsitjarar i Brokka (Valle) og på Bjørnarå (Bykle). Grensekrangelen er

omtala i Gards- og ættesoge for Valle bind VI «Herifrå gjekk grensa for teigen *efter den østligste Bæk, der rinder i Slomskjøn (...)*» (Ryningen 1987, s. 399).

Sjølv om mange namn hadde fått ei dansk-norsk skriftform, var det likevel ei mengd med norske namn som enno ikkje hadde vorte fordanska. Det var alle dei namna som ikkje hadde fått skriftform. «Dei livde paa folkemunne berre i norsk form. Og dei namni som var fordanska i skrift, hadde framleides si norske talemaalsform» (Indrebø 1927, s. 22). Det var eit godt utgangspunkt for å gjeve dei fordanska namna ei norsk skriftform. I andre halvdel av 1800-talet byrja normeringa av skrivemåten på kart. Professor Oluf Rygh var den første namnekonsulenten, frå 1879 til sin død 1899. Frå 1912 var det to namnekonsulentar, ein frå riksmålsida og ein frå landsmålssida. Namn på offentlege kart har vore ei av oppgåvene til namnekonsulentane.

Namnekonsulentane Hjalmar Falk og Marius Hægstad gjekk i ei innstilling av 15. april 1912 inn for at alle namn på kart skulle skrivast «i stedets dialekt med landsmaalets rettskrivning» (Indrebø 1927, s. 124). Dei vart bedne om å utarbeide eit regelverk for normeringa av stadnamn. I eit brev frå professor Falk og professor Hægstad til Det kgl. Forsvarsdepartement 20.03.1913 argumenterer dei for at det trengst eit nytt regelverk for normering av stadnamn. «Følgen er blit den, at den nuværende offisielle skrivemaate av vore lokalnavn fremviser et bedrøvelig miskmask av norsk og dansk-norsk med talrike vilkaarligheter og inkonsekvenser» (Indrebø 1927, s. 194). Vidare i brevet skriv dei «Man er henvist til at vælge millom to alternativer: At skrive helt etter dialekten, eller at indskrænke dialektformenens brokete mangfoldighet ved at opstille en del mere omfattende typer» (Indrebø 1927, s. 195).

Falk og Hægstad meinte at ein må velje ein mellomveg av den reine attgjeving av talemålet og full normering etter rettskrivingsreglane dersom ein ynskjer eit einskapleg namneverk for heile landet. Å velje rein attgjeving av talemålsformene ville også by på praktiske problem «(...) at vort alfabet ikke paa langt nær har tegn for alle de i dialekterne forekommende lyd» (Indrebø 1927, s. 195). I brevet drøftar dei også kva skriftspråk, landsmål eller riksmål, ein skal bruke for å modifisere talemålsformene «(...) at den rene dialektuttale umulig kan lægges til grund (...) mens en korrekt riksmållsskrivemaate fuldstendig vilde denationalisere hele

navneverket» (Indrebø 1927, s. 196). Framlegget frå Falk og Hægstad om korleis ein skulle normere stadnamna kan kort oppsummerast slik: «Bare ved å følgja bygdemåla og normera etter landsmålet si rettskriving kunne ein få konsekvens i namneverket» (NOU 1983:6, s. 39). Etter noko drøfting fram og tilbake mellom namnekonsulentane og Forsvarsdepartementet om korleis reglane skulle vere godtok Forsvarsdepartementet i stor grad framlegget frå Hjalmar Falk og Marius Hægstad.

Forsvarsdepartementet sendte eit brev om reglane til Norges Geografiske Opmaaling 13.06.1913. Reglane for normering av stadnamn skulle take utgangspunkt i lokal uttale «(...) at den stedlige uttale mest mulig bør søkes gjengit» (Indrebø 1927, s. 197). Det innebar likevel ikkje at alle dialektavvik skulle takast med. Skriftformene måtte modifiserast etter seks punkt: Harde/ blaute konsonantar, enkel/ dobbel konsonant og endingar i eintal og fleirtal. Forsvarsdepartementet godtok at kartverka skulle ha stadnamna på norsk for heile landet «(...) namni skulde fraa no av skrift-festast i same maalet som folk sagde dei på» (Indrebø 1927, s. 127). No var det for første gong klare retningslinjer for skrivemåten av stadnamn på kart. I reglane frå 1913 står det ikkje noko om kva skriftspråk som skulle nyttast til å modifisere den lokale uttalen. I praksis var det likevel rettskrivinga for landsmålet som normerte lokal uttale til ei skriftform. I føresegnar om skrivemåten av stadnamn, fastsett ved kongeleg resolusjon 28. april 1933 vart det fastslege: «Elles fylgjer ein den rettskrivingi som gjeld til kvar tid for nynorsk, (...)» (Stemshaug 1973, s. 141).

I 1933-føresegnene vart det lagt stor vekt på etymologi i normeringa. Gustav Indrebø var namnekonsulent frå 1923 fram til han døyde i 1942 saman med Alf Sommerfelt (bokmål). Gustav Indrebø arbeidde for ei sterk normering i samsvar med rettskrivinga for nynorsk. Etter hans meining var etymologi eit betre utgangspunkt for normering enn om ein skulle leggje uttalen til grunn for skriftformene. Indrebø gjekk inn for «(...) ei nasjonal normering av stadnamna med grunnlag i 1917-normalen i nynorsk, som låg nær Aasen-normalen frå 1864 og Hægstad-normalen frå 1901» (Hallaråker 1997, s. 244). Indrebø har, saman med Falk og Hægstad, hatt stor innverknad på retningslinjene for normering av stadnamn.

Føresegner om skrivemåten av stadnamn. Kronprinsregentens resolusjon 31. mai 1957 erstatter føresegnene i Kongeleg resolusjon frå 28. april 1933. Den linja i normeringsarbeidet som Gustav Indrebø hadde stått for vart modifisert i føresegnene frå 1957. «Endringane i 1957 hadde delvis bakgrunn i rettskrivingsvedtaket i 1938, som jo på fleire måtar representerte eit steg bort frå den etymologiske linja i nynorsken» (Helleland 1992, s. 100).

Føresegnene frå 1957 vidarefører likevel mykje av tidlegare reglar og resolusjonar (1913, 1917, 1919, 1929, 1933) om skrivemåten av stadnamn. Stadnamna skal take utgangspunkt i den lokale uttalen på staden så langt råd er. Skriftformene må modifiserast etter fastsette hovudtypar. Det gjeld både ortografi og bøyingsformer. Ein skal nytte gjeldande rettskriving for nynorsk til å normere den lokale uttalen. Alt dette høyrer veldig kjent ut. At ein skal velje ein mellomveg for skriftformene mellom talemål og skriftspråk, har vore eit viktig prinsipp frå dei første reglane i 1913 for skrivemåten på offentlege kart og fram til i dag med lov og forskrift om stadnamn. Føresegnene frå 1957 byggjer også på rettskrivinga for nynorsk, men opnar opp for regionale former. Bokmålet fekk også etterkvart meir innverknad. Med lov om stadnamn (1990) vart nynorsk og bokmål jamstilte når det gjeld skrivemåten av stadnamn.

Hovudprinsippet i normering av namn er at ein skal take utgangspunkt i lokal uttale, og skrivemåten skal følgje gjeldande rettskriving. Lokal uttale har alltid vore eit viktig grunnlag for normeringa. Det har vore to hovudsyn om normering av stadnamn frå 1913 med reglane om skrivemåten av namn på offentlege kart fram til i dag med gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Det eine synet går ut på at ein skal leggje mest vekt på gjeldande rettskriving. Det andre synet vil leggje mest vekt på uttalen.

Dei som vil leggje mest vekt på skriftspråket i normeringa, meiner det er viktig med eit mest mogeleg einskapleg namneverk for heile landet. Namneverket er nasjonalt felleseige som bør vere eintydig og konsekvent. Det synet kunne stå i motsetnad til individuelle og lokale ynske som ville leggje mest vekt på uttalen. Dei som vil leggje mest vekt på lokal uttale, meiner at lokalsamfunna sjølv må bestemme skriftform av namn i sitt område. Argumentasjonen deira er at mange stadnamn er gamle og har levd på folkemunne i fleire hundre år. Då er det feil å presse eit stadnamn inn i ei rettskrivingsform. «Eit hovudargument når ein ynskjer fleire

dialektformer, er at uttalen også er ein del av den immaterielle kulturarven. Når namna blir normaliserte, blir den lokale uttalen fort borte» (Larsen 2017, s. 30).

Ei mellomløysing mellom lydrett attgjeving av uttalen og full normering etter gjeldande rettskriving vert sett på som den beste løysinga for normering av namn. I lov og forskrift om stadnamn, med verknad frå 1991, er det nedfelt kva plass nedervd lokal uttale skal ha i skriftformene. «Stadnamnlova kan vel seiast å representera dagens politiske kompromiss når det gjeld den plassen dialektuttalen skal ha i skrivemåten av stadnamn i offentleg bruk» (Helleland 1998, s. 147).

Ville det ha vore mogeleg med ein annan normeringspraksis med meir vekt på dialektnære former i staden for å normere stadnamna etter om lag same reglar som anna skriftspråk? «I vår historiske situasjon er lina frå Falk og Hægstad via Indrebø, den beste normering av stadnamn. Men den alternative vegen fekk heller aldri sjansen» (Helleland 1998, s. 161). Dette skreiv Botolv Helleland for 22 år sidan. Tendensen er at stadig fleire dialektnære former har vorte tilletne i normeringa. I gjeldande forskrift om stadnamn frå 2017 er regional samleform og rettskrivingsform jamstilte når nedervd lokal uttale skal normerast til ei skriftform (forskrift om stadnamn). Likevel står hovudprinsippet fast om korleis skrivemåten av stadnamn skal fastsetjast. Det skal takast utgangspunkt i nedervd lokal uttale, og skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk (lov om stadnamn).

I føresegnene frå 1957 vert det bestemt at Norges geografiske oppmåling skal fastsetje skrivemåten for namn på offentleg landkart i samarbeid med dei tilsette namnekonsulentane. I dag er det Kartverket som har oppgåva med å fastsetje skrivemåten av stadnamna på offentlege kart. Kartverket har også namnekonsulentar til hjelp i normeringsarbeidet. Namnekonsulentane for norske stadnamn vert oppnemnde av departementet.

«Namnekonsulentane skal gi rettleiing og råd om skrivemåten av stadnamn» (lov om stadnamn). Med stadnamnlova skal alle namnesaker ut til høyring før vedtak. Dei viktigaste høyringsinstansane er kommunane og grunneigarane. Grunneigarane får høve til å uttale seg om namn på eigen eigedom. I lov om stadnamn (1990) er det vedteke at det skal først eit

sentralt stadnamnregister (SSR). Alle stadnamn skal rapporterast til registeret, og opplysningane er offentlege. Kartverket har ansvar for registeret.

Stadnamnutvalet 1979-82 og NOU 1983:6, Stadnamn

Stadnamnutvalet vart oppnemnt ved kongeleg resolusjon 12. oktober 1979 og utvalet slutta arbeidet sitt i oktober 1982. Oppgåva deira var å leggje fram eit forslag om nye reglar for skrivemåten av stadnamn og kome med utkast til ei lov om skrivemåten av stadnamn.

Resultatet av arbeidet deira vart utgjeve i ein rapport, NOU 1983:6, Stadnamn, Noregs offentlege utgreiingar. I 1990 kom lov om stadnamn med verknad frå 1991. Lova bygde på arbeidet utvalet hadde gjort. I 1991 kom også forskrift om stadnamn. Forskrifta har vorte endra fleire gonger, og gjeldande forskrift er frå 23.05.2017.

Nedervd lokal uttale, gjeldande rettskrivingsprinsipp og eit einskapleg namneverk er tre sentrale prinsipp innan normeringsproblematikken. Desse prinsippa vart grundig drøfta av Stadnamnutvalet. Utvalet meiner at hovudprinsippet for fastsetjing av stadnamn er nedervd lokal uttale. Samstundes meiner utvalet at det er viktig at landet har eit einskapleg namneverk slik at vanlege stadnamn kan kjennast att i eige målføre og i skriftspråket. Ein må finne ein mellomveg av lydrett attgjeving av talemålet og full normering etter rettskrivingsreglane. «Normeringa vil som tidlegare nemnt ikkje seia at ein følgjer rettskrivingane fullt ut, men at ein held seg til visse hovudtypar i lydverk, formverk og ordtilfang» (NOU 1983:6, s. 62).

Stadnamnutvalet la fram nokre allmenne prinsipp for regelverket. Stadnamna er kulturminne som må vernast og stadnamna har praktiske og kommunikative funksjonar i samfunnet. Skrivemåten av stadnamn skal byggje på nedervd lokal uttale og følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp, men kan nytte regionale eller lokale målføretrekk etter bestemte reglar. «Å ta vare på kulturminne og sikra eit einskapleg namneverk i riket er nasjonale oppgåver» (NOU 1983:6, s. 11).

I rapporten NOU 1983:6, Stadnamn finn ein mykje av den same tankegangen og argumenta om normering av stadnamn som professor Hjalmar Falk og professor Marius Hægstad kom

med framlegg om i 1913. Reglane av 20. mars 1913 ligg til grunn for alle seinare reglar om skrivemåten av stadnamn på offentlege kart. Det skal takast utgangspunkt i lokal uttale, men at ein må velje ein mellomveg av lydrett attgjeving av talemålet og full normering etter rettskrivingsreglane. Det prinsippet vart nedfelt i regelverket. Likeins vart prinsippet om eit einskapleg namneverk for heile landet målbore allereie i 1913 slik at ein slepp «talrike vilkaarligheter og inkonsekvenser» som namnekonsulentane Falk og Hægstad uttrykte det.

Føresegner for skrivemåten av stadnamn frå 1933 fram til og med føresegnene i 1957 slo fast at nynorsk rettskriving skulle følgjast i normeringa. Med lov og forskrift om stadnamn står både målformer likt. Hovudregelen er at ein skal take utgangspunkt i lokal nedverd uttale og at skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk (nynorsk og bokmål).

2.1.2. Lov og forskrift om stadnamn

Nedverd lokal uttale og gjeldande rettskrivingsprinsipp er framleis sentrale prinsipp i normeringsarbeidet. I lov og forskrift om stadnamn vert det opna opp for stadig meir lokale dialektformer og regionale samleformer. Det svekker prinsippet om eit einskapleg namneverk for heile landet.

På grunnlag av arbeidet til Stadnamnutvalet vart lov om stadnamn vedteken 18.05.1990 med verknad frå 01.07.1991. Sist endra 01.07.2019. Forskrift om stadnamn frå 05.07.1991 har vorte endra fleire gonger. Gjeldande forskrift om stadnamn er frå 23.05.2017. I tillegg til lov og forskrift om stadnamn har Språkrådet utarbeidd utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn. Desse reglane er ei utfylling til §3 «Særleg om norske stadnamn» i gjeldande forskrift om stadnamn, vedteken 23.05.2017. Språkrådet kan fastsetje utfyllande språkreglar om korleis norske stadnamn skal skrivast. Språkreglane skal godkjennast av Kulturdepartementet (forskrift om stadnamn). Dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn finn ein på nettsidene til Språkrådet (sprakradet.no).

Dette seier gjeldande lov og forskrift om stadnamn om skrivemåten av norske stadnamn:

Lova §1 første ledd «Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftleg form som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet, og medvirke til kjennskap og aktiv bruk av namna».

Lova §4 første ledd «Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk, samisk og kvensk (...)).»

Forskrifta §1 «Stadnamn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving når anna ikkje følgjer av reglane nedanfor. Stadnamn som inneheld utdøydde eller uklare språkelement, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp. Har skrivemåten vore lenge i bruk og er velkjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp. (...) Skal eit objekt som ikkje har hatt namn, namnsetjast, skal det takast omsyn til lokale, nedervde stadnamn og tradisjonelt ordtilfang på staden».

Forskrifta §3 første ledd «Skrivemåten av norske stadnamn skal følgje den rettskrivingsforma eller regionale samleforma som passar best med den nedervde lokale uttalen. Lokale dialektformer kan veljast når særlege grunnar talar for det».

Kva skriftformer som er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn har endra seg over tid. Tendensen har gått i ei retning. Stadig fleire lokale dialektformer og regionale samleformer har vorte tilletne. Det svekkar prinsippet om eit mest mogeleg einskapleg namneverk.

Stadnamn som kulturminne og lokalhistorisk kjelde

Den språklege kulturarven vår vert formidla i namneverket. Stadnamna er kulturminne som ein må take vare på. Kulturminne er «minne, ting frå kulturen i eldre tid» (Nynorskordboka s.658). Namna er som eit kart over landskapet og kan fortelje om det folk har skapt over fleire hundre år. Namna er ei viktig lokalhistorisk kjelde. Utan stadnamn ville landskapet vore anonyme fjelltoppar, vatn og tjørner. Med sitt eige namn (særnamn) får staden ein heilt annan verdi. Eit særnamn er noko anna enn eit samnamn. *Ugledalstjørn* er noko anna enn *tjørn*.

Ugledalstjørna er ei bestemt tjørn på ein bestemt stad i terrenget. Stadnamna har også ein praktisk og kommunikativ funksjon. Einkvar knaus og krok fekk sitt eige namn slik at folk kunne fortelje kvarandre kvar dei skulle eller kvar dei hadde vore.

«Stedsnavn opstår hvor menneskelig virksomhet foregår, og de forsvinner igjen ved virksomhet under nye former, ved forrykninger i det spesielle samfund som de tilhører» (Olsen 1973, s. 19). Nettopp difor er det viktig å skriftfeste stadnamna slik at dei ikkje forsvinn og vert gløymde. Når namna skal skriftfestast på eit offentleg kart vert dei normerte etter bestemte reglar. Namnetilfanget som vert undersøkt i denne oppgåva er frå eit heieområde i Setesdal. I tidlegare tider var det stor aktivitet på heia. Dei mange stølane og slåtteteigane i området i tillegg til gode fiskeplassar og jaktterreng var nødvendige tilskot til gardsdrifta. Då stølsdrifta og heieslåttan vart nedlagt i 1950-åra kom mange stadnamn som hadde vore knytta til denne næringsdrifta ut or bruk og vart etterkvart gløymde.

Kulturminneaspektet er nedfelt i formålparagrafen i lov om stadnamn frå 1990. «Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet (...)». I gjeldande forskrift om stadnamn står det at «Lokale dialektformer kan veljast når særlege grunnar talar for det». Om skrivemåten av stadnamna står dette i lova «(...) skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk (...)». Utviklinga har ført til at normeringspraksisen har endra seg. «Tilrådingane går til dels i meir dialektal lei enn før, samstundes som innarbeidde skriftformer i noko større grad enn før vert sleppte gjennom» (Helleland 1998, s. 156).

2.2. Vallemålet

Vallemålet høyrer til den vestnorske målgruppa. Vallemålet har ikkje jamvekt, ikkje kløyvd infinitiv, ikkje tjukk l eller retrofleksar. Dialekten har nokre få austnorske målføretrekk: Norrn > nn, norr. sl, zl, og tl > sl og norr. fn (vn) > mn (jf. Uppstad 1939, s. 10).

Teorien er ei framstilling av sentrale trekk i vallemålet som er relevant for stadnamn. Alle stadnamn høyrer inn under ordklassen substantiv. I samansette stadnamn er føreleddet enten eit substantiv, adjektiv eller relasjonsord. Substantiva vert dela inn i hankjønn, hokjønn og inkjekjønn og vert bøygde i ubunden og bunden form eintal og fleirtal. Nokre få dialektar, deriblant vallemål, har også kasusformer.

For å svare på problemformuleringa «Korleis vert stadnamna i eit namnetilfang frå Valle i Setesdal normerte i praksis?» må ein undersøkje lydsystemet synkront og diakront og formverket i vallemålet. Uttalen av dei lange vokalane /i/, /y/, /e/, /ø/, /o/ og /u/ har ei særstilling i vallemålet. Den spesielle uttalen av dei lange vokalane vert kalla tviljod eller diftongering. Desse diftongane vert kalla sekundærdiftongar. Alle norrøne lange vokalar, med unntak av /a:/ > /å/, har vorte diftongar. Vokalane /a/, /æ/ og /å/ har vanleg uttale. Dei primære diftongane er /au/, /ei/ og /øy/ som i nynorsk. Den lokale uttalen av ulike typer konsonantar har også lydkombinasjonar som skil seg ut frå gjeldande rettskrivingsreglar. Nokre bøyingsendingar (formverket) for dei ordklassane som vert bruka i stadnamn, substantiv og adjektiv, skil seg ut frå skriftspråket. Alt dette vert utdjupa i teoridelen.

2.2.1. Lydsystemet, synkront

Denne framstillinga viser korleis valldølane uttalar ulike lydar og lydkombinasjonar i dag.

Vokalsystemet og konsonantsystemet-synkront

a) Uttale av korte vokalar

/ i /

Døme: *ain fiske*, *ai kvinn*, *rips*. (Nynorsk: ein fisk, ei kvern, rips).

/ y /

Døme: *ai hytte*, *ai bygd*, *ai bylje*, *ain pytte*, *ain bjynne*, *lyng*. (Nynorsk: ei hytte, ei bygd, ei bylje, ein pytt, ein bjørn, lyng).

/ e /

Døme: *ain heste, ain bekke, vest, ain flekke, ain jerve/ ain erve, ai grense, ait berg, ain heddere, ai kjelle, ait epli.* (Nynorsk: ein hest, ein bekk, vest, ein flekk, ein jerv, ei grense, eit berg, ein heller, ei kjelde, eit eple).

/ ø /

Døme: *ai øsje, ai øks, ai ørn.* (Nynorsk: ei øskje, ei øks, ei ørn).

/ æ /

Døme: *ai ætt.* (Nynorsk: ei ætt).

/ a /

Døme: *ain stakke, ait namn, ait vatn, ain bakkje, ain katte.* (Nynorsk: ein stakk, eit namn, eit vatn, ein bakke, ein katt).

/ å /

Døme: *ain tåppe, ait håpp, ait hålt, ain åste, ain ådde, ain fåsse.* (Nynorsk: ein topp, eit hopp, eit holt, ein ost, ein odde, ein foss).

/ o /

Døme: *ain lond, ait sond, ai floge, ai ofs, ai plomme, tong, odd.* (Nynorsk: ein lund, eit sund, ei fluge, ei ufs, ei plomme, tung, ull).

/ u /

Vallemålet har ikkje kort u.

b) Uttale av lange vokalar

/ i: /

Døme: *ain bi:te, vi:t.* (Nynorsk: ein bete/ lefsebete, vit).

/ y: /

Døme: *ain ry:se, ain hy:le.* (Nynorsk: ein rise, ein høl).

/ e: /

Døme: *ain re:ve, ain ve:ge.* (Nynorsk: ein rev, ein veg).

/ ø: /

Døme: *ai lø:e, smø:r*. (Nynorsk: ei løe, smør).

/ æ: /

Døme: *ai næ:pe, ait fræ:, klæ:i, æ:re*. (Nynorsk: ei nepe, eit frø, klede, ære).

/ a: /

Døme: *ain da:le, ain pa:de, ain hja:si*. (Nynorsk: ein dal, ein benk, ein hare).

/ å: /

Døme: *ain å:se, ai skå:l, ai rå:s, hå:g, ai å:, ain å:såle*. (Nynorsk: ein ås, ei skål, eit ras, høg, ei å, ein asal).

/ o: /

Døme: *ai fo:re, ko:l, ait bro:t, ain fo:le*. (Nynorsk: ei furu, kol, eit brot, ein fole).

/ u: /

Vallemålet har ikkje lang u.

c) Uttale av primære diftongar

/ au /

Døme: *ai ause, ait auga, aust, ain draume, ain saue, ain raune, ain haug*. (Nynorsk: ei ause, eit auga, aust, ein draum, ein sau, ein/ ei rogn, ein haug).

/ei > ai /

Døme: *ai aik, ai hai, ain staine, ai grain, ain aigare, ai klaiv*. (Nynorsk: ei eik, ei hei, ein stein, ei grein, ein eigar, ei kleiv).

/ øy /

Døme: *ai øy, ait øyra, høy, ai løype*. (Nynorsk: ei øy, eit øyra, høy, ei løype).

d) Uttale av sekundære diftongar

/ e: > ei /

Døme: *ai feile, ait trei*. (Nynorsk: ei fele, eit tre).

/ i: > ei /

Døme: *ain eise, ain beile, vein, ain teime, ai veik, ait deikje*. (Nynorsk: ein is, ein bil, vin, ein time, ei vik, eit dike).

/ o: > ou /

Døme: *ai rouse, ai soul, ain houme ai rouve, rjoume, ain skouge, ain stoupe, ai rout, ain moue, ain bounde, ain skouge*. (Nynorsk: ei rose, ei sol, ein holme, ei rove, rjome, ein skog, ein stolpe, ei rot, ein mo, ein bonde, ein skog).

/ u: > eu /

Døme: *an neute, ai eur, ait heus, ain beuskje, ait jeuv*. (Nynorsk: ein nut, ei ur, eit hus, ein busk, eit juv).

/ y: > uy /

Døme: *ai myyr, ai rjuype*. (Nynorsk: ei myr, ei rype).

/ ø: > øy /

Døme: *ai øyrn, øyl, søyt*. (Nynorsk: ei ørn, øl, søt).

e) Uttale av lange konsonantar, konsonantsamband og konsonantforenklingar-synkront

Ulike lydar og lydkombinasjonar i vallemålet som skil seg ut frå skriftspråket, nynorsk

- m > mb. Døme: *Lambetoune*.
- nd > nd. Døme: *Haugelandstaijen*.
- ld > ll. Døme: *Kallevasshaiei, Kalleskarneutan*.
- ft > pt. Døme: *Blåkupta*.
- ll > dd. Døme: *Routafjødd, Houlfjødd, Kjuyrleifjødd*. Ikkje alle ord får -dd. Døme: *Valle*. I samansetnadar vert ll ståande. Døme: *odd* (ull), men *ollgå:n* (ullgarn).

- kn i framlyd får bortfall av /k/ i somme ord. Døme: *ain neive*, *ait ne:t*. (Nynorsk: ein kniv, eit kne).
- /l/ fell bort føre labiale og velare konsonantar. Døme: *Håvtekkja*, *Kå:vedeike*, *Kje:houden*.
- /n/ i rota av eit ord fell bort i samansetnadar. Døme: *Raisstøyl* (Reinsstøyl), *Raisstøylsåne* (Reinsstøylsåni), *Reidalsfjødde* (Reindalsfjellet).
- rn > nn. Døme: *Bjynnevatn*, *Kvinnevatn*..
- sl > sl. Døme: *Lislebeu*, *Lislesond*.

Denne framstillinga av lydsystemet, synkront, viser at det mest spesielle med uttalen av vallemålet er dei mange sekundærdiftongane. Dei norrøne lange vokalane, /e:/ > [ei], /i:/ > [ei], /o:/ > [ou], /u:/ > [eu], /y:/ > [uy], /ø:/ > [øy] har vorte diftongerte, sekundærdiftongar. Dei gamle lange vokalane /e:/ og /i:/ vert båd uttala [ei]. Dei primære diftongane /au/, /ei/ og /øy/ er dei same som i nynorsk, men i vallemål vert den primære diftongen /ei/ > [ai]. Diftongen /øy/ har båd ein primær og ein sekundær variant. I konsonantsystemet er det fleire lydar og lydkombinasjonar som skil seg ut frå skriftspråket. Dei er ikkje vanskelege å skriftfeste eller uttale. Likevel vert få av desse lydane og lydkombinasjonane tekne med i ei skriftform.

I vanleg skrift i Noreg brukar vi berre 29 bokstavteikn. Difor må ofte ein bokstav vere teikn for to eller fleire lydar. Skriftspråket er ikkje rikt nok til å få med alle nyansane i talemålet. I ordet *skogholt* har dei to o-ane ulik uttale, [ou] og [å]. Sekundærdiftongen av /e:/ og /i:/ > [ei] er nok den vanskelegaste lyden å skriftfeste med vanlege bokstavteikn og få korrekt lokal uttale. Døme: *ait trei* (eit tre) og *ain beile* (ein bil).

2.2.2. Lydsystemet, diakront

No ei framstilling av korleis uttalemønsteret i vallemålet har utvikla seg frå norrønt.

Vokalsystemet og konsonantsystemet-diakront

a) Uttale av vokalar og diftongar

Det målmerket som er mest særmerkt for vallemålet er uttalen av vokalane. Dei gamalnorske lange vokalane er diftongerte i vallemålet med unntak av av norrøn lang /a/ > /å/. Dei andre lange vokalane har vorte sekundære diftongar. Det gjeld /i/, /y/, /e/, /ø/, /o/ og /u/. Med vanlege skrifteikn vert det noko slikt som: *Fitei* (Fiti), *Blautegrjotsmuyrei* (Blautegrjotsmyri), *treie* (treet), *Grøynelei* (Grøneli), *Koutestain* (Kotestein) og *Lislebeu* (Lislebu). Dei lange vokalane vert uttala nesten som diftongar. Det er eit av målføremerka som gjer at vallemålet kan vere vanskeleg å forstå for folk som ikkje er vane med å høyre det. Dette målføremerket er også vanskeleg å skriftfeste. Ein ville måtte bruke ei type lydskrift dersom ein vil attgjeve uttalen nøyaktig slik valldølane uttalar stadnamnet. Vokalen /a:/ og dei gamle lange vokalane /æ:/ og /å:/ vert uttala på vanleg måte i vallemålet og kan såleis attgjevast i skriftspråket slik dei vert uttala. Primær diftongane er /au/, /ei/, /øy/ som i nynorsk, men /ei/ > [ai] i vallemål.

Særtrekk ved vallemålet

- Gamalnorske tostavingsord på *all* og *arr* får ei lydjamning der den siste vokalen vert forlenga til /å/, og så har denne å-en drege den første vokalen etter seg slik at den også har vorte lang. Norr. *gamall* > *gamål* > *gámåle*. Døme: *Gámåsbø*. Dersom det var andre vokalar enn /a/ i første staving vart somme dregne eit stykke på veg, norr. *sumar* > *soumári*, norr. *Gunnarr* > *Gounnár*.
- Noko av det eldste i lydsystemet i vallemålet er at dei kan ha lang vokal framføre lang konsonant slik som i gamalnorsk. Norr. *nótt* > *noutt*.
- Dersom vokalen ikkje var lang frå gammalt av har han ofte vorte det. Norr. *svalt* > *svålt*. Nokre av desse orda får bortfall av /l/. Norr. *kalf* > *kålv* > *kåve*. Døme: *Kåvedeike*.
- Det som særmerker vokaluttalen i vallemålet mest er at alle gamle lange vokalar, med unntak av lang /a/ > /å/, har vorte diftongerte. Som oftast har også dei nye lange vokalane vorte diftongerte. Norr. *hlið* > *lei*. Døme: *Grøynelei* (Grøneli). Norr. *mýr* > *muyr*. Døme: *Nikolossismuyran* (Niklossismyran). Norr. *hús* > *heus*. Døme: *Heusebøyvatnet* (Husebøvatnet). Norr. *óss* > *ous*. Døme: *Ousen* (Osen). Norr. *tré* > *trei*. Norr. *sðtr* > *søyte*. Døme: *Søytebekk* (Søtebekk).
- Nokre underlege diftongar har vallemålet fått av vokal + /ð/ særleg framføre klangfør konsonant: Norr. *neðri* > *naire*, norr. *støðull* > *støyle*. Døme: *Nairestøyl* (Nedrestøl).

- I visse tilfelle har dei gamle korte vokalane /e/ og /ø/ vorte til /i/ og /y/ føre lang konsonant eller konsonantsamband. Norr. *kvern* > *kvinn* (kvern), norr. *bjørn* > *bjørn* > *bjynne* (bjørn). Døme: *Lisle Kvinnevatn*, *Lisle Bjynnevatn*.

b) Uttale av lange konsonantar, konsonantsamband og konsonantforenklingar

Uttalen av lange konsonantar, konsonantsamband og konsonantforenklingar vil vere mogleg å skriftfeste dersom ein ynskjer det. Til dømes kan ein skrive *Lisle Bjynnevatn* (Lisle Bjørnevatn) og *Kjehoumen* (Kjeholmen) med dei bokstavane som finst i alfabetet.

Særtrekk ved vallemålet

- Valldølane har halde oppe den gamle uttalen av *nd*, *mb* og *ng* slik at den siste konsonanten kjem greitt fram, *land*, *lamb* og *lang*. Døme: *Haugelandstaijen*, *Lambetoune*, *Langekjynn*.
- *ld* > *ll* norr. *kveld* > *kvell*, norr. *kaldr* > *kall*. Døme: *Kallevassheii*, *Kalleskarnutan*.
- Alt i gamalnorsk tid vart det somme stadar sagt *ft* og somme stadar sagt *pt* i ord som skaft og loft. Vallemålet har *pt*. Døme: *Blåkupta*.
- Likeins vart det i gamalnorsk tid nytta både *fs* og *ps* i ord som ufs og ups. Vallemålet har *fs*. Døme: *Fantufs*, *Hjuringufsi*.
- *ll* > *dd*, norr. *fjall* > *fjødd*. Døme: *Routafjødd*, *Påddefjødd*. Det er ikkje alle ord som får lydovergangen *ll* > *dd*. Døme: *Valle*. I samansetnadar vert *ll* ståande. Døme: *odd* (ull), men *ollgå:n* (ullgarn).
- Eit konsonanttap som er lite kjent andre stadar enn i Setesdal og Vest- Telemark er at *kn* i framlyd får bortfall av /k/ i somme ord. Norr. *knifr* > *neive*, norr. *kné* > *ne:t*.
- Ein /l/ fell bort føre labiale og velare konsonantar. norr. *halfr* > *håve*, norr. *kalfr* > *kåve*, norr. *holmi* > *houme*, norr. *folk* > *foukk*, norr. *mjolk* > *mjàkk*. Døme: *Hå:vtekkja*, *Kå:vedeike*, *Kje:houmen*.
- Ein /n/ som høyrer til i rota av eit ord fell bort i samansetnadar. Døme: *Raisstøyl*.
- *rn* > *nn* norr. *bjørn* > *bjørn* > *bjynn*, norr. *kvern* > *kvinn*. Døme: *Bjynnevatn*, *Kvinnevatn*.
- *tl* > *sl*, norr. *litle* > *lisle*. Døme: *Lislebeu*, *Lislesond*.

Vallemålet har mange særtrekk. Dialekten er kjend for diftongering av dei gamle lange vokalane med unntak av /a:/ > /å/. Det vil seie at vokalane har vorte diftongar. Det spesielle med lydsystemet i vallemålet er uvanlege kombinasjonar av lydar og særleg mange diftongar. Uttalen av lydar og lydkombinasjonar i konsonantsystemet skil seg også ut frå skriftspråket. Bortfallet av /l/ framføre /k/, /g/, /v/, /m/, /p/ og bortfallet av /k/ framføre /n/ i vallemålet liknar på utviklinga i engelsk. Til dømes ser ein denne konsonantforenklinga i folk, calm, knife og knee. Det er ei sjølvstendig lydutvikling i kvart av desse språkssystema, og skuldast ikkje tidlegare kontakt mellom desse landa.

2.2.3. Formverket

Substantiv

Stadnamna er substantiv. Vallemålet er rikt på former. Substantiva har 6 former, 3 i eintal og 3 i fleirtal mot 2 og 2 i nynorsk. Vallemålet har ubunden form, bunden form og bunden form dativ eintal og fleirtal.

Det gamle nominativmerket *r* i hankjønn har halde seg, men lyder berre som ein veik *e*. Dette er ein arv frå gamalnorsken som hadde denne svarabhaktivokalen for å lette uttalen av ord som enda på -r med ein annan konsonant framføre. Døme: Norr. *hestr* vart uttala *hester*. I vallemål er uttalen *heste* med einstavingstoneleg.

Substantiva vert bøygde slik:

Eintal

ubunden form	bunden form	bunden form dativ
<i>ein åse</i>	<i>åsen</i>	<i>åsæ</i>
<i>ei hei</i>	<i>heii</i>	<i>heiin</i>
<i>ei hytte</i>	<i>hytta</i>	<i>hyttun</i>
<i>eit fjødd</i>	<i>fjøddi</i>	<i>fjøddæ</i>

Fleirtal

ubunden form	bunden form	bunden form dativ
<i>ása</i>	<i>ásan</i>	<i>áso</i>
<i>heia</i>	<i>heian</i>	<i>heio</i>
<i>hytto</i>	<i>hytton</i>	<i>hytto</i>
<i>fjødð</i>	<i>fjødði</i>	<i>fjødðo</i>

- Gardsnamn og personnamn vert bøygde som andre substantiv. Døme: *Routa*, men *Dreng Routun*. *Veikjei*, men *Georg Veikjinn*. Etter eit personnamn står gardsnamnet i dativ, sjølv utan preposisjon.
- Gamle nominativsformer har: *ain ljåre*, *snjore* (ein ljå, snø).
- Dativformer kjem ikkje fram i stadnamna.
- Mange ord som sjeldan får omlyd i andre talemål, får omlyd i fleirtal: *vodde- veddi*, *votte- vetti*, *stole- støli*, *ljåre- ljæ*.
- Inkjekjønnsord med *a* i stammen får omlyd i fleirtal slik som i norrønt: *vatn- voutn*, *plass- plouss*, *land- lånd*, *lamb- låmb*. Døme: *Kvinnevatn - Kvinnevoutni*.
- Sterke hokjønnsord som endar på vokal får i dei bøygde formene ein *n* i tillegg, *ai å- åne- æ- æne*. Døme: *Blåsteinsåne*.
- Inkjekjønnsord som endar på rotvokalen får innskote *tt* i bunden form: *høy- høytti*. Denne *tt*-en vert og overført til ubunden form: *høytt* (høy).
- Ulik ending for sterke og svake hokjønnsord bunden form eintal og ubunden og bunden form fleirtal (sjå skjemaet ovanfor med bøyingsmønster for substantiv).

Adjektiv

Adjektiva har fleire former i vallemålet enn i nynorsk. I nynorsk er det likt for hankjønn og hokjønn, i vallemålet har adjektiva ulik form for kvart kjønn: *gåmåle - gåmou - gåmålt*.

hankjønn	hokjønn	inkjekjønn
ein <i>store</i> steine	ei <i>stor</i> myr	eit <i>stort</i> vatn
ein <i>snaue</i> åse	ei <i>snau</i> hei	eit <i>snautt</i> fjødð
ein <i>liten</i> bekke	ei <i>liti</i> bu	eit <i>lite</i> nes

Dersom eit adjektiv som endar på *ng*, *g* eller *k* står til eit substantiv i bunden form, skil det seg ut med ei særskilt form i hankjønn:

hankjønn	hokjønn	inkjekjønn
den <i>hågji</i> nuten	den <i>håge</i> ufsi	det <i>håge</i> fjøddi
den <i>langji</i> vegen	den <i>lange</i> brui	det <i>lange</i> vatni

Av kausformene i adjektiv har nominativ hankjønn halde seg best. Nokre ord som endar med rotvokalen har framleis *r*: *ain gråre heste*. Det vanlege er at *r*-en er utsliten så berre den slakke *e*-en står att slik som i substantiva: norr. *einn kvitr hestr* > *ain kvite heste*.

Adjektiv som har *a* i hankjønn, får *o* i hokjønn. Døme: *flate*-*flout*, *skakke* - *skokk*.

Somme ord med *a* i rota, får omlyd i hokjønn: Døme: *ain bratte veige*, *ai brott klaiv* (ein bratt veg, ei bratt kleiv).

Nokre adjektiv som i rota har *n* i hankjønn, sløyfar *n*-en i hokjønn. Døme: *veine*-*vei*, *seine*-*sei* (ven, sein). Eller ein *i* kjem inn i staden. Døme: *douven* - *douvei*, *galen* – *galei* (doven, galen).

Kapittel 3

Empiri og metode

3.1. Empiri i oppgåva

Empirien i oppgåva er stadnamn på eit utsnitt av kartbladet Urdenosi 1314 I, målestokk 1: 50 000, papirutgåve M 711 utgjeve av Statens kartverk. Tre utgåver av kartutsnittet for Bjørnevatn vert nytta i undersøkinga, 2006 (3.utgåve), 1991 (2.utgåve) og 1970 (1.utgåve). I tillegg vert også turkart for Bjørnevatn frå 2020 (digital versjon) nytta for å vise utviklinga i normeringspraksis i området frå 1970–2020. Det oppdaterte turkartet finn ein på Norgeskart.no. Det er eit offentleg kart med same kartdata som papirutgåvene.

Namnesamlingane til Økonomisk kartverk (1984) og Olav H. Rygnestad (2003) er også viktige når ein skal undersøkje normering av namn i Valle. Fleire lokale representantar har samla inn namn for Økonomisk kartverk. Olav H. Rygnestad (1938–2015) var frå Rygnestad. Han var grunneigar på Bjørnevatn og godt kjend i terrenget der namna er samla. Det er mange særmerkte namn og namn med spesielle dialektord i dei lokale namnesamlingane som ikkje er med på kartet. Det viser at det finst fleire typar namn på Bjørnevatn enn dei ein finn i det primære namnetilfanget på side 34–37. Det er om lag tjue år (1984 og 2003) mellom namnesamlingane til Økonomisk kartverk og Olav H. Rygnestad. Det er interessant å undersøkje om det er ulik normeringspraksis i dei to namnesamlingane. Det er også interessant å undersøkje om det er ulik normeringspraksis på offentlege kart og i dei lokale namnesamlingane.

Sentralt stadnamnregister (SSR) vert bruka som oppslagsverk for registrerte stadnamn for Bjørnevassområdet (kartverket.no). I tillegg til det skriftlege materialet er det lydopptak av lokale informantar med uttale av stadnamn på Bjørnevatn (2018, 2019). Det er for å sikre best mogeleg at nedverd lokal uttale av namna vert korrekt.

Namnetilfanget som vert undersøkt er frå Bjørnevatn, Setesdal austhei i Valle kommune. Bjørnevatn er eit avgrensa heieområde som grensar til Bykle kommune i vest og nord, Tokke kommune i Telemark i aust og nord. Homsheiane i aust og sør. Homsheiane høyrer til Valle kommune, men vert ikkje rekna til Bjørnevatn. Difor er stadnamna frå det området ikkje tekne med i undersøkinga.

Namnetilfanget inneheld 114 stadnamn. Nesten alle stadnamna i namnetilfanget inneheld eit grunnord. Dei fleste er samansette namn. Det er berre elleve usamansette namn. Dei usamansette namna er desse: *Kollen, Kleiv, Hola, Fiti, Strondi, Kvæven, Gjuv, Skard, Buin, Finnsarv og Osen*. Blant dei samansette stadnamna er det mange sekundærnamn. Døme: *Reindalsfjellet, Kaldevassheii, Steindalstjørni, Tørvedalstjørnin, Lauvåsnuten, Gryggjetveittjørni, Husebøvatnet og Ugledalstjørn*. Ingen av dei samansette namna i namnetilfanget er samansette med eit personnamn, eit oppkallingsnamn eller eit samanlikningsnamn. Den største delen er typiske terrengskildrande namn. Dei terrengskildrande namna er samansette med til dømes desse ordledda: *fjell, dal, hei, vatn, tjørn, nut, å, bekk, rist, kvæv, li, holme, ås og myr*.

Sidan dei fleste stadnamna er samansette, utan personnamn, og nokså komplekse, er det eit godt utgangspunkt for å analysere normeringsspørsmål. Blant slike komplekse namn vil ein finne døme på resultat av fleire normeringsprinsipp i eit og same namn. Namnetilfanget er difor godt eigna til å analysere normeringsspørsmål. Det er nettopp det denne oppgåva handlar om, normering av namn i Valle.

På kartbladet utgjeve av Statens kartverk i 2006 av Bjørnevassområdet er det skriftfesta 114 namn. Det er utgangspunkt i undersøkinga for å finne ut korleis stadnamna vert normerte i praksis. Dei 114 stadnamna i namnetilfanget som vert undersøkt, er tilstrekkeleg og representativt for å kunne seie noko om normering av namn i dette området. Mange av dei 114 stadnamna inneheld fleire normeringsspørsmål i eit og same namn. Difor er det mange fleire eksempel på normeringspraksis enn 114 som er talet på namn i namnetilfanget.

For å vise at eit stadnamn kan innehalde fleire normerings spørsmål, vert *Kaldeskarnutan* bruka som døme. Uttale: Kalleskarneutan. Normert skrift, kart: «Kaldeskardnutan». Normert skrift, nynorsk: «Kaldeskardnutane». Namnet *Kaldeskardnutan* kan ein plassere både i gruppa for konsonantforenklingane *ld > ll* og bortfall av /d/, og i gruppa for sekundære diftongar /u:/ > [eu]. Substantivet *nutan* er eit hankjønnsord fleirtal bunden form med endinga *-an*. Det er i samsvar med lokal uttale. Nynorsk har endinga *-ane*. Dette dømet viser at i det eine stadnamnet, *Kaldeskardnutan*, er det minst fire interessante spor av normerings praksis. Mange av dei 114 stadnamna inneheld fleire normeringsproblem. Difor utgjer namnetilfanget eit stort materiale for å kunne seie noko om normerings praksisen. Namnetilfanget er dermed tilstrekkeleg og representativt for dette området.

Utvalet av namn viser korleis stadnamna vert normerte og kartfesta. Ein vil finne ut kva som vert teke med og kva som ikkje vert teke med av lokale særtrekk i normeringa. Utvalet av stadnamn er relevant og eigna til å svare på problemformuleringa om korleis stadnamna i eit namnetilfang frå Valle i Setesdal vert normerte i praksis. Registreringa av korleis stadnamna er normerte på kartet er påliteleg. Papirutgåva av eit offentleg kart utgjeve av Statens kartverk i 2006 vert bruka til det føremålet. Dei normerte skriftformene vert difor registrerte heilt nøyaktig.

For å finne ut om det har vore utvikling i normeringa av stadnamn i dette området, vert kartblada frå 2006 (3. utgåve), 1991 (2. utgåve) og 1970 (1. utgåve) samanlikna med kvarandre. Ein vil då finne ut om det har vore endringar i normerings praksisen i desse trettiseks åra og eventuelt kva type endringar. Lov om stadnamn vart vedteken i 1990 med verknad frå 1991. Det vart også utarbeidd forskrift om stadnamn med verknad frå 1991 (gjeldande forskrift om stadnamn er frå 2017). Lov og forskrift om stadnamn kan ha hatt innverknad på normering av stadnamna på kartbladet frå 2006. Turkart for Bjørnevatn frå 2020 (digital versjon) vert samanlikna med kartet frå 2006 for å finne ut om det har vore endring av skriftformer frå 2006 og fram til i dag. Den digitale versjonen av kartet frå 2020 er eit offentleg kart og har same kartdata som papirutgåvene. Med hjelp av desse fire offentlege karta får ein ei oversikt av normerings praksis i området over ein periode på femti år, 1970–2020.

3.2. Metode. Korleis undersøkinga skal gjerast

For å undersøkje kva utfordringar ein møter når ein skal normere stadnamn i eit namnetilfang frå Valle i Setesdal, må ein bruke ord i stadnamna som studieobjekt. Ein må registrere uttalar av ord i stadnamn og så registrere korleis dei same stadnamna vert normerte og skriftfesta på offentlege kart og korleis dei vert normerte etter gjeldande rettskriving for nynorsk. På eit slikt grunnlag er det mogeleg å få til ein analyse av normeringspraksis. Ein vil då finne ut om det er lagt mest vekt på lokal uttale, etymologi eller gjeldande rettskriving.

1. Lokal uttale, normert skrift på kart og gjeldande rettskriving for nynorsk

For å få oversikt over namnetilfanget er det føremålsteneleg å setje opp eit skjema med tre kolonnar. Normert skrift på kartet, lokal uttale og normert skrift, gjeldande rettskriving for nynorsk. Til undersøkinga vert kartbladet Urdenosi 1413 I frå Statens kartverk utgjeve 2006 (3.utgåve) bruka. Kartbladet er såleis utgjeve etter vedtak av lov om stadnamn i 1990 med verknad frå 1991. Med ei skjematisk framstilling av namnetilfanget, 114 stadnamn frå Bjørnevatn, vil ein få eit inntrykk av om lokal uttale samsvarar med normert skrift på kart og normert skrift, nynorsk.

2. Lydsystemet

a) Uttalar av ord i namn og normering

Den skjematisk framstillinga av namnetilfanget (punkt 1) skal deretter brukast når ein skal undersøkje uttalar av ord i namn og normering. Talemålet er den primære forma av stadnamnet. Difor må ein først registrere den lokale uttalen av stadnamna i namnetilfanget. Stadnamna vert delte inn i sju kategoriar. Ord i namn med korte vokalar, lange vokalar, primære diftongar, sekundære diftongar, lange konsonantar, konsonantsamband og konsonantforenklingar. Kva typar av lydar og lydendingar vert tekne med i normeringa, og kva typar lydar og lydendingar vert ikkje tekne med i normeringa når lokal uttale skil seg ut frå nynorsk. Også i denne framstillinga må ein setje opp kvart stadnamn med uttale og normert skrift både på kart og gjeldande rettskriving for nynorsk.

b) Lydrett normering, forventa normering og diskutabel normering

Når ein skal granske normeringsresultata, kan det vere føremålsteneleg å operere med tre typar: 1. *Lydrett normering* (ortofon skrivemåte), 2. *Forventa normering*, 3. *Diskutabel normering*. Dette må ein gjere for å finne ut korleis stadnamna fordeler seg i kvar av dei tre gruppene. For vallemålet, med mange særtrekk, må ein rekne med at mange av namna i namnetilfanget vil kome i gruppa forventa normering.

3. Formverket

I formverket må ein undersøkje korleis bøyingsendingar i substantiv vert uttala og korleis dei vert normerte. Mange stadnamn er samansette. Ein må då undersøkje korleis samansette stadnamn vert bundne saman med fuger. Ein må også undersøkje om lokal uttale av adjektiv og relasjonsord i samansette namn skil seg ut frå gjeldande rettskriving for nynorsk.

3.2.1. Normert skrift og lokal uttale

Namnetilfanget vert organisert i eit skjema med tre kolonnar, normert skrift på kart, lokal uttale og gjeldande rettskriving for nynorsk. Det vert bruka lydteikn som ligg så nær vanlege bokstavteikn som mogeleg. Dersom ein skulle få heilt nøyaktig attgjeving av uttalen i vallemålet, ville ein måtte bruke ei form for lydskrift. Sidan ein kjem langt med vanlege bokstavar, vert likevel lydteikna som ligg så nær vanlege bokstavar som mogeleg nytta. Slik det også er gjort i standardverket «Norsk stadnamnleksikon». Lang konsonant er markert med dobbelskriving. Lang vokal er markert med kolonteikn etter lydteiknet.

Oppsettet av stadnamna i skjemaet byrjar med namna lengst nord i Bjørnevassområdet. Deretter kjem namna i området ved Store Bjørnevatn og vidare heimover til området ved Lisle Bjørnevatn (på vestsida). Vidare til området heimanfor Lisle Bjørnevatn. Deretter tilbake til områda ved Lisle Bjørnevatn og Store Bjørnevatn (på autsida). Denne rekkjefølgja og nummereringa er valt slik at namna i oppsettet står saman slik som i terrenget.

Normert skrift. Kartbladet Urdenosi, 2006.	Lokal uttale. Uttalenær skrivemåte. Vallemål, Setesdal.	Normert skrift. Gjeldande rettskriving, nynorsk
01. Reindalsfjellet	Raidalsfjødde	Reindalsfjellet
02. Grjotdalen	Grjoutdalen	Grjotdalen
03. Kaldevassheii	Kallevasshaiei	Kaldevassheia
04. Austmandalen	Austmandalen	Austmandalen
05. Kollen	Kådden	Kollen
06. Kleivsvatn	Klaivsvatn	Kleivsvatn
07. Kleivstjørn	Klaivskjynn	Kleivstjørn
08. Midtfjell	Mittfjødd	Midtfjell
09. Øyrevatn	Øyrevatn	Øyrevatn
10. Holfjell	Houlfjødd	Holfjell
11. Steindalstjørni	Staidalskjynnei	Steindalstjørna
12. Steineheii	Stainehaiei	Steineheia
13. Raudrote	Rauroute	Raudrote
14. Kaldeskardnutan	Kalleskarneutan	Kaldeskardnutane
15. Tørvedalstjørnin	Tyrvedalskjynnin	Tørvedalstjørnene
16. Tørvedalen	Tyrvedalen	Tørvedalen
17. Tørvestøyl	Tyrvestøyl	Tørvestøl
18. Tørvåni	Tyrvåne	Tørvåa
19. Reidalsristi	Raidalsristei	Reidalsrista
20. Kleivsnuten	Klaivsnuten	Kleivsnuten
21. Kleiv	Klaiv	Kleiv
22. Reinsstøylsåni	Raisstøylsåne	Reinsstølsåa
23. Reinsstøyl	Raisstøyl	Reinsstøl
24. Gjevarbekken	Je:va:rbekkjen	Gjevarbekken
25. Bjørnevannshytta	Bjynnevasshytta	Bjørnevannshytta
26. Hola	Houla	Hola
27. Sandebekken	Sandebekkjen	Sandebekken
28. Listøyl	Leistøyl	Listøl
29. Nystøyl	Nuystøyl	Nystøl

30. Grytestøyl	Gruytestøyl	Grytestøl
31. Grytekvæven	Gruytekvæ:ven	Grytekvelden
32. Grytåni	Gruytåne	Gtytåna
33. Kyrelifjell	Kjuyrleifjødde	Kyrelifjell
34. Kyrelitjørni	Kjuyrleikjynnei	Kyrelitjørna
35. Kyreli	Kjuyrlei	Kyreli
36. Store Bjørnevatn	Stoure Bjinnevatn	Store Bjørnevatn
37. Kjeeholmen	Kje:houden	Kjeholmen
38. Lauvås	Lauvå:s	Lauvås
39. Ryseklyvi	Ry:seklyvei	Riseklyvet
40. Lauvåsnuten	Lauvå:sneuten	Lauvåsnuten
41. Skarkestøyl	Skarkestøyl	Skarkestøl
42. Skarketjørnin	Skarkekjynnin	Skarketjørnene
43. Rotastøl	Routastøyl	Rotastøl
44. Rotafjellet	Routafjødde	Rotafjellet
45. Mjågeskor	Mjå:geskour	Mjågeskard
46. Poddefjellet	Påddefjødde	Poddefjellet
47. Mørketjørnsristi	Mørkekjynnsristei	Mørketjørnsrista
48. Mørketjørn	Mørkekjynn	Mørketjørn
49. Hossehammen	Håssehammen	Hossehammen
50. Fiti	Fi:tei	Fiti
51. Fitebekken	Fi:tebekkjen	Fitebekken
52. Lislebu	Lislebeu	Lislebu
53. Slettestøylfjellet	Slettestøylfjødde	Slettestølfjellet
54. Slettestøyl	Slettestøyl	Slettestøl
55. Dammenuten	Dammeneuten	Dammenuten
56. Store Kvernvatnet	Stoure Kvinnevatn	Store Kvernvatnet
57. Lisle Kvernvatnet	Lisle Kvinnevatn	Vesle Kvernvatnet
58. Kvernåni	Kvinnåne	Kvernåa
59. Strondi	Stråndei	Stranda
60. Lisle Bjørnvatnet	Lisle Bjinnevatn	Vesle Bjørnvatnet
61. Njupås	Njeupå:s	Njupås
62. Voglumtveit	Vågglommtvait	Voglumtveit

63. Øybø	Øybøy	Øybø
64. Vasstøl	Vasstøyl	Vasstøl
65. Vasstøylsåni	Vasstøylsåne	Vasstølsåa
66. Edlandsfossen	Æ:dansfåssen	Edlandsfossen
67. Strandeheii	Strandehaiei	Strandeheia
68. Gryggjetveit	Gryggjetvait	Gryggjetveit
69. Gryggjetveittjørni	Gryggjetvaitkjynnei	Gryggjetveittjørna
70. Hesttjørn	Hestkjynn	Hesttjørn
71. Kvæven	Kvæ:ven	Kvelven
72. Slumstjørn	Slommskjynn	Slumstjørn
73. Slumsstøyl	Slommsstøyl	Slumsstøl
74. Gjuv	Jeuu	Juv
75. Skard	Ska:r	Skard
76. Langemyr	Langemuyr	Langemyr
77. Farkoddtjørni	Farkåddkjynnei	Farkoddtjørna
78. Bakkebui	Bakkebeuei	Bakkebua
79. Veiåjuvet	Vaiåjeuve	Veiåjuvet
80. Buin	Beuin	Buene
81. Husebøåni	Heusebøyåne	Husebøåa
82. Husebøvatnet	Heusebøyvatne	Husebøvatnet
83. Husebø	Heusebøy	Husebø
84. Rindebakken	Rindebakkjen	Rindebakken
85. Storrlitjørni	Stårrleikjynnei	Storrlitjørna
86. Undermigtjørn	Ondemi:gtkjynn	Undermigtjørn
87. Langemyråsen	Langemuyrå:sen	Langemyråsen
88. Brakamo	Bra:kamou	Brakamo
89. Brakamodalen	Bra:kamoudalen	Brakamodalen
90. Vierdalen	Veierdalen	Vierdalen
91. Håvestøyl	Hå:vestøyl	Håvestøl
92. Finnsarv	Finnsarv	Finnsarv
93. Torvikvatnet	Tå:rveikvatne	Torvikvatnet
94. Torvikheii	Tå:rveikhaiei	Torvikheia
95. Torvik	Tå:rveik	Torvik

96. Nyestøyl	Nuyestøyl	Nyestøl
97. Revstjørni	Re:fskjynnei	Revstjørna
98. Revstjørnbui	Re:fskjynnbeuei	Revstjørnbua
99. Revstjørnnapen	Re:fskjynna:pen	Revstjørnnapen
100. Kalland	Kaddan	Kalland
101. Hjåmestøyl	Jå:mestøyl	Hjåmestøl
102. Ugedalen	Ogedalen	Ugedalen
103. Uglåni	Oglåne	Uglåa
104. Ugedalstjørn	Ogedalskjynn	Ugedalstjørn
105. Risebordet	Ry:seboure	Risebordet
106. Skjulsbekk	Sjeulsbekk	Skiljebekk
107. Osdokki	Ousdåkkjei	Osdokka
108. Osen	Ousen	Osen
109. Strandenuten	Strandeneuten	Strandenuten
110. Vermålsåsen	Vermå:lså:sen	Vermålsåsen
111. Fantufs	Fantufs	Fantufs
112. Osstøyl	Ousstøyl	Osstøl
113. Mjåbu	Mjå:beu	Mjåbu
114. Strandestøylen	Strandestøylen	Strandestølen

Kort oppsummering av resultatet

Oppsettet av namnetilfanget frå Valle i Setesdal viser at det er stort samsvar mellom normert skrift på kartet (2006) og gjeldande rettskriving i nynorsk. Når det gjeld lydsystemet, er det ikkje teke mykje omsyn til den nedervde lokale uttalen. Når skriftforma av eit stadnamn i lokal uttale skil seg ut frå skriftspråket, har Kartverket stort sett halde seg til normert skrift med gjeldande rettskriving for nynorsk. Når det gjeld formverket, bøyingsendingane i substantiv bunden form eintal og fleirtal, er det stort samsvar mellom normert skrift på kartet og lokal uttale også når bøyingsmønsteret i uttalen skil seg ut frå skriftspråket. Resultatet av undersøkinga, både lydsystem og formverk, vert spesifisert og utdjupa seinare i oppgåva.

3.2.2. Uttalar av ord i namn og normering

Nummeret i parantes, etter normert skrift, kart og stadnamnet, viser til skjemaet side 34–37.

Korte vokalar i trykksterk staving

/i/

Uttale: Finnsarv. Normert skrift, kart: Finnsarv (92). Normert skrift, nynorsk: Finnsarv

Uttale: Lislebeu. Normert skrift, kart: Lislebu (52). Normert skrift, nynorsk: Veslebu.

/y/

Uttale: Tyrvedalen. Normert skrift, kart: Tørvedalen (16). Normert skrift, nynorsk: Tørvedalen.

Uttale: Tyrvedalskjynnin. Normert skrift, kart; Tørvedalstjørnin (15). normert skrift, nynorsk: Tørvedalstjørnene.

Uttale: Tyrvestøyl. Normert skrift, kart: Tørvestøyl (17). Normert skrift, nynorsk: Tørvestøl.

Uttale: Tyrvåne. Normert skrift, kart: Tørvåni (18). Normert skrift, nynorsk: Tørvåa.

/e/

Uttale: Hestkjynn. Normert skrift, kart: Hesttjørn (70). Normert skrift, nynorsk: Hesttjørn.

/ø/

Uttale: Mørkekjynn. Normert skrift, kart: Mørketjørn (48). Normert skrift, nynorsk: Mørketjørn.

Uttale. Mørkekjynnsristei. Normert skrift, kart: Mørketjørnristi (47). Normert skrift, nynorsk: Mørketjørnrista.

/æ/ -

/a/

Uttale: Farkåddkjynnei. Normert skrift, kart: Farkoddtjørn (77). Normert skrift, nynorsk: Farkoddtjørna.

Uttale: Kallevasshaiei. Normert skrift, kart: Kaldevassheii (3). Normert skrift, nynorsk: Kaldevassheia.

Uttale: Skarkekjynnin. Normert skrift, kart: Skarketjørnin (42). Normert skrift, nynorsk. Skarketjørnane.

Uttale: Skarkestøyl. Normert skrift, kart: Skarkestøyl (41). Normert skrift, nynorsk: Skarkestøl.

Uttale: Strandehaiei. Normert skrift, kart: Strandeheii (67). Normert skrift, nynorsk: Strandeheia.

Uttale: Strandeneuten. Normert skrift, kart: Strandenuten (109). Normert skrift, nynorsk: Strandenuten.

Uttale: Strandestøylen. Normert skrift, kart: Strandestøylen (114). Normert skrift, nynorsk: Strandestølen.

Uttale: Vasstøyl. Normert skrift, kart: Vasstøl (64). Normert skrift, nynorsk: Vasstøl.

Uttale: Vasstøylsåne. Normert skrift, kart: Vasstøylsåni (65). Normert skrift, nynorsk: Vasstølsåa.

/å/

Uttale: Håssehammen. Normert skrift, kart: Hossehammen (49). Normert skrift, nynorsk: Hossehammen.

Uttale: Pådde fjødde. Normert skrift, kart: Poddefjellet (46). Normert skrift, nynorsk: Poddefjellet.

Uttale: Stråndei. Normert skrift, kart: Strondi (59). Normert skrift, nynorsk: Stranda.

/o/

Uttale: Ogledalen. Normert skrift, kart: Ugledalen (102). Normert skrift, nynorsk: Ugledalen.

Uttale: Ogledalskjynn. Normert skrift, kart: Ugledalstjørn (104). Normert skrift, nynorsk: Ugledalstjørn.

Uttale: Oglåne. Normert skrift, kart: Uglåni (103). Normert skrift, nynorsk: Uglåa.

Uttale: Slømmskjynn. Normert skrift, kart: Slumstjørn (72). Normert skrift, nynorsk: Slumstjørn.

Uttale: Slømmsstøyl. Normert skrift, kart: Slumsstøyl (73). Normert skrift, nynorsk: Slumsstøl.

/u/ -

Lange vokalar i trykksterk staving

/i:/

Uttale: Fi:tei. Normert skrift, kart: Fiti (50). Normert skrift, nynorsk: Fiti.

Uttale: Fi:tebekkjen. Normert skrift, kart: Fitebekken (51). Normert skrift, nynorsk: Fitebekken.

Uttale: Ondemi:gtkjynn. Normert skrift, kart: Undermigjtjørn (86). Normert skrift, nynorsk: Undermigjtjørn.

/y:/

Uttale: Ry:seboure. Normert skrift, kart: Risebordet (105). normert skrift, nynorsk: Risebordet.

Uttale: Ry:seklyvei. Normert skrift, kart: Ryseklyvi (39). normert skrift, nynorsk: Riseklyvet.

/e:/

Uttale: Je:va:rbekkjen. Normert skrift, kart: Gjevarbekken (24). Normert skrift, nynorsk: Gjevarbekken.

Uttale: Kje:houden. Normert skrift, kart: Kjeeholmen (37). Normert skrift, nynorsk: Kjeholmen.

Uttale: Re:fskjynnei. Normert skrift, kart: Revstjørni (97). Normert skrift, nynorsk: Revstjørna.

Uttale: Re:fskjynnbeuei. Normert skrift, kart: Revstjørnbui (98). Normert skrift, nynorsk: Revstjørnbua.

Uttale: Re:fskjynna:pen. Normert skrift, kart: Revstjørnnapen (99). Normert skrift, nynorsk: Revstjørnnapen.

/ø:/ -

/æ:/

Uttale: Grytekvæ:ven. Normert skrift, kart: Grytekvæven (31). Normert skrift, nynorsk: Grytekelven.

Uttale: Kvæ:ven. Normert skrift, kart: Kvæven (71). Normert skrift, nynorsk: Kvelven.

/a:/

Uttale: Bra:kamou. Normert skrift, kart: Brakamo (88). Normert skrift, nynorsk: Brakamo.

Uttale: Bra:kamoudalen. Normert skrift, kart: Brakamodalen (89). Normert skrift, nynorsk: Brakamodalen.

Uttale: Ska:r. Normert skrift, kart: Skard (75). Normert skrift, nynorsk: Skard.

/å:/

Uttale: Mjå:beu. Normert skrift, kart: Mjåbu (113). Normert skrift, nynorsk: Mjåbu.

Uttale: Mjå:geskour. Normert skrift, kart: Mjågeskor (45). Normert skrift, nynorsk: Mjågeskard.

Uttale: Tå:rveik. Normert skrift, kart: Torvik (95). Normert skrift, nynorsk: Torvik.

Uttale. Tå:rveikhaiei. Normert skrift, kart: Torvikheii (94). Normert skrift, nynorsk: Torvikheia.

Uttale: Tå:rveikvatne. Normert skrift, kart: Torvikvatnet (93). Normert skrift, nynorsk: Torvikvatnet.

Uttale: Vermå:lså:sen. Normert skrift, kart: Vermålsåsen (110). Normert skrift, nynorsk: Vermålsåsen.

Primære diftongar

/au/

Uttale: Austmannalden. Normert skrift, kart: Austmannalden (4). Normert skrift, nynorsk: Austmannalden.

Uttale: Lauvå:s. Normert skrift, kart: Lauvås (38). Normert skrift, nynorsk: Lauvås.

Uttale: Lauvå:sneuten. Normert skrift, kart: Lauvåsnuten (40). Normert skrift, nynorsk: Lauvåsnuten.

Uttale: Rauroute. Normert skrift, kart: Raudrote (13). Normert skrift, nynorsk: Raudrote.

/ei > ai/

Uttale: Klaiv. Normert skrift, kart: Kleiv (21). Normert skrift, nynorsk: Kleiv.

Uttale: Klaivskjynn. Normert skrift, kart: Kleivstjørn (7). Normert skrift, nynorsk: Kleivstjørn.

Uttale: Klaivsneuten. Normert skrift, kart: Kleivsnuten (20). Normert skrift, nynorsk: Kleivsnuten.

Uttale: Klaivsvatn. Normert skrift, kart: Kleivsvatn ((6). Normert skrift, nynorsk: Kleivsvatn.

Uttale: Raidalsristei. Normert skrift, kart: Reidalsristi (19). Normert skrift, nynorsk: Reidalsrista.

Uttale: Staidalskjynnei. Normert skrift, kart: Steindalstjørni (11). Normert skrift, nynorsk: Steindalstjørna.

Uttale: Stainehaiei. Normert skrift, kart: Steineheii (12). Normert skrift, nynorsk: Steineheia.

/øy/

Uttale: Hå:vestøyl. Normert skrift, kart: Håvestøyl (91). normert skrift, nynorsk: Håvestøl.

Uttale: Øybøy. Normert skrift, kart: Øybø (63). Normert skrift, nynorsk: Øybø.

Uttale: Øyrevatn. Normert skrift, kart: Øyrevatn (9). Normert skrift, nynorsk: Øyrevatn.

Sekundære diftongar

/i: > ei/

Uttale: Leistøyl. Normert skrift, kart: Listøyl (28). Normert skrift, nynorsk: Listøl.

Uttale: Veierdalen. Normert skrift, kart: Vierdalen (90). Normert skrift, nynorsk: Vierdalen.

/y: < uy/

Uttale: Gruytestøyl. Normert skrift, kart: Grytestøyl (30). Normert skrift, nynorsk: Grytestøl.

Uttale: Gruytåne. Normert skrift, kart: Grytåni (32). Normert skrift, nynorsk: Grytåa.

Uttale. Kjuyrlei. Normert skrift, kart: Kyreli (35). Normert skrift, nynorsk: Kyreli.

Uttale: Kjuyrleikjynnei. Normert skrift, kart. Kyrelitjørni (34). Normert skrift, nynorsk.

Kyrelitjørna.

Uttale: Langemuyr. Normert skrift, kart: Langemyr (76). Normert skrift, nynorsk: Langemyr.

Uttale: Langemuyrå:sen. Normert skrift, kart: Langemyråsen (87). Normert skrift, nynorsk: Langemyråsen.

Uttale: Nuyestøyl. Normert skrift, kart: Nyestøyl (96). Normert skrift, nynorsk: Nyestøl.

Uttale: Nuystøyl. Normert skrift, kart: Nystøyl (29). Normert skrift, nynorsk: Nystøl,

Uttale. Veierdalen. Normert skrift, kart: Vierdalen (90). Normert skrift, nynorsk: Vierdalen.

/e: > ei/ -

/ø: > øy/ -

/o: > ou/

Uttale: Grjoutdalen. Normert skrift, kart: Grjotdalen (2). Normert skrift, nynorsk: Grjotdalen.

Uttale: Houla. Normert skrift, kart: Hola (26). Normert skrift, nynorsk: Hola.

Uttale: Houlfjødd. Normert skrift, kart: Holfjell (10). Normert skrift, nynorsk: Holfjell.

Uttale: Ousen. Normert skrift, kart: Osen (108). Normert skrift, nynorsk: Osen.

Uttale. Ousdåkkjei. Normert skrift, kart. Osdokki (107). Normert skrift, nynorsk: Osdokka.

Uttale. Ousstøyl. Normert skrift, kart: Osstøyl (112). Normert skrift, nynorsk: Osstøl.

Uttale: Routastøyl. Normert skrift, kart: Rotastøl (43). Normert skrift, nynorsk: Rotastøl.

/u: > eu/

Uttale: Beuin. Normert skrift, kart: Buin (80). Normert skrift, nynorsk: Buene.

Uttale: Heusebøy. Normert skrift, kart: Husebø (83). Normert skrift, nynorsk: Husebø.

Uttale: Heusebøyvatne. Normert skrift, kart: Husebøvatnet (82). Normert skrift, nynorsk: Husebøvatnet.

Uttale: Heusebøyåne. Normert skrift, kart: Husebøåni (81). Normert skrift, nynorsk: Husebøåa.

Uttale: Jevv. Normert skrift, kart, Gjuv (74). Normert skrift, nynorsk: Juv.

Uttale: Njeupå:s. Normert skrift, kart: Njupås (61). Njupås.

Uttale: Skjeulsbekk. Normert skrift, kart: Skjulsbekk (106). Normert skrift, nynorsk: Skiljebekk.

Uttale: Vaiåjeuve. Normert skrift, kart: Veiåjuvet (79). Normert skrift, nynorsk: Veiåjuvet.

Lange konsonantar

/gg/

Uttale: Gryggjetvait. Normert skrift, kart: Gryggjetveit (68). Normert skrift, nynorsk: Gryggjetveit.

Uttale: Gryggjetvaitkjynnei. Normert skrift, kart. Gryggjetveittjørni (69). Normert skrift, nynorsk: Gryggjetveittjørna.

/kk/

Uttale: Bakkebeuei. Normert skrift, kart: Bakkebui (78). Normert skrift, nynorsk: Bakkebua.

Uttale: Rindebakkjen. Normert skrift, kart: Rindebakken (84). Normert skrift, nynorsk: Rindebakken.

Uttale: Sandebekkjjen. Normert skrift, kart: Sandebekken (27). Normert skrift, nynorsk: Sandebekken.

/ll > dd/

Uttale: Kaddan. Normert skrift, kart: Kalland (100). Normert skrift, nynorsk: Kalland.

Uttale: Kjuyrleifjødd. Normert skrift, kart: Kyrelifjell (33). Normert skrift, nynorsk: Kyrelifjell.

Uttale. Kådden. Normert skrift, kart. Kollen (5). Normert skrift, nynorsk: Kollen.

Uttale. Routafjødde. Normert skrift, kart: Rotafjellet (44). Normert skrift, nynorsk: Rotafjellet.

/mm/

Uttale: Dammeneuten. Normert skrift, kart: Dammenuten (55). Normert skrift, nynorsk: Dammenuten.

Uttale. Vågglommtvait. Normert skrift, kart: Voglumtveit (62). Normert skrift, nynorsk: Voglumtveit.

/rr/

Uttale. Stårleikjynnei. Normert skrift, kart: Storrlitjørni (85). Normert skrift, nynorsk: Storrlitjørna.

/ss/

Uttale. Æ:dansfåssen. Normert skrift, kart: Edlandsfossen (66). Normert skrift, nynorsk: Edlandsfossen.

/tt/

Uttale: Slettestøyl. Normert skrift, kart: Slettestøyl (54). Normert skrift, nynorsk: Slettestøl.

Uttale: Slettestøylfjødde. Normert skrift, kart: Slettestøylfjellet (53). Normert skrift, nynorsk: Slettestøylfjellet.

Konsonantsamband

/fs/

Uttale: Fantufs. Normert skrift, kart: Fantufs (111). Normert skrift, nynorsk: Fantufs.

/sl/

Uttale: Lisle Bjynnevatn. Normert skrift, kart: Lisle Bjørnvatnet (60). Normert skrift, nynorsk: Vesle Bjørnvatnet.

Uttale: Lisle Kvinnevatn. Normert skrift, kart: Lisle Kvernvatnet (57). Normert skrift, nynorsk: Vesle Kvernvatnet.

Konsonantforenklingar

/dt > tt/

Uttale: Mittfjødd. Normert skrift, kart: Midtfjell (8). Normert skrift, nynorsk: Midtfjell.

/hj < j/

Uttale: Jå:mestøyl. Normert skrift, kart: Hjåmestøyl (101). Normert skrift, nynorsk: Hjåmestøl.

/ld > ll/

Uttale: Kalleskarneutan. Normert skrift, kart: Kaldeskardnutan (14). Normert skrift, nynorsk: Kaldeskardnutane.

/bortfall av n/

Uttale: Raidalsfjødde. Normert skrift, kart: Reindalsfjellet (1). Normert skrift, nynorsk: Reindalsfjellet.

Uttale. Raisstøyl. Normert skrift, kart. Reinsstøyl (23). Normert skrift, nynorsk: Reinsstøl.

Uttale: Raisstøylsåne. Normert skrift, kart: Reinsstøylsåni (22). Normert skrift, nynorsk: Reinsstølsåa.

/rn > nn/

Uttale: Bjynnevasshytta. Normert skrift, kart: Bjørnevannshytta (25). Normert skrift, nynorsk. Bjørnevannshytta.

Uttale: Kvinnåne. Normert skrift, kart: Kvernåni (58). Normert skrift, nynorsk: Kvernåa.

Uttale: Stoure Bjynnevatn. Normert skrift, kart: Store Bjørnevatn (36). Normert skrift, nynorsk: Store Bjørnevatn.

Uttale: Stoure Kvinnevatn. Normert skrift, kart: Store Kvernvatnet (56). Normert skrift, nynorsk: Store Kvernvatnet.

3.2.3. Lydrett, forventa og diskutabel normering

Ein må take utgangspunkt i dei 114 stadnamna i namnetilfanget (s. 34–37). Dei normerte skriftformene på kartet frå 2006 vert delte inn i tre typar normering for å finne ut korleis namna fordeler seg i gruppene, 1. Lydrett normering (ortofon skrivemåte), 2. Forventa normering, 3. Diskutabel normering.

1. Lydrett normering (ortofon skrivemåte)

Berre 11 av 114 namn har lydrett normering (ortofon skrivemåte). At eit og same stadnamn kan innehalde fleire normeringsspørsmål gjer normeringa ekstra vanskeleg. For at lokal uttale og normert skrift på kartet (2006) skal få likt skriftbilete, må alle normeringsspørsmåla i namnet vere innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Det fører til at berre ei lita gruppe namn har lydrett normering (ortofon skrivemåte).

2. Forventa normering

a) Sekundære diftongar, norrøn lang vokal > sekundær diftong

Det er forventa at sekundære diftongar ikkje vert tekne med i normeringa. Av dei 114 namna har 61 namn sekundær diftong. Då er sekundære diftongar både i ord i namn og bøyingsending tekne med. Namn med sekundær diftong/ sekundære diftongar utgjer over 50% av namnetilfanget. At over halvparten av stadnamna i namnetilfanget har sekundære diftongar viser at dette særtrekket ved vallemålet er svært sentralt.

Av desse 61 namna har sytten namn sekundær diftong i bøyingsendinga. I lokal uttale og normert skrift på kartet frå 2006 får sterke hokjønnsord bunden form eintal endinga *-i*. I lokal uttale vert /i:/ > [ei]. Døme: *Bakkebeuei*, *Ry:seklyvei* (normert skrift, kart 2006: *Bakkebui*, *Rysekyvi*). Av desse 61 namna er det ti namn som har to sekundære diftongar i seg. Då er

både ord i namn og bøyingsending tekne med. Døme: *Kjuyrleikjynnei*, *Ousdåkkjei* (normert skrift, kart 2006: Kyrelitjørni, Osdokki).

Det er nøye korrespondanse mellom systemet i tale og systemet i skrift. Lange vokalar i skrift svarar til bestemte diftongar i tale. Dei norrøne lange vokalane, utanom å, har vorte diftongerte i vallemålet. Det er dei sekundære diftongane, /i:/ > [ei], /y:/ > [uy], /e:/ > [ei], /ø:/ > [øy], /o:/ > [ou], /u:/ > [eu]. Dei mange sekundære diftongane i vallemålet ville føre til store problem dersom dei skulle takast med i normering av namn på offentlege kart. Det ville vere vanskeleg å attgjeve den lokale uttalen heilt korrekt med dei vanlege bokstavteikna. Stadnamna kunne og verte vanskelege å lese og forstå for dei som ikkje kjenner dialekten. Dette sentrale særtrekket ved vallemålet har sin plass i munnleg kommunikasjon og ikkje i skrift. Det er difor forventa at sekundære diftongar ikkje vert tekne med i normeringa. Det er heller ikkje innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

b) Primær diftong, lydendring /ei/ > [ai]

Det er forventa at lydendringa /ei/ > [ai] for primær diftong ikkje vert teken med i normeringa. Døme: *Gryggjetvait*, *Klaivsvatn* (kart, 2006: Gryggjetveit, Kleivsvatn). Det er heller ikkje innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

c) Kort vokal i trykksterk staving, lydendringane /o/ > /å/ og /u/ > /o/

Det er forventa at lydendringane /o/ > /å/ og /u/ > /o/ ikkje vert tekne med i normeringa. Døme: *Æ:dansfåssen* og *Ogledalen* (kart, 2006: Edlandsfossen og Ugledalen). Det er heller ikkje innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

d) Konsonantsambandet *sl*

Det er forventa at konsonantsambandet *sl* har kome med i normeringa. Døme: *Lislebeu* (kart, 2006: Lislebu). Det er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Derimot har ikkje den sekundære diftongen /u:/ > [eu] vorte teken med i normeringa. Det er ikkje innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

e) Bortfall av /l/ føre labiale og velare konsonantar

Det er forventa at dette særtrekket ved vallemålet ikkje vert teke med i normeringa. Døme: *Kje:houmen* (kart, 2006: Kjeeholmen). Det er ikkje innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

f) Bortfall av /n/ i rota av eit ord i samansette namn

Det er forventa at dette særtrekket ved vallemålet ikkje vert teke med i normeringa. Døme: *Reisstøyl* (kart, 2006: Reinsstøyl). Det er ikkje innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

g) Namn med spesielle dialektord

Etter normeringstradisjonen er det vanleg å leggje sterkt avvikande dialektformer nært opp til uttale. Det er difor forventa at desse lokale formene vert tekne med i normeringa. Døme: *Kvæven, Grytekvæven, Ryseklyvi* (kart, 2006: Kvæven, Grytekvæven, Ryseklyvi). Det er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Derimot vert ikkje den sekundære diftongen /y:/ > [uy] i *Grytekvæven* teken med i normeringa. I namnet *Ryseklyvi* vert ikkje den sekundære diftongen /i:/ > [ei] i bøyingsendinga teken med. Det er ikkje innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

Det er forventa at skriftforma *støyl* (nynorsk: støl) vert teken med i normeringa. Med den skriftforma viser nedervd lokal uttale seg i normeringa. Det er lang tradisjon for å normere ordet støl. Det er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

3. Diskutabel normering

Normering av namn i denne gruppa kan diskuterast. Det er fleire gradar av diskutabal normering. Nokre av skriftformene bør utan tvil verte tekne med i normeringa. For andre skriftformer er det meir usikkert om dei bør verte tekne med i normeringa. Det kan diskuterast. Lov og forskrift om stadnamn har ikkje alltid absolutte krav til korleis eit stadnamn skal skrivast. Når Kartverket saman med namnekonulentane bestemmer om lokal

uttale bør takast med eller ikkje i normeringa, er det fleire faktorar som spelar inn. Lov og forskrift om stadnamn har reglar for korleis lova skal handhevast, men det er rom for skjønn.

a) Kort vokal i trykksterk staving, lydendringane /ø/ > /y/ og /e/ > /i/

Normerte skriftformer som er diskutabile, er skriftformer med lydendringane /ø/ > /y/ og /e/ > /i/. Ein finn namn med desse lydendringane i namnesamlingane med lokale innsamlarar, men ikkje i normert skrift på kartet frå 2006. Døme: *Tyrvestøyl*, *Store Kvinnevatn* (kart, 2006: *Tørvestøyl*, *Store Kvernvatnet*). Dei dialektneare formene av namna er ikkje vanskelege å skriftfeste eller lese. Konsonantforenklinga rn > nn er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn, kvern > kvinn. Ein kan velje om ein vil skrive fyrst eller først, eit ynske eller eit ønske i gjeldande rettskriving for nynorsk. Då skulle ein tru at ein også kunne skrive *Tyrvestøyl*. Fleire faktorar talar for at dei dialektneare formene av namna bør skriftfestast på kartet. I gjeldande lov og forskrift om stadnamn er det rom for skjønn.

b) Skriftformene *fjell* og *tjørn*

Skriftformene *fjell* og *tjørn* er absolutt diskutabile. Dei bør erstattast av dei dialektneare formene *fjødd* og *tjønn*. Kvifor dei ikkje allereie står på kartet er meir enn underleg. Både den sterkt avvikande dialektforma *fjødd* og konsonantforenklinga rn > nn, *tjørn* > *tjønn* er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Likevel har Kartverket valt skriftformene *fjell* og *tjørn* i samsvar med gjeldande rettskriving for nynorsk. Av namnetilfanget på 114 namn er det sju namn med *fjell* og fjorten namn med *tjørn* på kartet frå 2006.

3.2.4. Nokre merknader om formverket

Bøyingsendingar i substantiv

For å finne ut om lokal uttale av bøyingsendingane i substantiv, bunden form eintal og fleirtal, er i samsvar med normert skrift på kartet frå 2006 må ein undersøkje bøyingsendingane i namnetilfanget (s. 34–37).

Hankjønnsord bunden form eintal har endinga *-en* både normert skrift på kartet, lokal uttale og normert skrift nynorsk. Døme: *Grjotdalen, Kleivsnuten, Gjevvarbekken*. Sterke hokjønnsord bunden form eintal får endinga *-i* normert skrift på kartet og lokal uttale, men endinga *-a* normert skrift nynorsk. Døme: *Kaldevassheii, Ryseklyvi, Revstjørni*. Kartbladet i denne undersøkinga er frå 2006. Då var *a*-ending hovudform og *i*-ending sideform [klammeform] for sterke hokjønnsord, bunden form eintal i gjeldande rettskriving for nynorsk. Med 2012-reformen for nynorsk er berre *a*-ending tillete. Svake hokjønnsord bunden form eintal får endinga *-a* både normert skrift på kartet, lokal uttale og normert skrift nynorsk. Døme: *Bjørnevannshytta, Hola*. Inkjekjønnsord bunden form eintal får endinga *-et* både i normert skrift på kartet og gjeldande rettskriving for nynorsk, men endinga *-e* i lokal uttale. Døme: *Reindalsfjellet, Veiågsjuvet, Husebøvatnet*.

Hankjønnsord bunden form fleirtal får endinga *-an* normert skrift på kartet og lokal uttale, men endinga *-ane* normert skrift nynorsk. Døme: *Kaldeskardnutan*. Sterke hokjønnsord bunden form fleirtal får endinga *-in* normert skrift kart og lokal uttale, men endinga *-ene* normert skrift nynorsk. Døme: *Tørvedalstjørnin, Skarketjørnin*. I oppsettet av stadnamn (s. 34–37) er det ikkje svake hokjønnsord og heller ikkje inkjekjønnsord i bunden form fleirtal.

Når det gjeld bøyingsendingar i substantiv er det stort samsvar mellom normert skrift på kartet frå 2006 og lokal uttale, også når det er skilnad på lokal uttale og normert skrift nynorsk. I dette namnetilfanget er det berre endinga *-e* lokal uttale av inkjekjønnsord i bunden form eintal som skil seg ut frå normert skrift på kartet. Bøying av sterke hokjønnsord bunden form eintal får likevel eit annleis skriftbilette enn normert skrift, kart og nynorsk. Sterke hokjønnsord i bunden form eintal får endinga *-i*, lang vokal /i:/ > sekundær diftong [ei]. Normeringa tek konsekvent ikkje med dei sekundære diftongane korkje i ord i namn eller bøyingsendinga. Døme: *Kaldevassheii* (lokal uttale: *Kallevasshaiei*).

Nokre stadnamn får bunden form eintal på kartet frå 2006: *Lisle Bjørnvatnet, Lisle Kvernvatnet og Store Kvernvatnet*. I lokal uttale får desse namna ubunden form eintal: *Lisle Bjynnevatn, Lisle Kvinnevatn og Stoure Kvinnevatn*.

Adjektiv og relasjonsord

Det er ikkje mange adjektiv og relasjonsord i det undersøkte namnetilfanget korkje i lause eller faste samansette namn. Stadnamn med adjektiv eller relasjonsord: *Store Bjørnevatn, Store Kvernvatnet, Lisle Bjørnvatnet, Lisle Kvernvatnet, Nystøyl, Nyestøyl, Lislebu, Mørketjørn, Mørketjørnsristi, Langemyr, Langemyråsen, Midtfjell, Undermigjørn, Austmannalen*. Dei tre siste namna er samansette med eit relasjonsord.

Fuger i samansette stadnamn

I samansette ord og samansette stadnamn vert det ofte sett inn ulike fuger (bokstavar) mellom førsteledd og andreledd i ordet. Det er for å gjere uttalen av ordet lettare, for å få rytme og velklang i språket. I namnetilfanget er det mange samansette stadnamn. Ein finn både *s*-fuge (samansetnad -s), *e*-fuge (binde -e) og *null*-fuge (utan bindebokstav). Døme, *s*-fuge: *Reindalsfjellet, Kleivsvatn, Steindalstjørni, Mørketjørnsristi*. Døme, *e*-fuge: *Steineheii, Sandebekken, Store Bjørnevatn, Skarkestøyl*. Døme, *null*-fuge: *Grjotdalen, Austmannalen, Midtfjell, Kaldeskardnutan*. På kartbladet frå 2006 har to stølar på ulike stadar i Bjørnevassområdet same namnet, Nyestøyl og Nystøl. Det eine namnet har *e*-fuge og det andre namnet har *null*-fuge. Båe variantane av stadnamnet er greie å uttale. I dette tilfellet er såleis ikkje *e*-fuga viktig for å få ein lettare uttale av namnet.

For nokre av dei samansette stadnamna på kartet frå 2006 er det ulik bruk av *e*-fuge i høve til lokal uttale. *Store Kvernvatnet, Lisle Kvernvatnet* og *Lisle Bjørnvatnet* har ikkje *e*-fuge på kartet. Det har dei i lokal uttale: *Stoure Kvinnevatn, Lisle Kvinnevatn* og *Lisle Bjynnevatn*. Namna *Kyrelifjell, Kyrelitjørni* og *Kyrel* har *e*-fuge på kartet. Det har dei ikkje i lokal uttale: *Kjuyrleifjødd, Kjuyrleikjynni* og *Kjuyrlei*. For dei andre namna med *e*-fuge er det ingen skilnad på kartet og lokal uttale. For *s*-fuge og *null*-fuge er det likt på kartet og lokal uttale.

Kapittel 4

Normering av namn på offentlege kart

4.1. Ei undersøking

Ein må take utgangspunkt i dei normerte skriftformene og drøfte om normeringa er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Det er overraskande at Kartverket har teke så lite omsyn til nedverd lokal uttale når nettopp det har vore eit prinsipp i normeringa heilt frå 1913 fram til i dag. Som nemnt tidlegare i oppgåva la namnekonseptane Hjalmar Falk og Marius Hægstad fram ei innstilling i 1912 der dei gjekk inn for at alle stadnamn på kart skulle skrivast «i stedets dialekt med landsmaalets retskrivning» (Indrebø 1927, s. 124). Prinsippet om lokal uttale vart seinare nedfelt i reglane for skrivemåten av stadnamn i 1913.

4.1.1. Normering av namn på offentlege kart

Utsnitt av kartbladet Urdenosi 1314 I, Bjørnevatn frå 2006, 1991 og 1970

I dei elleve stadnamna som har likt skriftbiletet lokal uttale og normert skrift på kartet frå 2006 finn ein primærdiftongane *au* og *øy*, korte og lange vokalar, korte og lange konsonantar. I desse namna er det ikkje spesielle lydar eller lydkombinasjonar i talemålet som skil seg ut frå normert skriftspråk med unntak av *støyl* (nynorsk: *støl*) og *kvæven* (nynorsk: *kvelven*). Her har Kartverket halde seg til lokal uttale. Både desse skriftformene er i samsvar med gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Etter normeringstradisjonen er det vanleg å leggje sterkt avvikande dialektformer nær opp til uttalen (utfyllande reglar til §3 i gjeldande forskrift om stadnamn).

Kartverket har valt skriftforma *å* som i lokal uttale. Døme: *Uglåni*. I nynorsk kan ein velje skriftforma *å* eller *elv*. Bøyingsendinga *-i* bunden form eintal er feil etter talemålet. Lokal uttale er *åne*. Korkje bøyingsendinga *-e* og *n-en*, *åne* (*åa*), er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Kartverket har likevel valt skriftforma der *n-en* er med, *åni*.

Oppsettet av stadnamn (s. 34–37) viser tydeleg at når det er skilnad mellom lokal uttale og normert skrift, har Kartverket valt å halde seg til skriftspråket med nokre få unntak. Eit av desse unntaka er at Kartverket har valt lokal uttale *støyl*, nynorsk har *støl*. Av ei eller anna årsak eller om det er slurvefeil, har Kartverket to namn med *støl* på kartbladet frå 2006, Rotastøl og Vasstøl. Likevel har dei ordforma *støyl* i *Vasstøylsåni*. På kartbladet frå 1991 har alle stølane fått forma *støyl*, også Rotastøyl og Vasstøyl. Kjeholmen har vorte forkorta til Kjeehln på kartbladet frå 1991 (Kjeeholmen, 2006). Ellers er skriftformene på kartblada frå 1991 og 2006 like.

På kartbladet frå 1970 har alle stølane fått skriftforma *støl*. Døme: *Slettestøl*, *Osstøl*, *Grytestøl*, *Rotastøl* og *Vasstøl*. Skriftforma tjørn er forkorta til *tj*, *Ugledalstj.*, *Kleivstj.* og *Revstj.* Kartverket har valt å skrive *Revstjørnsbui*, så då må ein rekne med at forkortinga *tj* står for *tjørn*. På det same kartbladet er det brukt både *fjell* og forkortinga *fj*. Døme: *Kyrelifjell*, *Poddefjell*, *Midtfjell*, *Rotafj* og *Slettestølfj*. Kartverket har valt å halde seg til normert skriftspråk både når det gjeld *støl*, *tjørn*, og *fjell*.

Kaddan (Kalland, 2006), *Kodden* (Kollen, 2006) er skriftformer som står nærare lokal uttale enn normert skriftspråk. Sidan det gjeld så få namn virkar det tilfeldig. Kartverket har også valt lokal uttale *å* (nynorsk: å eller elv). Døme: *Husebyåni*. På dette kartet finn ein hybridar som: *Reisstøl* (normert skrift, nynorsk: Reinsstøl) og *Reidalsfjelli* (normert skrift, nynorsk: Reindalsfjella). Nokre stadnamn har fått ei anna skriftform enn på kartbladet frå 2006, men ein kan ikkje seie at desse formene er nærare lokal uttale. *Fitestøl* (Fiti, 2006), *Kvernevotni* (Lisle Kvernvatnet og Store Kvernvatnet, 2006), *Farkot* (Farkoddtjørni, 2006), *Husebyåni* (Husebøåni, 2006), *Hjåseham* (Hossehammen, 2006). Namnet Store Bjørnevotn er med på kartet, men det er ikkje Lisle Bjørnevotn. Det er merkeleg at eit så sentralt namn er utelete. Områda rundt vatna, og ikkje berre sjølve vatna, vert også kalla *Store Bjørnevotn* og *Lisle Bjørnevotn*. Både Store Bjørnevotn og Lisle Bjørnvatnet er med på kartblada frå 1991 og 2006. Det er merkeleg at «Store Bjørnevotn» er i ubunden form, medan «Lisle Bjørnvatnet» er i bunden form. Det er ingen grunn til at desse to namna skal ha ulik bøyning. Ein må vel rekne med at det er ein slurvefeil. Det er også merkeleg at *e*-fuga manglar i Lisle Bjørnvatnet. Ein må vel rekne med at også det er ein slurvefeil.

Samanlikninga viser at stadnamna på kartbladet frå 1970 skil seg noko ut frå kartblada 1991 og 2006. Normert skrift på kartbladet frå 1970 er hakket nærare nynorsk enn dei to andre kartblada. Årsaka er hovudsakleg at skriftforma *støl* vert bruka konsekvent på kartbladet frå 1970. Det trekkjer opp talet på skriftformer som samsvarar med gjeldande rettskriving for nynorsk.

4.1.2. Normering av vokalar og diftongar i vallemålet

«Dersom ein tok konsekvensen fullt ut av kulturminnesynspunktet, skulle stadnamna skrivast mest mogleg i samsvar med den nedervde forma, dvs. målføret» (NOU 1883:6, s. 61). Stadnamnutvalet meiner at dersom ein skulle skrive namna lydrett etter uttalen, ville ein få eit svært uhandterleg namneverk. Dei går difor inn for at det må vere ei viss normering. «Ein mellomveg mellom lydrett atgjeving og full normering etter rettskrivingsreglane meiner utvalet vil vera den mest tenelege løysinga» (NOU 1983:6, s. 61).

Det er uttalen av vokalane og særleg diftongane som gjer vallemålet særmerkt. Dei primære diftongane /au/, /ei/, /øy/ er som i nynorsk med unntak av /ei/ > [ai] i vallemål. I tillegg har dei gamle lange vokalane, med unntak av / a:/ > / å/, vorte diftongerte. Sekundære diftongar ville ha gjeve stadnamna ei veldig spesiell skriftform. Stadnamn der lange vokalar vert uttala som sekundære diftongar vil få ei opphoping av bokstavteikn i skriftleg form. Det kunne virke forvirrande og forvanske stadnamna på ein uheldig måte for folk som ikkje kjenner dialekten. Døme. *Hola* > *Houla*, *Langemyr* > *Langemuyr*, *Husebø* > *Heusebøy*, *Holfjell* > *Houlfjødd*, *Kyrelitjørni* > *Kjuyrleikjynnei*, *Kyrelifjell* > *Kjuyrleifjødd*. Sekundære diftongar, eit sentralt særtrekk ved vallemålet, vert konsekvent ikkje tekne med i normering av stadnamn.

I det praktiske normeringsarbeidet er hovudregelen er at ein skal velje den rettskrivingsforma som passar best med nedervd lokal uttale, men i særlege høve kan ein velje regionale samleformer eller lokale dialektformer. I gjeldande forskrift om stadnamn frå 2017 er rettskrivingsform og regional samleform jamstilte når lokal uttale skal normerast til ei skriftform, men slik var det ikkje då kartet vart utgjeve i 2006.

Sjølv om det er lagt stor vekt på kulturminneaspektet i lov om stadnamn (1990), så skal ein og i det praktiske normeringsarbeidet velje ei skriftform som er praktisk. «Formålet med lova er å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet (...)» (lov om stadnamn). Ut frå dette er det i samsvar med lov og forskrift om stadnamn at sekundære diftongar i vallemålet ikkje er tekne med i normeringa. Prinsippet om at ein ikkje skal take med sekundære diftongar i normeringa er veldig utbreidd. Det gjeld også andre dialekter som har dette målmerket. Det er og i samsvar med reglane at ein skriftfestar primærdiftongane som i skriftspråket og ikkje tek med talemålsvarianten /ei/ > [ai]. Normeringa gjer namna lettare å forstå og er viktig i eit praktisk og kommunikativt perspektiv. Dersom ein skulle følgd kulturminneaspektet fullt ut og lagt mest vekt på lokal uttale, ville ein få ei mengd namn med veldig spesielle skriftformer. Dei som ikkje kjenner talemålet må også kunne lese og forstå stadnamna.

Korte vokalar og lange vokalar i vallemålet byr ikkje på problem i normering av namn. Desse vokalane vert skriftfesta slik som i nynorsk. I visse tilfelle har gamal /e/, /ø/ og /o/ føre konsonantsamband eller lang konsonant vorte endra til ein annan vokal i lokal uttale. Vokalane /e/ > /i/, /ø/ > /y/ og /o/ > /å/. Døme: *kvinn* (kvern), *bjynne* (bjørn), *tåpp* (topp). I lokal uttale får ein også lydendringa /u/ > /o/. Døme: *ogle* (ugle) Desse særtrekka er ikkje tekne med i normeringa. Det er heller ikkje innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

Ordformene *støyl* (nynorsk: støl), *kvæven* (nynorsk: kvelven) og *ryse* (nynorsk: rise) er spesielle dialektord. Dei vert skriftfesta som i lokal uttale. Det er i samsvar med gjeldande lov og forskrift for stadnamn. Bruk av diftong i ordet *støyl* er viktig for at namneverket skal få eit lokalt preg i dei områda der ein brukar diftongar slik ein gjer i vallemålet. Same form, *støyl*, finst i Vest-Telemark.

4.1.3. Normering av konsonantar i vallemålet

Det er mange lydar og lydkombinasjonar av konsonantar i vallemålet som skil seg ut frå gjeldande rettskriving. Viser til teorikapitlet om lokal uttale av ulike typar konsonantar, synkront. Også når det gjeld normering av konsonantane er hovudregelen at ein skal velje den rettskrivingsforma som passar best med nedervd lokal uttale slik at det ikkje vert ei mengd

med lokale skriftformer. Lov og forskrift om stadnamn opnar likevel opp for at ein kan bruke nokre lokale dialektformer ut i frå fastsette reglar. Det er difor nokre av dei lokale talemålsformene i vallemålet ein kan take omsyn til når stadnamna skal skriftfestast.

I namnetilfanget (s. 34–37) har Kartverket stort sett halde seg til gjeldande rettskriving for nynorsk der det er skilnad mellom lokal uttale og skriftspråket. Kartverket har fått med lokal uttale av konsonantsambandet *sl*. Døme: *Lislebu*, *Lisle Kvernvatnet*, *Lisle Bjørnvatnet*. Det er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

Kartverket kunne ha valt skriftformene *tjønn* (tjørn) og *fjødd* (fjell) og vere innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Det har dei ikkje gjort. Kartverket har valt skriftformene *fjell* og *tjørn* i samsvar med skriftspråket. Døme. *Kyrelifjell*, *Rotafjellet*, *Slettestøylfjellet* og *Farkoddtjørni*, *Storrlitjørni*, *Undermigjtjørn*. Konsonantforenklinga $rn > nn$ kan skrivast som i lokal uttale. Døme: *tjønn* (tjørn). Ein kan ikkje velje ein uttalenær skrivemåte, *kjynn*, men *tjønn* står nærare vallemålet enn *tjørn*. Skriftforma *tjønn* er såleis ein mellomveg slik Stadnamnemnda argumenterte for i si tid. Sterkt avvikande dialektformer kan skrivast nært opp til uttalen. Døme: *fjødd* (fjell). Det er ikkje fritt fram for å skrive lydovergangen $ll > dd$, men ein kan skrive *fjødd* fordi det er ei sterkt avvikande lokal form (utfyllande reglar til §3 i gjeldande forskrift om stadnamn).

4.1.4. Lydrett, forventta og diskutabel normering

Dei normerte namna på kartet frå 2006 vert delte inn i tre typar normeringar. 1. Lydrett normering (ortofon skrivemåte), 2. Forventta normering og 3. Diskutabel normering. Dette vert gjort for å finne ut korleis stadnamna fordeler seg i dei ulike gruppene. Det er mange særtrekk ved vallemålet. Ein forventar ikkje at dei mest spesielle særtrekka vert tekne med i normeringa. Det vert dei heller ikkje. Det er ikkje innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

1. Lydrett normering (ortofon skrivemåte)

Resultatet av analysen viser at få namn har lydrett normering (ortofon skriftform). Av namnetilfanget på 114 namn er det berre 11 namn som har lydrett normering. Årsaka er at mange av namna har fleire normeringsspørsmål i eit og same namn. Dersom namnet skal skriftfestast på kartet må alle normeringsspørsmåla i namnet vere innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Likevel var det uventa at det er så få namn med lydrett normering i namnetilfanget.

2. Forventa normering

Namn med sekundære diftongar utgjer vel 53% av namnetilfanget, 61 namn av 114. Då er både ord i namn og bøyingsending tekne med. Det var ikkje uventa at mange av namna har sekundære diftongar, men at over halvparten av namna i namnetilfanget har dette spesielle særtrekket var uventa.

Det var som forventa at lydendringa av primærdiftongen /ei/ > [ai], og lydendringane av korte vokalar i trykksterk staving /o/ > /å/ og /u/ > /o/ ikkje vert tekne med i normeringa. Bortfall av /l/ og /n/ i enkelte ord og samansetningar vert ikkje tekne med i normeringa. Det var som forventa. Alt dette er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Det var også som forventa at normeringa har teke med konsonantsambandet *sl*. Døme: *Lislebu*. Namn med spesielle dialektord er det lite av på kartet frå 2006. Ein finn dialektorda *støyl*, *kvæven* og *ryse*. Døme: *Reinsstøyl*, *Håvestøyl*, *Kvæven*, *Grytekvæven* og *Ryseklyvi*. Det var uventa at Kartverket har teke med så få namn med spesielle dialektord.

3. Diskutabel normering

Namn med diskutabel normering kan ein dele inn i fleire kategoriar. For nokre av dei dialektnære formene er det gode argument for at dei bør skriftfestast på kartet. Døme: *fjødd* og *tjønn* i staden for fjell og tjørn. *Fjødd* og *tjønn* passar betre med talemålet til valldølen enn rettskrivingsformene fjell og tjørn. Dei dialektnære formene er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

For andre namn er det meir usikkert om dei dialektnære formene bør visast i skrift. Det kan diskuteras om lydendringane av korte vokalar i trykksterk staving /ø/ > /y/ og /e/ > /i/ skal takast med i normeringa. Døme: *Tyrvestøyl* og *Store Kvinnevatn* i staden for *Tørvestøyl* og *Store Kvernvatnet*. Ein finn *Tyrvestøyl* og *Store Kvinnevatn* i dei lokale namnesamlingane, men ikkje på kartet frå 2006. Dei dialektnære formene passar betre med lokal uttale, og dei er ikkje vanskelege å skriftfeste eller lese. Desse argumenta talar for å skriftfeste *Tørvestøyl* og *Store Kvinnevatn* på kartet. Då må ein utnytte det romet ein har for skjønn.

Når det er inkonsekvensar i normeringspraksis på offentlege kart og i lokale namnesamlingar kan ein diskutere om alle ulike skriftformer høyrer til i gruppa med diskutabel normering. Analysen viser at ikkje alle typar inkonsekvensar i normeringspraksis bør skriftfestast på kartet. Det gjeld mellom anna ord i namn med kort vokal i trykksterk staving som får ein annan bokstav i lokal uttale. Nokre av desse lydendringane kan ein diskutere om bør takast med i normeringa, medan andre lydendringar ikkje bør visast i skrift. Kan dialektnær form føre til feil uttale av namn, og er det innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Utviklinga i normeringspraksis tillet stadig meir dialektnære former. Det er eit godt argument når det vert bestemt om lokal uttale skal vise seg i normeringa.

4.1.5. Normering av bøyingsendingar i substantiv

Hankjønnsord bunden form eintal har endinga *-en* både normert skrift på kartet, lokal uttale og normert skrift nynorsk. Døme: *Grjotdalen*, *Kleivsnuten*, *Gjevarbekken*. Det vert ei enkel oppgåve å normere, og sjølvsagt innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

Sterke hokjønnsord bunden form eintal får endinga *-i* normert skrift på kartet og lokal uttale, men endinga *-a* normert skrift nynorsk. Døme: *Kaldevassheii*, *Ryseklyvi*, *Revstjørni*.

Kartbladet i denne undersøkinga er frå 2006. Då var gjeldande rettskriving for nynorsk *a*-ending hovudform og *i*-ending sideform [klammeform] for sterke hokjønnsord, bunden form eintal. Frå 2012 er berre *a*-ending tillete i hokjønn, bunden form eintal. For sterke hokjønnsord bunden form eintal kan ein nytte endinga *-i* dersom det er dialektuttalen (utfyllande reglar til §3 i forskrift om stadnamn). Difor er *i*-ending innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Svake hokjønnsord bunden form eintal får endinga *-a* både normert

skrift på kartet, lokal uttale og normert skrift nynorsk. Døme: *Bjørnevannshytta, Hola*. Det vert ei enkel oppgåve å normere, og sjølvstøtt innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

Inkjekjønnsord bunden form eintal får endinga *-et* både i normert skrift på kartet og normert skrift nynorsk, men endinga *-e* i lokal uttale. Døme: *Reindalsfjellet, Veiåggjuvet, Husebøvatnet*. Endinga *-e* lokal uttale er ikkje innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Ein må velje endinga *-et* slik Kartverket har gjort.

Hankjønn bunden form fleirtal får endinga *-an* normert skrift på kartet og lokal uttale, men endinga *-ane* normert skrift nynorsk. Døme: *Kaldeskardnutan*. Ein kan nytte endinga *-an* dersom det er dialektuttalen (utfyllande reglar til §3 i forskrift om stadnamn). Endinga *-an* er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Sterke hokjønnsord bunden form fleirtal får endinga *-in* normert skrift kart og lokal uttale, men endinga *-ene* normert skrift nynorsk. Døme: *Tørvedalstjørnin, Skarketjørnin, Buin*. Ein kan nytte endinga *-in* dersom det er i samsvar med dialektuttalen (utfyllande reglar til §3 i forskrift om stadnamn). I namnetilfanget (s. 34–37) er det ikkje svake hokjønnsord og heller ikkje inkjekjønnsord i bunden form fleirtal.

Nokre stadnamn får bunden form eintal på kartet frå 2006: *Lisle Bjørnvatnet, Lisle Kvernvatnet og Store Kvernvatnet*. I lokal uttale får desse namna ubunden form: *Lisle Bjynnevatn, Lisle Kvinnevatn og Stoure Kvinnevatn*.

4.1.6. Adjektiv og relasjonsord

Lokal uttale og bøyingsendingar av adjektiv og relasjonsord i namnetilfanget skil seg ikkje ut frå normert skrift på kartet frå 2006 eller normert skriftspråk med unntak av ord som har sekundære diftongar.

4.1.7. Fuger i samansette stadnamn

For nokre av namna på kartet frå 2006 er det ulik bruk av *e*-fuge i høve til lokal uttale. *Store Kvernvatnet*, *Lisle Kvernvatnet* og *Lisle Bjørnvatnet* har ikkje *e*-fuge. Det har dei i lokal uttale: *Stoure Kvinnevatn*, *Lisle Kvinnevatn* og *Lisle Bjynnevatn*. Namna *Kyrelifjell*, *Kyrelitjørni* og *Kyrel* har *e*-fuge. Det har dei ikkje i lokal uttale: *Kjuyrleifjødd*, *Kjuyrleikjynni* og *Kjuyrlei*. For dei andre namna i namnetilfanget som har *e*-fuge er det lik bruk av fuga på kart og lokal uttale. For *s*-fuge og *null*-fuge er det ikkje skilnad på kartet og lokal uttale.

Resultatet av undersøkinga

Resultatet av undersøkinga viser at svært få stadnamn i namnetilfanget frå Valle i Setesdal har samsvar med lokal uttale og normert skrift på kartet. Av dei 114 stadnamna er det berre 11 namn som har eit slikt samsvar på kartet frå 2006. Det er *Austmannsdalen*, *Øyrevatn*, *Lauvås*, *Skarkestøyl*, *Sletteøy*, *Kvæven*, *Håvestøyl*, *Finnsarv*, *Vermålsåsen*, *Fantufs* og *Strandestøylen*. Det er altså berre desse elleve namna som har det ein kan kalle ortofone skriftformer. Kolonteiknet som markerer lang vokal i lokal uttale er ikkje med i normert skrift. Det er eit vanleg rettskrivingsprinsipp i norsk at når ei staving har lang vokal vert konsonanten kort. Difor veit ein korleis den type ord skal uttalast.

I normering av namn på kartet frå 2006 har Kartverket stort sett halde seg til gjeldande rettskriving med nokre få unntak. Dei har teke lite omsyn til nedverd lokal uttale. Derimot er det stort samsvar mellom lokal uttale og normering på kartet av bøyingsendingar i substantiv. Det gjeld også når det er skilnad mellom lokal uttale og gjeldande rettskriving for nynorsk. Nokre av stadnamna får bunden form eintal der lokal uttale har ubunden form. Nokre av dei samansette stadnamna har feil bruk av *e*-fuge i høve til lokal uttale.

4.2. Dialektnære former på kartet

4.2.1. Normerte namn på offentlege kart

No vert det drøfta om ein kan velje andre skriftformer enn Kartverket har gjort. Skriftformer som vil passe betre med talemålet til valldølen og likevel vere innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Samfunnsutviklinga har ført til at overleveringa av stadnamn skjer i aukande grad gjennom lesing av kart. Det er difor viktig korleis namna vert normerte. Namn kan ha ei lokal talemålsform som ein ynskjer å take vare på som kulturminne. Dersom ein endrar nokre av skriftformene på kartet, vil fleire dialektnære former vise seg i normeringa. Det er i samsvar med utviklinga i normeringspraksis.

Det er skilnad på talemål og skriftspråk. Ingen skriv nett slik som ein talar. Dersom ein skriv *muyrei* (myra), *fåssen* (fossen), *ousen* (osen), *beuei* (bua), *kjynnei* (tjørna), *bjynnen* (bjørnen) og *ogla* (ugla) vil ein få inntrykk av at einkvan med dårlege norskkunnskapar har skrive desse orda. Det ser rart ut. Burde likevel den skriftlege normeringa av stadnamn vere uttalenær slik at talemålsformene ikkje vert borte? Det vil seie at leseuttalen, ideelt sett, bør samsvare med nedervd lokal uttale. For vallemålet, med uvanlege kombinasjonar av lydar og mange diftongar, vil det vere vanskeleg med ei lydrett attgjeving av uttalen. Døme, lokal uttale: *Kjuyrlei*, *Kjuyrleikjynnei*, *Heusebøyvatne*, *Vaiåjeuve* og *Routafjødde*. På kartet frå 2006: *Kyrel*, *Kyrelitjørni*, *Husebøvatnet*, *Veiådjvet* og *Rotafjellet*. Som desse døma viser vert skriftbiletet svært ulikt normert skrift. Det kunne også verte problem med å lese og forstå namna for dei som ikkje kjenner dialekten.

Å skriftfeste den lokale uttalen heilt nøyaktig med vanlege bokstavteikn vil vere eit praktisk problem. Ei konsekvent uttalenær normering av namn i Valle vil difor ikkje vere ei føremålsteneleg løysing. Skriftformene på kartet bør heller vere ein mellomveg av lydrett attgjeving og full normering etter gjeldande rettskriving. Skriftformer som ikkje hindrar forståinga og heller ikkje gjer namneverket vanskeleg å handtere. Dei normerte skriftformene i drøftinga er henta frå namnetilfanget side 34–37.

4.2.2. Nedervd lokal uttale på kart

Ein kan skriftfeste namn med spesielle dialektord nær opp til uttalen, *støyl* (nynorsk: støl), *kvæven* (nynorsk: kvelven) og *ryse* (nynorsk: rise). Det er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Døme: *Tørvestøyl*, *Listøyl*, *Grytestøyl* og *Reinsstøyl*. Det har Kartverket gjort med unntak av to stølar, *Vasstøl* og *Rotastøl*. Kartverket har også skriftfesta *kvæven* med lokal uttale. Døme: *Kvæven* og *Grytekvæven*. På kartet frå 2006 finn ein skriftformene *Ryseklyvi* og *Risebordet*. Det er viktig å vere konsekvent i normering av same ord eller ordledd.

Ein kan velje skriftforma *å*. Døme: *Tørvåni*, *Reinsstøylsåni*, *Uglåni* og *Vasstøylsåni*. Det har vorte gjort. Både skriftforma *å* og *elv* er tilletne etter gjeldande rettskriving for nynorsk. Det er derimot ikkje n-en bunden form eintal og fleirtal lokal uttale, *åne* og *æne*. Kartverket har likevel valt talemålsforma med /n/, *åni*. Lokal uttale er *åne* og ikkje *åni*, men det er ikkje innanfor lov og forskrift om stadnamn. Derimot er *i*-endinga, den forma Kartverket har valt, innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

Ein kan velje skriftforma *fjødd* (fjell). Det har Kartverket ikkje gjort. Dei har valt skriftforma *fjell* i samsvar med gjeldande rettskriving. Døme: *Reindalsfjellet*, *Midtfjell* og *Holfjell*.

Ein kan velje konsonantsambandet *sl*. Døme: *Lisle Bjørnvatnet*, *Lisle Kvernvatnet* og *Lislebu*. Det har vorte gjort.

Ein kan velje konsonantforenklinga *rn > nn*, *tjønn* (tjørn). Det har Kartverket ikkje gjort. Dei har valt skriftforma *tjørn* i samsvar med gjeldande rettskriving. Døme: *Kleivstjørn*, *Kyrelitjørni*, *Skarketjørnin* og *Mørketjørn*.

Dette oppsettet viser at ein kan velje skriftformene *fjødd* (fjell), *støyl* (støl), *å* (å) og *tjønn* (tjørn). På heia er det mange fjell, stølar, elver og tjørner. Namneverket i området vil få meir nedervd lokal uttale i normering av namn dersom ein konsekvent nyttar desse fire skriftformene. Etter normeringstradisjonen kan ein leggje namn med spesielle dialektord nær

opp til uttalen. Døme: *kvæv* (kvelv) *støyl* (støl), *ryse* (rise) og *fjødd* (fjell). Ein kan velje konsonantforenklinga $rn > nn$. Døme: *tjønn* (tjørn). Ein kan velje konsonantsambandet *sl*. Døme: *Lislebu*. Alt dette er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Kartverket har valt ordformene *støyl* (ikkje konsekvent), *å*, *kvæven*, *ryse* (ikkje konsekvent) og konsonantsambandet *sl*. Kartverket har valt skriftformene *fjell* og *tjørn* i samsvar med gjeldande rettskriving for nynorsk. Dei kunne ha valt dei dialektnære formene, *fjødd* og *tjønn*. Det er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

4.2.3. Farleg normering

Edlandsfossen og Kalland er døme på stadnamn i namnetilfanget. Namn 1. Uttale: *Ædansfåssen*. Normert skrift, kart: *Edlandsfossen*. Namn 2. Uttale: *Kaddan*. Normert skrift, kart: *Kalland*. I desse to døma er det stor avstand mellom lokal uttale og normert skriftform på kartet. «En hovedregel bør være at publikum ikke skal møte større avvik mellom skrift og tale som navnemottakere, enn de er vant med som språkmottakere ellers» (Haslum 1992, s. 27).

I same område som *Ædansfossen* er det fleire namn med *Ædan*, men på kartet frå 2006 er desse namna ikkje tekne med. I namnesamlinga til Økonomisk kartverk (5.3.2.) er *Ædan* og *Ædansfossen* tekne med. Olav H. Rygnestad har i si namnesamling (5.3.3.) teke med *Edansbrokka*, *Edansheii* og *Edansmyran*. Han skriv namnet med /e/ istaden for /æ/ som er lokal uttale. Fordi dei normerte skriftformene *Edlandsfossen* og *Kalland* har stor avstand til lokal uttale kan det føre til feil uttale av namna. Då kan lokal talemålsform etterkvart kome ut or bruk og verte gløymt. «En normering er farlig når et stedsnavn blir skrevet med så stor avstand til uttalen at publikum vil føle seg lurt» (Haslum 1992, s. 27).

Etter normeringstradisjonen er det vanleg å leggje sterkt avvikande talemålsformer nær opp til uttalen (utfyllande reglar til §3 i gjeldande forskrift om stadnamn). *Ædan* og *Kaddan* er sterkt avvikande dialektformer. Ein kan skrive *Ædansfossen*, men ikkje *Ædansfåssen* med lydendringa $o > å$ i lokal uttale. Skriftformene *Ædansfossen* og *Kaddan* er difor innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Likevel har Kartverket valt skriftformene *Edlandsfossen* og *Kalland* på kartet frå 2006. I Sentralt stadnamnregister (SSR) er det oppført tre ulike skriftformer for kvart av desse namna. Namn 1. *Edlandsfossen*, *Ædansfossen* og

Edansfossen. Namn 2. Kaddan, Kalland og Kaddane. Skriftformene *Edlandsfossen* og *Kaddane* er oppførte som godkjende og tilrådte.

4.2.4. Døme på normering

For å vise kor mange lydar og lydkombinasjonar eit stadnamn kan innehalde der lokal uttale skil seg ut frå skriftspråket vert *Kaldevassheii* og *Lisle Kvernvatnet* bruka som døme for å drøfte om ei meir uttalenær skriftform enn normert skriftform på kartet er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. At eit og same stadnamn inneheld fleire normeringsspørsmål gjer normeringa ekstra vanskeleg. Alle spor av normeringspraksis må vere innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn dersom skriftforma skal setjast på kartet. I utgangspunktet kan ein tenkje at den meir uttalenære skriftforma av dei to stadnamna, *Kallevassheii* og *Lisle Kvinnevatn*, burde kunne skriftfestast på eit offentleg kart. Skriftformene er ikkje vanskelege å skriftfeste eller lese, og nedervd lokal uttale vil vise seg i normeringa.

Kaldevassheii

Normert skrift, kart: *Kaldevassheii*. Uttale: *Kallevasshaiei*. Normert skrift, nynorsk: *Kaldevassheia*. Dei tre korte vokalane /a/, /e/, /a/ er like i uttale og normert skrift. I tillegg til desse korte vokalane finn ein konsonantforenklinga ld > ll, primær diftongen /ei/ > [ai] og sekundærdiftongen /i:/ > [ei]. Substantivet *heii* er eit sterkt hokjønnsord eintal bunden form med i-ending i lokal uttale. Dei primære diftongane /au/, /ei/, /øy/ er som i nynorsk, men normeringa tek ikkje med at i vallemål vert /ei/ > [ai]. I bøyingsforma, bunden form eintal /i:/ > [ei], vert ikkje sekundærdiftongen teken med i normeringa. Desse særtrekka ved vallemålet er ikkje innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

Ein mellomveg av lydrett attgjeving av talemålet og full normering etter rettskrivingsreglane er skriftforma *Kallevassheii*. Skriftforma *Kallevassheii* (*Kaldevassheii*) ville ikkje skilje seg mykje ut frå normert skrift på kartet. Berre konsonantforenklinga ld < ll. Likevel ville skriftforma få litt nedervd lokal uttale og vere nærare talemålet, men det er ikkje innanfor lov og forskrift om stadnamn. Det er sterk hevd for at konsonantforenklinga ld > ll ikkje skal visast i skrift. At eit sterkt hokjønnsord eintal bunden form får endinga -i, *heii* (nynorsk: *heia*)

er derimot innanfor lov og forskrift om stadnamn. Den skriftforma som er innanfor lov og forskrift om stadnamn er som på kartet, *Kaldevassheii*.

Lisle Kvernvatnet

Normert skrift, kart: Lisle Kvernvatnet. Uttale: Lisle Kvinnevatn. Normert skrift, nynorsk: Vesle Kvernvatnet. Både lisle og konsonantforenklinga $rn > nn$ er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. I lokal uttale vil ein i tillegg få lydendringa $/e/ > /i/$ føre lang konsonant eller konsonantsamband. Det er ikkje innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Lisle Kvernvatnet har ikkje bindefuga *-e*, det vil ein få i lokal uttale. Ein bør bruke samansetnadsmåten som i lokal uttale (utfyllande reglar til §3 i gjeldande forskrift om stadnamn). Ein kan difor setje inn bindefuga *-e*. På kartet er namnet oppført i bunden form. I lokal uttale vil namnet ha ubunden form. Ut frå denne drøftinga vil ein kunne skrive *Lisle Kvinnevatn*. Denne skriftforma er korkje lokal dialektform eller gjeldande rettskriving. Folk som ikkje har god kunnskap om vallemålet kan verte lura til å tru at Lisle Kvinnevatn er nedervd lokal uttale. Det kan føre til feil uttale av namnet. Då er det betre å velje ei hardare normering slik at det kjem tydeleg fram at dette er ei normert skriftform, *Lisle Kvernvatnet*. At ein kan skrive *lisle* gjev likevel stadnamnet eit lokalt preg.

Denne drøftinga viser at dei dialektnære formene, *Kaldevassheii* og *Lisle Kvinnevatn*, er ikkje innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Det er derimot skriftformene på kartet frå 2006, *Kaldevassheii* og *Lisle Kvernvatnet*.

4.2.5. Endring av skriftformer på kartet

Dersom ein endrar skriftformene *fjell > fjødd* og *tjørn > tjønn*, vil ein få eit namneverk i området som passar betre med talemålet til valldølen. *Fjell* og *tjørn* er ordledd i tilsaman 21 namn i namnetilfanget på 114 namn. Forma *fjødd* er lokal uttale. Forma *tjønn* er ein mellomveg av lokal uttale *kjynn* og rettskrivingsforma *tjørn*. Orda er greie å lese og har også litt av vallemålet i seg. Ein slik mellomveg argumenterte Hjalmar Falk og Marius Hægstad for allereie i 1913. Ein må kunne seie at argumentasjonen deira har halde seg godt. Skriftformene er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Det burde difor vere mogeleg å endre skriftform for desse namna på kartet. Det trengst ein pådrivar for å få det gjort.

Sakshandsaminga vil nok ta si tid, men vanskeleg vil det ikkje vere. Med ei konsekvent endring av alle namn med *fjell* og *tjørn* > *fjødd* og *tjønn* vil meir dialektnære former vise seg i normering av namn i Valle. Det vil vere i samsvar med utviklinga i normeringspraksis.

Fjødd: Reindalsfjøddet, Midtfjødd, Holfjødd, Kyrelifjødd, Rotafjøddet, Poddefjøddet og Slettestøylfjøddet. **Tjønn:** Kleivstjønn, Steindalstjønni, Tørvedalstjønnin, Kyrelitjønni, Skarketjønnin, Mørketjønn, Gryggjetveitstjønni, Hesttjønn, Slumstjønn, Farkoddtjønni, Storrlitjønni, Undermigstjønn, Revstjønni og Ugledalstjønn.

Blåsteinsåni og Fjorføsleøyne på kartet

Dersom ein i tillegg, til endringane av skriftform for fjell og tjørn, kan få *Blåsteinsåni* og *Fjorføsleøyne* plassert på kartet vil det vere eit pluss. Blåsteinsåni er ei nokså stor elv som renn frå Store Bjørnevatn til Lisle Bjørnevatn. Fylkesveg 45 går på bru over elva. Det er eit sentralt og viktig namn. Fleire av dei lokale informantane nemner Blåsteinsåni i lydopptak. Det er eit namn dei kjenner til sjølv om det ikkje står på kartet. I Blåsteinsåni er det ein holme som heiter Fjorføsleøyne. Fjorføsleøyne er eit samansett namn med eit spesielt dialektord, fjorføsle (nynorsk: Firfisleøya).

Det er mange særmerkte namn i namnsamlingane til dei lokale innsamlarane som ikkje er med på kartet. På spørsmål til Kartverket om det er mogeleg å kartfeste til dømes 20 namn på Bjørnevatn i tillegg til dei namna som allereie står på kartet er svaret nei. Kartografane gjer eit utval av namn som skal vere med på kartet. Kartografiske omsyn må takast når det vert bestemt kva namn og kor mange namn som skal plasserast på kartet. Eit viktig kriterium er lesbarheit. Det kan difor ikkje vere for mange namn på kartet. I svaret frå Kartverket står det også at dei ynskjer å få namnsett store objekt som elver, bekker etc. Kanskje det likevel er rom for *Blåsteinsåni* og *Fjorføsleøyne* på N50 (Norge 1:50 000) kartgrunlaget til Kartverket.

4.3. Normering av namn på turkartet

4.3.1. Oppdatert turkart på Norgeskart.no

Det oppdaterte turkartet frå 2020 på Norgeskart.no er teke med i undersøkinga for å vise utviklinga i normeringspraksis av namn i Valle frå 2006 og fram til i dag. Lov og forskrift om stadnamn har vorte reviderte fleire gonger sidan 1991. Utviklinga har ført til at det er opna opp for stadig meir dialektnære former. I gjeldande forskrift om stadnamn frå 2017 er regional samleform og rettskrivingsform jamstilte når lokal uttale skal normerast til ei skriftform. Det er difor interessant å trekkje inn kartet frå 2020 (digital versjon) for å undersøkje om endringane i normeringspraksis viser seg i normering av namn i Valle. Når ein tek med kartet frå 2020 vil ein få ei oversikt av normeringspraksis for området over ein periode på 50 år, 1970–2020.

Turkart kan skrivast ut frå nettsida til Kartverket. Det er eit godt tilbod til fjellfolk som ynskjer kunnskap om terrenget og stadnamna i området. Ein kan skrive ut turkart for eit bestemt heieområde i målestokk 1:25 000 eller 1:50 000 på Norgeskart.no. På Norgeskart.no finn ein kartserien N50 (Norge 1: 50 000) og delar av andre kartseriar frå Kartverket. Kartet kan skrivast ut gratis og i fargar. At turkartet kan skrivast ut i fargar, gjer at det er lett å lese stadnamna og annan informasjon. Det er eit offentleg kart, og innhaldet er oppdatert. Utforminga og opplysningane på kartet tilsvarer Kartverkets serie Norge 1:50 000. Det er same kartdata i den digitale versjonen som i papirutgåva av karta. For å skrive ut turkartet går ein inn på nettsida kartverket.no og følgjer rettleiinga steg for steg. Ein kjem då til Norgeskart.no der ein kan skrive ut turkartet. Dersom ein føretrekkjer papirlaus ferdsel i fjellet, finst det fleire navigasjonsappar for mobilen som brukar dei topografiske karta til Kartverket som grunnlag.

4.3.2. Normering av namn på karta frå 2006 og 2020

Turkartet for Bjørnevatn 2020, digital versjon vert samanlikna med kartet frå 2006 for å undersøkje om det er endringar av skriftformer, og eventuelt kva type endringar, på kartet frå 2020 i høve til kartet frå 2006.

Ein finn dei same stadnamna på kartet frå 2006 og 2020 med to unntak, Slumsstøyl og Slumsdalen. Slumsstøyl er ikkje med på kartet frå 2020, men i staden har Slumsdalen kome inn på det nyaste kartet. Det namnet er ikkje på kartet frå 2006. På kartet frå 2020 finn ein framleis skriftformene *fjell* og *tjørn* med to unntak for *tjørn* > *tjønn*, *Storrlitjønn* og *Kyrelitjønn*. Storrlitjørni (2006) > *Storrlitjønn* (2020). Kyrelitjønn kan forklårast med at Kyrelitjønn naturreservat ligg ved denne tjørna. Naturreservatet vart oppretta i 1986 og fekk namnet Kyrelitjern naturreservat. I 2012 vart namnet endra til *Kyrelitjønn naturreservat*. På karta frå 2006 og 2020 er berre ordet naturreservat oppført. Det kan sjå ut som tjørna ved naturreservatet, Kyrelitjørni (2006) > *Kyrelitjønn* (2020), har endra skriftform i same slengen som reservatet.

Endringar av skriftform på karta frå 2006 og 2020:

Kyrelitjørni (2006) > *Kyrelitjønn* (2020) og Storrlitjørni (2006) > *Storrlitjønn* (2020). Dei to tjørnene har også endra form frå bunden til ubunden form.

Rotastøl (2006) > *Rotastøyl* (2020) og Vasstøl (2006) > *Vasstøyl* (2020). No har alle stølane på Bjørnevatn fått skriftforma *støyl*.

Lisle Bjørnevatnet (2006) > *Lisle Bjørnevatn* (2020). No har Lisle Bjørnevatn og Store Bjørnevatn fått same form, ubunden form og med *e-fuge*.

Store Kvernevatnet (2006) > *Store Kvernevatn* (2020) og Lisle Kvernevatnet (2006) > *Lisle Kvernevatn* (2020) No har Store Kvernevatn og Lisle Kvernevatn fått same form som Lisle Bjørnevatn og Store Bjørnevatn, ubunden form og med *e-fuge*.

Bjørnevannshytta (2006) > *Bjørnevasshytta* (2020).

Kalland (2006) > *Kaddane* (2020). Ei skriftform som er nærare lokal uttale og som også er oppført som godkjent og tilrådd i Sentralt stadnamnregister (SSR).

Tørvestøyl (2006) > *Tyrvestøyl* (2020) og Tørvåni (2006) > *Tyrvåne* (2020). Stølen og elva har endra skriftform, men framleis Tørvedalstjørnin og Tørvedalen.

Kyreli (2006) > *Kyrli* (2020). Stølen Kyrli har endra skriftform, men framleis Kyrelifjell og Kyrelitjønn. Kyrelitjørn har endra skriftform *tjørn* > *tjønn*, men har framleis *e-fuge*.

Nystøyl (2006) > *Nyestøyl* (2020). No har bae Nyestølane fått *e-fuge*.

Fiti (2006) > *Fetestøy* (2020). Stølen har endra skriftform, men framleis Fitebekken.

Finnsarv (2006) > *Finsarv* (2020). Finsarv er ein støl.

Husebø (2006) > *Husebøstøylen* (2020).

Kjeeholmen (2006) > *Kjeholmen* (2020).

4.3.3. Normering til dialektnære former er ikkje konsekvent

Det er 17 endringar i normering av namn når ein samanliknar karta frå 2006 og 2020.

Endringane av skriftformer på kartet frå 2020 er nærare lokal uttale enn formene på kartet frå 2006. Men framleis finn ein skriftformene *fjell* og *tjørn* på kartet med to unntak for *tjørn* > *tjønn*. Tjørnene og vatna som har endra skriftform vert også endra frå bunden form til ubunden form. Nokre av dei samansette namna får *e*-fuge i samsvar med lokal uttale.

Endringane på kartet frå 2020 gjev likevel inntrykk av at normeringa er nokså tilfeldig utført. At samansette stadnamn med same ordledd i namnet har ulik skriftform kan tyde på at det har ikkje vore ein gjennomtenkt og systematisk plan for normeringa. Ein kunne i det minste forvente at alle namn med ordleddet *fjell* og *tjørn* konsekvent hadde vorte endra til dei dialektnære formene *fjødd* og *tjønn*. Det ser ut til å sitje langt inne for Kartverket å endre skriftformene konsekvent for *fjell* > *fjødd* og *tjørn* > *tjønn* sjølv om det er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

Kapittel 5

Namnesamlingar med lokale innsamlarar

5.1. Mange stadnamn med grunnord

Namnesamlingane med lokale innsamlarar er systematisert alfabetisk etter grunnord. Det er gjort for å vise at mange av stadnamna på Bjørnevatn er terrengord eller samansette namn med terrengord. Tradisjonen fortel at Øybø, Gryggjetveit og Voglumtveit i tidlegare tider var gardar med fastbuande. Ellers finn ein ikkje den type namn på Bjørnevatn. Ein finn mange namn med bekk, å, myr, vatn, tjørn, dal, hei, fjell, bu og støl. Mindre terrengformasjonar som bakke, haug, nut og ås er og godt representerte i namnesamlingane.

Namnesamlingane med lokale innsamlarar er tekne med for å gjere greie for om det er ulik normeringspraksis i dei to namnesamlingane. Det er om lag tjue år mellom namnesamlingane til Økonomisk kartverk (1984) og Olav H. Rygnestad (2003). Det kan ha hatt noko å seie for normeringa. Namnesamlingane er også tekne med for å gjere greie for om det er ulik normeringspraksis på offentlege kart og i dei lokale namnesamlingane. Namnesamlingane med alle namna er tekne med for å vise at det er eit større mangfald av namn enn dei som står på kartet frå 2006. Det er mange særmerkte namn og namn med spesielle dialektord i området som fell utanom det primære namnetilfanget. Døme: *Blåkupta, Tussehaug, Ædan, Einang, Brattekjosi, Steinekorplet, Drunkadøldalen, Stykjedapen, Kvorvefossen, Åremoti* og *Nonsgrødi*. Sjå fleire namn i namnesamlingane, 5.3.2. og 5.3.3.

5.1.1. Om namnesamlinga til Økonomisk kartverk

Namnesamling 1: Namnesamlinga til Økonomisk kartverk frå Bjørnevatn, Setesdal austhei. Fleire lokale innsamlarar. Namnelistene er truleg leverte i 1984 til Aust-Agder fylke, no Aust-Agder museum og arkiv avd. Kuben, Arendal. Skriftformene i namnesamlinga er som i dei originale listene.

I midten av 1960-åra byrja arbeidet med økonomisk kartverk. Dette var eit landsomfattande kartverk og var organisert av fylka. I 1978 kom retningslinjer for økonomisk kartverk for innsamlinga av stadnamn. Målet for dei ulike fylka var å registrere og terrengplassere flest moglege namn. Innsamlingsarbeidet skulle gjerast av folk i kommunane med god lokalkunnskap. Fylkeskartkontora hadde den endelege avgjerda om korleis stadnamna skulle skriftfestast. «Navna skrives helst i samsvar med den lokale uttale, likevel mest mulig opp til den rettskriving som gjelder. (...) Blir det oppgitt forskjellige navn på samme terrengdel, bør det navnet eieren av området nytter, foretrekkes» (Det økonomiske kartverket. Retningslinjer 1978, s. 27). Den personlege oppfatninga vert dermed vektlagt, kanskje i motsetnad til faglege kriterium. Ein kan vel rekne med at grunneigaren nyttar stadnamn med nedervd lokal uttale. Spørsmålet er då om skriftforma er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Dette prinsippet kan føre til at det vert fleire lokale dialektformer i namneverket for området. Sjølv om Sentralt stadnamnregister (SSR) har 2-3 ulike former av mange stadnamn på Bjørnevatn har det ikkje, så vidt eg veit, vore strid om skrivemåten av stadnamn i dette området. Det er litt annleis med namn i eit heieområde enn for gards- og bruksnamn som også er etternamn.

5.1.2. Om namnesamlinga til Olav H. Rygnestad

Namnesamling 2: Namnesamlinga til Olav H. Rygnestad frå Bjørnevatn, Setesdal austhei. Namnelistene er leverte i 2003 til Setesdalsmuseet, avd. Rysstad. Skriftformene i namnesamlinga er som i dei originale listene.

Olav H. Rygnestad (1938–2015) var frå Rygnestad og grunneigar på Bjørnevatn. Han var difor godt kjend i terrenget der stadnamna er innsamla. Olav H. Rygnestad har samla inn dei namna han kjenner til. Namnesamlinga dekkjer ikkje heile Bjørnevassområdet. Det var heller ikkje meininga.

5.2. Lokal uttale, gjeldande rettskriving eller ein mellomveg

Ein uttalenær skrivemåte er når skriftforma rettar seg etter uttalen. Skrivemåten kan ha fleire gradar, frå bortimot lydrett attgjeving av uttalen til skriftformer som er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Desse skriftformene passar betre med talemålet enn skriftspråket: *Lisle Brakamo, Skarketjønn, Rotafjødd* og *Einang*. Ein uttalenær skrivemåte kan også avspegle seg i bøyingsendingane av substantiv der bøyingsmønsteret i talemålet skil seg frå gjeldande rettskriving. Døme: *Mosemyri* og *Gryggjetveitstjønni* (Mosemyra og Gryggjetveitstjørna). Desse bøyingsendingane er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

Alle døma ovanfor er henta frå namnesamlinga til Olav H. Rygnestad. Stadnamna er døme på ein mellomveg av lydrett attgjeving av uttalen og full normering etter skriftspråket. Det gjev namneverket eit lokalt preg utan at det opnar opp for ei mengde spesielle lokale variantar. Skriftformene er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. At ein måtte finne ein mellomveg for normeringa argumenterte namnekonsulentane Hjalmar Falk og Marius Hægstad for allereie i 1913 med reglane for skrivemåten av namn på kart. Seinare argumenterte Stadnamnemnda sterkt for denne mellomvegen av lydrett attgjeving av uttalen og full normering etter skriftspråket. I lov om stadnamn (1990) vart dette prinsippet lovfesta «(...) skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følge gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk, (...)» (lov om stadnamn). Utviklinga har ført til at det vert tillete stadig fleire lokale dialektformer og regionale samleformer.

5.3. Ulik normeringspraksis

Dei to namnesamlingane viser ulik normeringspraksis. Fleire av stadnamna får ulikt skriftbiletet i dei to namnesamlingane. Ein finn ikkje alle stadnamna i både namnesamlingane. Ein kan difor ikkje samanlikne namn for namn. Olav H. Rygnestad var grunneigar på Bjørnevattn, og har samla inn dei namna han kjende til. Namnesamlinga til Økonomisk kartverk har fleire lokale innsamlarar. Det kan ha hatt innverknad på resultatet. Ein veit ikkje om innsamlarane har hatt felles retningslinjer å halde seg til og kva opplæring dei ulike innsamlarane har fått. Det kan og ha hatt innverknad på resultatet. Olav H. Rygnestad leverte

namnelistene sine om lag tjue år etter listene til Økonomisk kartverk. Tidspunktet kan ha hatt innverknad på resultatet. Ingen av dei lokale innsamlarane lever i dag. Ein har difor berre det skriftlege materialet å halde seg til. Det viser korleis dei lokale innsamlarane har skriftfesta og terrengfesta stadnamna, men ikkje kvifor dei har gjort det slik.

Grunnorda *tjørn*, *fjell*, *å* og *støl* vert bruka i mange samansette stadnamn. I eit heieområde er det mange tjørner, fjell, åer og stølar. Det er såleis viktig kva skriftformer som vert valde når desse namna vert normerte på kartet. Dei lokale innsamlarane har konsekvent valt *fjødd*, *å* og *støyl* (nynorsk: fjødd, å, støl) som ligg nært vallemålet, men dei vinglar mellom *tjønn* og *tjørn* (nynorsk: tjørn). Ingen har valt forma *kjynn* som er lydrett attgjeving av uttalen. Dei lokale innsamlarane har ikkje teke med sekundære diftongar i skriftformene av namn med unntak av eit ord, *ste*. Hokjønnsordet *ste* i bunden form eintal får sekundær diftong i bøyingsendinga /i:/ > [ei]. Olav H. Rygnestad skriv *Borkebusteei*, *Rotasteei* og *Tyrevikssteei*. Den sekundære diftongen finn ein i bøyingsendinga av substantivet og ikkje i ord i namn.

Namnesamlinga til Økonomisk kartverk har *bekken* (nynorsk: bekken), *vad* (nynorsk: vad), *Lisle Kvernevatn* og *Store Kvernevatn* (nynorsk: Vesle Kvernvatnet og Store Kvernvatnet), *Kjeholmen* (nynorsk: Kjeholmen), men har *Tårvikvatnet* (nynorsk: Torvikvatnet), *Tyrvestøyl* (nynorsk: Tørvestøl), *Mørketjørnkvæven* og *Kvæven* (nynorsk: Mørketjørnkvelven og Kvelven).

Olav H. Rygnestad har både *bekken* og *bekkjen* (nynorsk: bekken), både *viki* og *vikji* (nynorsk: vika), både *vad* og *va* (nynorsk: vad), både *kvæv* og *kvev* (nynorsk: kvelv), *Tyrvedalen* (nynorsk: Tørvedalen), *Store Kvinnevatn* (nynorsk: Store Kvernvatnet), *Kjehomen* (nynorsk: Kjeholmen), *Kodden* (nynorsk: Kollen), *Fjorføsleøyne* (nynorsk: Fjirfisleøya), *Råsi* (nynorsk: Raset), *Blåkupta* (nynorsk: Blåkufta), *Håvtekkja* (nynorsk: Halvtaket), *Kotesteinshedderen* (nynorsk: Kotesteinshelleren), *Fjoshaugen* (nynorsk: Fjøshaugen).

Lokale former kan veljast når særlege grunnar talar for det (forskrift om stadnamn §3). I namnssamlinga til Olav H. Rygnestad finn ein fleire døme på namn med spesielle dialektord. Til dømes *Fjorføsleøyne* (Fjirfisleøya). Lokal uttale: Fjournføsleøyne. Ein kan då velje den

lokale skriftforma, *Fjorføsleøyne* og vere innanfor lov og forskrift om stadnamn. Derimot vil ein ikkje kunne velje skriftforma *Fjourføsleøyne*. Ein sekundærdiftong i ordet /o:/ > [ou] vil ikkje vere innanfor regelverket. Sentralt stadnamnregister (SSR) har skriftforma *Fjorføtsleøyne*. I namnesamlinga finn ein også namnet *Blåkupta* (Blåkufta). Konsonantsambandet ft > pt i lokal uttale er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Ein kan skriftfeste *Blåkupta* på eit offentleg kart.

5.3.1. Døme på ulik normeringspraksis

a) Normeringspraksis i dei lokale namnesamlingane

Desse 17 stadnamna finn ein i båe namnesamlingane. Namna er plukka ut fordi det er ulik skriftform for det same namnet.

Frå namnesamlinga til Økonomisk kartverk (1984)	Frå namnesamlinga til Olav H. Rygnestad (2003)
Badstogodden	Basstogodden
Gruvlebekken	Gruvlebekkjen
Heggeholti	Heggjeholti
Hesttjørn	Hesttjønn
Kjeholmen	Kjehomen
Kvæven	Kveven
Kyrli	Kjyrli
Kyrlifjødd	Kjyrlifjødd
Kyrlitjørn	Kjyrlitjønn
Skarketjørn	Skarketjønn
Store Kvernevatn	Store kvinnevatn *
Stykkedapen	Stykjedapen
Tveitvad	Tveitva
Tyreviki	Tyrevikji
Ugleåne	Ugleåni

Ædansmyrane	Edansmyran
Åremotet	Åremoti

* Olav H. Rygnestad skriv Store kvinnevatn med liten k. Det har ikkje noko å seie for normeringa. For å finne ut om dei lokale innsamlarane er konsekvente i normeringa av same ord eller ordledd, må ein lese alle namna i dei to namnesamlingane (5.3.2. og 5.3.3.).

Olav H. Rygnestad har palatalisering som i lokal uttale. Døme: *Gruvlebekkjen*, *Kjyrli*, *Stykjedapen*. Han er ikkje konsekvent og vinglar mellom skriftformene *bekkjen* og *bekken*. Han har skriftforma *Kjehomen* med bortfall av /l/ som i lokal uttale. Han har skriftformene *Basstogodden*, *Store Kvinnevatn* og *Åremoti* som i lokal uttale. Innsamlarane i baa namnesamlingane vinglar mellom skriftformene *tjørn* og *tjønn*. Namnesamlinga til Økonomisk kartverk har konsekvent skriftforma *åne* som er lokal uttale, medan Olav H. Rygnestad vinglar mellom skriftformene *åni* og *åne*. Namnesamlinga til Økonomisk kartverk har lokal uttale av *Ædansmyrane*, men har fleirtal bunden form *-ane* og ikkje *-an* som i lokal uttale. Olav H. Rygnestad har lokal uttale av bøyingsendinga *-an*, men han har skriftforma *Edansmyran* med /e/ i staden for /æ/ som i lokal uttale. Baa namnesamlingane har konsekvent skriftforma *fjødd* som i lokal uttale. Ingen av namnesamlingane har lydendringa /ei/ > [ai] som er lokal uttale av primær diftongen /ei/. I dei sytten namna i oppsettet ovanfor er det ikkje sekundære diftongar i skriftformene.

Analysen viser at Olav H. Rygnestad har meir nedervd lokal uttale i dei sytten namna i skjemaet ovanfor enn skriftformene i namnesamlinga til Økonomisk kartverk. Olav H. Rygnestad er ikkje konsekvent i val av skriftform, men vinglar mellom ulike skriftformer på same ord eller ordledd. Skriftformene til Økonomisk kartverk i skjemaet ovanfor har stort samsvar med gjeldande rettskriving for nynorsk, med nokre unntak av nedervd lokal uttale. Orda med nedervd lokal uttale er *fjødd*, *kvæven* og *åne*. Skriftformene for Økonomisk kartverk er konsekvente for same ord eller ordledd med eit unntak, dei vinglar mellom *tjørn* og *tjønn*.

b) Normeringspraksis på offentlege kart og i dei lokale namnesamlingane

Av dei 17 stadnamna i skjemaet ovanfor er 8 av namna skriftfesta på karta frå 2006 og 2020. Det er eit veldig lite utval av namn, men ei samanlikning av dei fire skriftformene for kvart av desse åtte namna kan likevel gjeve eit visst inntrykk av normeringspraksis på offentlege kart og i dei lokale namnesamlingane. Nummeret i parantes bak namnet på kartet frå 2006 viser til skjemaet med namnetilfanget i undersøkinga (s. 34–37). Hesttjørn (70), Kjeeholmen (37), Kvæven (71), Kyreli (35), Kyrelifjell (33), Kyrelitjørni (34), Skarketjørnin (42) og Store Kvernavatnet (56). I tillegg til dei fire skriftformene i skjemaet nedanfor, får ein også lokal uttale og normert skrift, nynorsk for kvart av dei åtte namna.

Frå namnesamlinga til Økonomisk kartverk 1984	Frå namnesamlinga til Olav H. Rygnestad 2003	Normert skrift, kart 2006	Normert skrift, kart 2020
Hesttjørn	Hesttjønn	Hesttjørn	Hesttjørn
Kjeholmen	Kjehomen	Kjeeholmen	Kjeholmen
Kvæven	Kveven	Kvæven	Kvæven
Kyrli	Kjyrli	Kyreli	Kyrli
Kyrlifjødd	Kjyrlifjødd	Kyrelifjell	Kyrelifjell
Kyrlitjørn	Kjyrlitjønn	Kyrelitjørni	Kyrelitjønn
Skarketjørn	Skarketjønn	Skarketjørnin	Skarketjørnin
Store Kvernavatn	Store Kvinnevatn	Store Kvernavatnet	Store Kvernavatn

Normering av stadnamn er eit vanskeleg fagområde. Mange omsyn må takast når lokal uttale skal normerast til ei skriftform. Dei åtte namna i skjemaet ovanfor er døme på at dei to motstridande faktorane i normeringa, nedverd lokal uttale og gjeldande rettskriving, kan føre til mange ulike skriftformer for det same namnet. Ulik normeringspraksis av dei åtte namna er ikkje mellom normering på offentlege kart (2006, 2020) og dei lokale namnesamlingane (1984, 2003), men går på tvers av desse kategoriane. Ulik normeringspraksis kan heller ikkje forklårast med normering før og etter vedtak av lov og forskrift om stadnamn.

Det er uventa at ein finn flest namn med likt skriftbilete i namnesamlinga til Økonomisk kartverk frå 1984 og normert skrift på kartet frå 2020. Normering av namna hjå dei har stort samsvar med gjeldande rettskriving for nynorsk med nokre unntak. Fem av dei åtte namna i skjemaet har lik skriftform. Både kartet og namnesamlinga har dialekt nær form *Kvæven*. Namnesamlinga til Økonomisk kartverk har også dialekt nær form *Kyrlifjødd*. På kartet frå 2020 finn ein *Kyrelitjønn*. Her må det nemnast at på kartet frå 2020 vert skriftforma *tjønn* nytta med to unntak, *Kyrelitjønn* er eit av desse unntaka. Blant dei åtte namna i skjemaet har kartet frå 2020 skriftformene *Hesttjønn* og *Skarketjønnin* i samsvar med gjeldande rettskriving.

Namnesamlinga til Økonomisk kartverk frå 1984 og kartet frå 2020 har ubunden form eintal av *Kyrlitjønn/ Kyrelitjønn* og *Store Kvernevatn*. Ubunden form, *Store Kvernevatn*, er i samsvar med lokal uttale. Namnesamlinga til Økonomisk kartverk har skriftformene *Kyrli*, *Kyrlifjødd*, *Kyrlitjønn* (utan *e-fuge*) og *Store Kvernevatn* (med *e-fuge*) i samsvar med lokal uttale. Det er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Skriftformene på kartet frå 2020 vinglar mellom bruk av *e-fuge* i høve til lokal uttale.

Olav H. Rygnestad skil seg ut frå dei andre fordi han har lagt mest vekt på lokal uttale i normeringa. Det gjeld både lydssystem og formverk. Han har dei dialekt nær formene *tjønn* (tjønn), *home* (holme), *fjødd* (fjell) og *Store Kvinnevatn* (Store Kvernevatnet). Han har også ubunden form eintal og bruk av *e-fuge* i samsvar med lokal uttale, *Store Kvinnevatn* (ubunden form og *e-fuge*) og *Kyrli* (utan *e-fuge*).

Normeringa på kartet frå 2006 har stort samsvar med gjeldande rettskriving for nynorsk med eit unntak, *Kvæven*. *Store Kvernevatnet* har bunden form eintal i staden for ubunden form som i lokal uttale. På kartet frå 2006 er det feil bruk av *e-fuge* ut frå lokal uttale, *Kyrel* og *Kyrelifjell*. Skriftformene på kartet frå 2006 rotar med formverket, ubunden og bunden form eintal og bruk av *e-fuge*, i høve til lokal uttale.

Med så få namn i analysen kan ein ikkje trekkje bastante slutningar, men ein kan slå fast at det er eit virvar av ulike skriftformer i normeringa både når det gjeld lydssystem og formverk. Det

er stor skilnad på normeringspraksis mellom dei to lokale namnesamlingane og likeins mellom dei to offentlege karta. Namnesamlinga til Økonomisk kartverk har konsekvent normering av dei åtte stadnamna i skjemaet. Det skuldast truleg at dei lokale innsamlarane har halde seg til retningslinjene frå 1978 om korleis namna skulle skrivast «Navna skrives helst i samsvar med den lokale uttale, likevel mest mulig opp til den rettskriving som gjelder (...)» (Det økonomiske kartverket. Retningslinjer 1978, s. 27).

Analysen viser at dersom ein ynskjer ei konsekvent og systematisk normering av stadnamn med vekt på nedverd lokal uttale og målførenære former, må ein ha tydelege retningslinjer å halde seg til. Ein må syte for at normeringa er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn og vere konsekvent i normering av same ord eller ordledd. Det er difor naudsynt med god kunnskap om lov og forskrift om stadnamn. Det er også naudsynt med god kunnskap om særtrekka ved vallemålet og gjeldande rettskriving for nynorsk.

c) Litt om skriftformene tjørn og fjell

Korleis ordet *tjørn* skal skrivast på offentlege kart har endra seg. I reglane for skrivemåten av stadnamn frå 1933 kunne ein nytte den dialektnære forma *tjønn*. I reglane om skrivemåten frå 1957 kunne ein ikkje skrive *tjønn*, då måtte ein skrive *tjern* eller *tjørn*. I gjeldande lov og forskrift om stadnamn kan ein skrive den dialektnære forma *tjønn*. For ordet *fjell* måtte ein etter reglane for skrivemåten av stadnamn både i 1933 og 1957 nytte skriftforma *fjell*. Etter gjeldande lov og forskrift om stadnamn kan ein skrive den dialektnære forma *fjødd*.

I namnesamlingane til Økonomisk kartverk og Olav H. Rygnestad vinglar dei mellom skriftformene *tjørn* og *tjønn*. Dei offentlege karta frå 2006 og 2020 nyttar skriftforma *tjørn* med to unntak for *tjønn* på kartet frå 2020. I namnesamlingane til Økonomisk kartverk og Olav H. Rygnestad nyttar dei konsekvent den dialektnære forma *fjødd*. På karta frå 2006 og 2020 nyttar dei konsekvent forma *fjell* i samsvar med gjeldande rettskriving.

5.3.2. Namnesamlinga til Økonomisk kartverk

Stadnamn frå namnesamlinga Bjørnevatn, Setesdal austhei til Økonomisk kartverk systematisert alfabetisk etter grunnord. Stadnamna er samla inn av fleire lokale representantar og listene med stadnamn er leverte til Aust-Agder fylkeskommune truleg 1984.

Stadnamna er skrivne slik dei lokale innsamlarane har gjort det på dei originale listene.

bakke: Rindebakken, Bronebakke, Fantebakke

bekk: Kyrlibekken, Fetebekken, Leirbekken, Gruvlebekken, Søkkevabekk, Blautegrjotsbekken, Gjevorbekken, Sandebekken

brot: Simonsbroti, Sandsdalsbroti

bu: Revstjørnbui, Glottebu, Lislebu, Jørsbu, Finnebu, Borkebu, Myrbu

bø: Øybø

dal: Brakamodalen, Vierdalen, Olavsokdalen, Slumsdalen, Drenkadøldalen, Sandsdalen, Tverrdalen

dape: Stykkedapen

dokk: Vierdokki, Osedokki

fjødd: Slettestøylsfjøddet, Rotafjødd, Kyrlijfjødd, Holefjødd, Osefjøddi

foss: Ædansfossen

haug: Herhaug, Runehaugen

hei: Torevikheii/ Tårvikheii, Løyningshheii, Ædansheii, Rotaheii, Gryggjetveitsheii, Tyrvestøylsheii, Strandeheii, Sandshei, Strandeheii

hole: Hola (støl)

holme: Kjeholmen

holt: Støylsrugholti, Heggeholti

juv: Juv (støl)

kvæv: Videkvæven, Mørketjørnkvæven, Kvæven, Grytekvæven

kjos: Brattekjosi, Steinekjosi

klomr: Klomri

li: Grøneli, Finnelli, Kyrli (støyl), Strandelii, Haugefetlia, Lågeli, Borkebuliane

mo: Brakamo

myr: Nikelossismyrane, Ædansmyrane, Reinemyrane, Langemyr, Blautegrjotsmyri

nape: Revstjørnnapen, Lisle Nape, Store Nape, Nystøylnape

nut: Storelinuten, Dammenuten, Lauvåsnuten, Kleivsnuten, Okslenuten

odde: Steinodden, Badstogodden, Tyrvestøylsodden

os: Osen

rape: Steirapen

sand: Jygresanden

skard: Skard

skor: Skorin

stein: Storrstein

strond: Strondi

støyl: Jåmestøyl, Osstøyl, Slettestøyl, Husebøstøylen, Nyestøyl, Håvestøyl, Vasstøyl, Rotastøyl, Skarketjørnstøylen, Byklestøyl, Fetestøyl, Lauvåsstøylen, Tyrvestøyl, Reinstøyl, Tordisesstøyl, Strandestøylen, Listøyl, Grytestøyl

sund: Sundet

teig: Løkjeteigen, Haugelandsteigen

tjørn/ tjønn: Revstjørn, Jasstjørn, Storelitjønn, Undemigtjønn, Lomtjønn, Råsetjønn, Håvestøyltjønn, Leitestjønn, Svinetjønn, Mørketjønn, Kyrilitjønn, Skarketjønn, Urdetjønn, Slumstjørn, Neiretjønn, Gryggjetveitstjørni, Hesttjørn, Øybøleittjørni

to: Tone

tveit: Gryggjetveit, Voglumtveit

ufs: Fantufs

ur: Kotur

vad: Tveitvad

vatn: Lisle Bjørnevatn, Store Bjørnevatn, Husebøvatnet, Tårvikvatnet, Lisle Kvernevatn, Store Kvernevatn

vik: Mjåvik, Tårvik (støyl), Tyrveviki, Koteviki

å: Tverråne, Ugleåne, Husebøåne, Vasstøylsåne, Kvernåne, Tyrvåne, Reinåne

ås: Vermålsåsen, Åsen, Langemyråsen, Njupås, Lauvås

Stadnamn i namnesamlinga som ikkje har grunnord:

Bjørnevasshytta, Brøyttestasjonen, Båsbakk, Finnen, Finsarv (støl), Flæene, Hagen, Haugefet, Hossehommen, Kaddane, Kleiv, Podden, Ryseklyvi, Steinekorplet, Storren, Ædan, Øybøleitet, Åremotet

5.3.3. Namnesamlinga til Olav H. Rygnestad

Stadnamn frå namnesamlinga Bjørnevatn, Setesdal austhei til Olav H. Rygnestad systematisert alfabetisk etter grunnord. Listene med stadnamn er leverte til Setesdalsmuseet, avd. Rysstad i 2003.

Stadnamna er skrivne slik den lokale innsamlaren har gjort det på dei originale listene.

bakke: Fantebakke, Dalebakke, Bronabakken, Den lange bakken, Glottebakke

beite: Hestebeite

bekk: Søkkvabekk, Strandebekken, Gruvlebekkjen, Skjulsbekk, Fossebekken, Lurbekken, Kjyrlibekken, Sukkerbekken

berg: Berget

brokke: Edansbrokka

brot: Simonsbroti, Sandsdalsbroti

bu: Migarbui, Refstjønnsbui, Lislebu, Glottebu, Austre Borkebu, Nørstestøylsbui, Heimre Borkebu, Dalebu, Hakjesbu, Kjetilsbu

dal: Drunkadøldalen, Glottedalen, Sandsdalen, Tverrdalen, Grjodalen, Olavsokdalen, Lisle Tyrvedalen, Tyrvedalen, Smaledalen

dape: Stykjedapen

dokk: Vierdokki, Osedokki

ekre: Bjønnekra

fjødd: Poddefjødd, Rotafjødd, Kjyrlifjødd

flote: Hjuringflota

foss: Kvorvefossen, Fossen

haug: Herhaug, Tveitvahaugen, Runehaugen, Gamlehaug, Fjoshaugen, Varahaugen, Tussehaug

hedder: Kotesteinshedderen

hei: Edansheii, Strandeheii, Gryggjetveitsheii, Tyrvestøylsheii.

holt: Støylsrugholti, Heggjeholti, Holti

home (holme): Kjehomen

juv: Ånesjuv

kjos: Steinekjosi, Brattekjosi

klømr: Klømri

kodde: Kodden

kvæv/ kvev: Snykkjekvæven, Videkveven, Kveven

li: Grøneli, Strandelii, Lågeli, Kjyrli

løk: Løkjen

mo: Lisle Brakamo

myr: Edansmyran, Blautegrjotsmyri, Mosemyri

nut: Lauvåsnuten, Okslenuten

odde: Steinodden, Strandodden, Basstogodden, Tyrvestøylsodden

os: Osen

rape: Hågerape, Steirapen

rind: Rinden, Torsdalsrinden

ris: Lauvåsriset

rist: Grjodalsristi

rygg: Griseryggen

rås: Råsi

skar: Osstøylsskaret

skor: Skorin, Mjågeskor, Breieskor

ste: Borkebusteei, Tyrevikssteei, Rotasteei

stein: Storrstein, Klovstein, Kotestein, Lomsteinen

sto: Osstøylssto

støyl: Jåmestøyl, Osstøyl, Strandestøylen, Tordisesstøyl, Nørstestøyl, Skarketjørnsstøylen, Rotastøylen, Tyrvestøyl

sund: Storesund, Lisesund

teig: Haugelandsteigen, Løkjeteigen, Fotveitsteigen

tjørn/ tjønn: Jasstjørn, Gryggjetveitstjønne, Hesttjønn, Uretjørn, Kjrlytjønn, Heimre Tyrvedalstjønne, Indre Tyrvedalstjønne, Steidalstjønne, Langetjønn, Heimre Skarketjønn, Skarketjønn, Leitestjønn

to: Tone, Tyrvedalstone, Rysetone

tveit: Gryggjetveit

ufs: Fantufs

ur: Kotur

va/ vad: Tveitva, Vadet, Slettestøylsvaet

vatn: Store kvinnevatn

vik: Mjåvik, Koteviki, Tyrevikji, Steidalsvikji

øy: Fjorføsleøyne

å: Ugleåni, Tverråne, Tyrvåne

ås: Vermålsåsen, Lauvås

Stadnamn i namnesamlinga som ikkje har grunnord:

Basstoga, Blåkupta, Einang, Finnen, Flene, Glåpen, Groi, Håvtekkja, Nonsgroi, Rauderote, Steinekorplet, Storren, Åremoti

Kapittel 6

Namn og normering i Valle

6.1. Samandrag av undersøkinga av namnetilfanget

Vallemålet har mange særtrekk som skil seg ut frå gjeldande rettskriving for nynorsk. Det gjeld både vokalsystemet og konsonantsystemet. Korleis vert stadnamna i eit namnetilfang frå Valle i Setesdal normerte i praksis? Dette er eit samandrag av undersøkinga av namnetilfanget frå kapittel 4 i oppgåva. Det vert også drøfta om normeringa er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

6.1.1. Lydsystemet og formverket

Lydsystemet

a) Uttalar av ord i namn og normering

Korte vokalar. Uttale og normering samsvarar godt for korte vokalar. Døme: *Skarkestøyl* (Skarkestøyl), *Finnsarv* (Finnsarv). Det er heilt likt. Det kan likevel vere ulikt valg av bokstav i nokre stadnamn, for eksempel /o/ > /å/. Denne lydendinga har ikkje normeringa teke omsyn til. Døme: *Strondi* (Stråndei), *Hossehammen* (Håssehammen). Heller ikkje lydendingane /ø/ > /y/, /e/ > /i/ og /u/ > /o/ har vorte tekne med i normeringa. Døme: *Tørvedalen* (Tyrvedalen), *Kvernåni* (Kvinnåne) og *Ugledalen* (Ogledalen).

Lange vokalar. Det er ikkje vanskeleg å normere namn med lange vokalar. I lokal uttale er lang vokal markert med eit kolonteikn etter bokstavteiknet. Dette kolonteiknet er ikkje med i skriftspråket, ellers er det heilt likt. Det er eit vanleg rettskrivingsprinsipp i norsk at når ei staving har kort konsonant vert vokalen lang. Difor veit ein korleis denne type ord skal uttalast. Døme: *Lauvås* (Lauvå:s), *Fiti* (Fi:tei).

Primære diftongar. Dei primære diftongane er /au/, /ei/, /øy/ slik som i nynorsk, men i vallemål vert /ei/ > [ai]. Normeringa har teke med dei primære diftongane. Døme:

Austmannsdalen (Austmannsdalen), *Øyrevatn* (Øyrevatn). Derimot har normeringa ikkje teke med lydendringa /ei/ > [ai]. Døme: *Kleiv* (Klaiv), *Voglumtveit* (Våglommtvait).

Sekundære diftongar. Normeringa tek ikkje omsyn til dette sentrale målmerket i vallemålet. Normeringa av stadnamna i dette området har konsekvent ikkje teke med sekundære diftongar. I staden for sekundær diftong får desse namna lang vokal når dei vert skriftfesta. Døme: *Hola* (Houla), *Langemyr* (Langemuyr), *Husebø* (Heusebøy). Desse formene er teknisk sett lydstridige. Men fordi det er ein nøyaktig korrespondanse mellom talemål og skriftspråk, kan skriftformene psykologisk sett verte opplevde som lite lydstridige. Når ein valldøl les dei normerte namna, vert lange vokalar omforma automatisk til sekundære diftongar (med unntak av dei lange vokalane a, æ og å).

Lange konsonantar. Det ville ikkje ha vore problem å take omsyn til den nedervde lokale uttalen for stadnamn med lange konsonantar som skil seg ut frå normert skriftspråk. Det har likevel ikkje vorte gjort. Lydovergangen ll > dd er ikkje teke med i normeringa. Døme: *Kollen* (Kådden), *Rotaffjellet* (Routafjødde). Nokre stadnamn med lang konsonant er likt i lokal uttale og normert skrift, men det kan vere andre lydar og lydkombinasjonar i det same namnet som er annleis. Det gjeld til dømes samansette namn. Stadnamnet kan difor få ulikt skriftbilette for normert skriftspråk og lokal uttale. Døme: *Dammenuten* (Dammeneuten).

Konsonantsamband. I normeringa av det undersøkte namnetilfanget finn ein lite av konsonantsamband som i lokal uttale skil seg ut frå skriftspråket. Det er berre konsonantsambandet *sl* som er teke med i normeringa. Døme: *Lisle Kverrvatnet* (Lisle Kvinnevatn), *Lislebu* (Lislebeu). Konsonantsambandet *fs* er som i nynorsk. Døme: *Fantufs* (Fantufs).

Konsonantforenklingar. I det undersøkte namnetilfanget finn ein eksempel med konsonantforenklingar inne i stadnamnet og i byrjinga eller i slutten av stadnamnet. Når det er bortfall av konsonantar i byrjinga og i slutten av eit ord er det dei såkalla «stumme konsonantane» som ein finn i mange talemål, også vallemål. Stumme konsonantar vert skriftfesta sjølv om dei ikkje vert uttala. Det er eit vanleg rettskrivingsprinsipp. Døme:

Hjåmestøyl (Jå:mestøyl). Konsonantforenkling inne i ordet, bortfall av /l/ og /n/, vert ikkje teke omsyn til i normeringa når det er skilnad på lokal uttale og skriftspråk. Døme: *Kjeeholmen* (Kje:houmen), *Reinsstøyl* (Reisstøyl). Heller ikkje konsonantforenklingane ld > ll, dt > tt og rn > nn vert tekne med i normeringa. Døme: *Kaldeskardnutan* (Kalleskarneutan), *Midtfjell* (Mittfjødd) og *Hesttjørn* (Hesttjønn).

Om vokalsystemet

I vokalsystemet har normeringa ikkje teke med ord i namn med korte vokalar som endrar bokstav, lydendringane /o/ > /å/, /ø/ > /y/, /e/ > /i/, /u/ > /o/. Døme: *Edlandsfossen* (Æ:dansfåssen), *Bjørnevannshytta* (Bjynnevasshytta), *Store Kvernvatnet* (Stoure Kvinnevatn), *Uglåni* (Oglåne). Det er ikkje innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Normeringa har konsekvent ikkje teke med sekundære diftongar. Døme: *Hola* (Houla), *Langemyr* (Langemuyr). Det er heller ikkje innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Normeringa har teke med lokal uttale av namn med spesielle dialektord, *støyl* (støl), *kvæven* (kvelven) og *ryse* (rise). Døme: *Slettestøyl*, *Kvæven* og *Ryseklyvi*. Det er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. På kartet frå 2006 finn ein skriftforma *støyl* med to unntak for *støl*, og ein finn både *Ryseklyvi* og *Risebordet*. Det er ikkje konsekvent normering av desse to orda.

Om konsonantsystemet

I konsonantsystemet har konsonantforenklingane dt > tt og ld > ll ikkje vorte tekne med i normeringa. Døme: *Midtfjell* (Mittfjødd) og *Kaldeskardnutan* (Kalleskarneutan). Det er ikkje innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Derimot kunne ein vente at skriftformer som er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn ville verte tekne med i normeringa. Det har Kartverket ikkje gjort. Lokal uttale *fjødd* (fjell) og konsonantforenklinga rn > nn, *tjønn* (tjørn), er tilletne etter gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Kartverket har likevel valt fjell og tjørn i samsvar med skriftspråket. Normeringa har ikkje teke med konsonantforenklingane, bortfall av /n/ og /l/, inne i ordet. Døme: *Reinsstøyl* (Reisstøyl) og *Kjeeholmen* (Kje:houmen). Det er heller ikkje innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Normering av konsonantane i namnetilfanget er i samsvar med skriftspråket, med

eit unntak, konsonantsambandet *sl*. Døme: *Lislebu* (Lislebeu). Konsonantsambandet *sl* er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

b) Lydrett normering (ortofon skrivemåte), forventa normering og diskutabel normering

Når ein fordeler namna i dei tre gruppene, 1. Lydrett normering (ortofon skrivemåte), 2. Forventa normering og 3. Diskutabel normering, er det færrest namn i gruppa med lydrett normering (ortofon skrivemåte) og flest namn i gruppa med forventa normering.

I gruppa med lydrett normering (ortofon skrivemåte) er det berre 11 namn av 114. Det var uventa at så få namn har likt skriftbilete lokal uttale og normert skrift på kartet frå 2006.

I gruppa med forventa normering er det særleg namn med sekundære diftongar som trekkjer opp talet på namn. Det er 61 namn med sekundære diftongar, og det utgjer over halvparten av namnetilfanget på 114 namn. Det var forventa at dette sentrale særtrekket ved vallemålet ikkje vert teke med i normeringa. Det vert det heller ikkje. Det er ikkje innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Derimot vert lokal uttale *støyl* (nynorsk: støl), *kvæven* (nynorsk: kvelven) og *ryse* (nynorsk: rise) tekne med i normeringa. Det var forventa og er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Når det gjeld orda *støyl* og *ryse* er normeringa ikkje konsekvent.

Lydendring av kort vokal i trykksterk staving /o/ >/ å/ og /u/ >/o/ og primær diftongen /ei/ > [ai] vert ikkje tekne med i normeringa. Det var også som forventa. Det er ikkje innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Det var også som forventa at bortfall av /l/ og /h/ i enkelte ord og samansetnadar ikkje vert tekne med i normeringa. Det er ikkje innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Det var som forventa at konsonantsambandet *sl*, vert teke med i normeringa. Døme: *Lislebu*. Det er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn.

I gruppa med diskutabel normering er det dei dialektnære formene, *fjødd* (fjell) og *tjønn* (tjørn), som bør skriftfestast på kartet. Det er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Ellers er det andre dialektnære former som kanskje bør skriftfestast på kartet, *Tyrvestøyl* (Tørvestøyl), *Tyrvedalen* (Tørvedalen). Årsaka til at ord i namn med lydendinga /ø/ > /y/ kanskje bør skriftfestast på kartet er at lokal uttale av desse namna finn ein i namnesamlingane med lokale innsamlarar. Dei dialektnære formene er ikkje vanskelege å lese og forstå. Det er såleis fleire argument som talar for at desse formene bør skriftfestast på kartet.

c) Litt om normering på kartet frå 2020

Endringane av skriftformer på kartet frå 2020 har fleire dialektnære former enn kartet frå 2006, men normeringa er ikkje konsekvent. Ein finn framleis *fjell* og *tjørrn* (med to unntak for *tjønn*) i samsvar med gjeldande rettskriving. Det er også ulike skriftformer for same ord eller ordledd. Utviklinga tillet stadig fleire lokale dialektformer og regionale samleformer. Gjeldande forskrift om stadnamn frå 2017 jamstiller regional samleform og rettskrivingsform når lokal uttale skal normerast til ei skriftform. Likevel er det etter måten lite nedverd lokal uttale i normering av namn også på kartet frå 2020. Det er negativt at normeringa, både når det gjeld lydssystemet og formverket, ikkje er konsekvent.

Formverket

a) Bøyingsendingar i substantiv

Når det gjeld bøyingsendingar i substantiv, bunden form eintal og fleirtal, er det stort samsvar mellom lokal uttale og normert skrift på kartet frå 2006 også når det er skilnad lokal uttale og normert skrift nynorsk. Det er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. I det undersøkte namnetilfanget er det berre endinga *-e* lokal uttale av inkjekjønnsord i bunden form eintal som ikkje er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Den endinga har heller ikkje kome med på kartet. Inkjekjønnsord i bunden form eintal har endinga *-et* i samsvar med gjeldande rettskriving for nynorsk.

Hankjønnsord bunden form eintal får endinga *-en*, og svake hokjønnsord får endinga *-a*. Det er likt med normert skrift på kartet og gjeldande rettskriving for nynorsk. Bøying av sterke hokjønnsord bunden form eintal får endinga *-i*. Det er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Desse orda får likevel eit annleis skriftbilete enn normert skrift. Sterke hokjønnsord i bunden form eintal får endinga *-i*, lang vokal /i:/ > sekundær diftong [ei]. Normeringa tek konsekvent ikkje med dei sekundære diftongane korkje i ord i namn eller bøyingsendingar. Døme: *Kaldevassheii* (Kallevasshaiei).

Hankjønn bunden form fleirtal får endinga *-an* normert skrift på kartet og lokal uttale, men endinga *-ane* normert skrift nynorsk. Endinga *-an* er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Sterke hokjønnsord bunden form fleirtal får endinga *-in* normert skrift kart og lokal uttale, men endinga *-ene* normert skrift nynorsk. Endinga *-in* er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. I namnetilfanget er det ikkje svake hokjønnsord og heller ikkje inkjekjønnsord i bunden form fleirtal.

Nokre samansette stadnamn får bunden form eintal på kartet frå 2006, medan dei i lokal uttale får ubunden form. Døme: *Lisle Bjørnvatnet* (kart 2006), *Lisle Bjørnevatn* (lokal uttale).

b) Adjektiv og relasjonsord i namnetilfanget

Det er ikkje noko spesielt å seie om adjektiv og relasjonsord i namnetilfanget. Dei normerte formene på kartet skil seg ikkje ut frå lokal uttale eller gjeldande rettskriving for nynorsk med unntak for dei orda som har sekundære diftongar.

c) Fuger i namnetilfanget

I samansette stadnamn i namnetilfanget er det namn med *e*-fuge (bindefuge), *s*-fuge (samansetnadsfuge) og *null*-fuge (ingen bindebokstav). For *s*-fuge og *null*-fuge er det ingen skilnad på kartet frå 2006 og lokal uttale. For *e*-fuge er det også likt på kartet og lokal uttale med nokre unntak. Døme: *Store Kvernvatnet* (kart 2006, utan *e*-fuge), *Stoure Kvinnevatn* (lokal uttale, med *e*-fuge). *Kyrel*i (kart 2006, med *e*-fuge), *Kjuyrlei* (lokal uttale, utan *e*-fuge).

6.1.2. Få særtrekk i normeringa

Undersøkinga viser at dei få særtrekka i vallemålet som har vorte tekne med i normeringa er dei spesielle dialektorda *støyl* (nynorsk: støl), *kvæven* (nynorsk: kvelven), *ryse* (nynorsk: rise) og konsonantsambandet *sl*. Når det gjeld bøyingsendingar i substantiv er det stort samsvar mellom lokal uttale og normert skrift på kartet, også når lokal uttale skil seg ut frå skriftspråket. Nokre samansette stadnamn har fått bunden form eintal på kartet frå 2006 der lokal uttale har ubunden form. Nokre av dei samansette namna har også fått feil bruk av *e*-fuge i høve til lokal uttale. Det er mange gamle stølar på Bjørnevatn med ei bu eller hytte på stølsvollen. Stølane har framleis dei gamle namna sine. Ordet *støyl* er bruka tretten gonger på kartet frå 2006. Likevel vert det lite nedervd lokal uttale i normeringa.

6.2. Innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn

Ein må vel kanskje kunne seie at normeringa er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn sjølv om Kartverket har fått med overraskande lite lokal uttale i normeringa. Kartverket har i alle fall ikkje tøygd grensene for å få mest mogeleg nedervd lokal uttale i normering av stadnamn på Bjørnevatn. Grensene har vel heller vorte tøygde for at skriftformene på kartet stort sett skal vere i samsvar med gjeldande rettskriving for nynorsk.

Undersøkinga viser at Kartverket har lagt mest vekt på gjeldande rettskriving for nynorsk. Sjølv om utviklinga tillet stadig meir lokale dialektformer og regionale samleformer finn ein nesten ikkje nedervd lokal uttale i normering av namn i Valle. Ein kunne ha skrive nærare vallemålet enn det har vorte gjort og likevel vere innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Kartverket har heller ikkje teke med dei tilletne dialektneære formene *fjødd* og *tjønn*. Det forsterkar inntrykket av at det har ikkje vore ei prioritert oppgåve at nedervd lokal uttale skal vise seg i normeringa.

6.2.1. Stort samsvar normert skrift og gjeldande rettskriving

Lov og forskrift om stadnamn har vorte reviderte fleire gonger. Terje Larsen meiner at ein hovudtendens i endringane er at prinsippet om eit einskapleg namneverk har vorte mindre viktig. «(...) ynsket om eit *einskapleg namneverk*, som har vore eit overordna mål, er tona

ned, og med det er også synet på stadnamn som *eit nasjonalt felleseige svekt*» (Larsen 2017, s. 29). Det er stort samvar mellom normert skrift på kartet frå 2006 og gjeldande rettskriving for nynorsk. Det kan tyde på at normeringspraksisen på Bjørnevattn har halde fast på prinsippet om eit mest mogeleg einskapleg namneverk for heile landet. Allereie med føresegner om skrivemåten av stadnamn frå 1957 vart det opna opp for regionale former. Utviklinga tillet stadig meir lokale dialektformer og regionale samleformer. Med denne utviklinga i normeringspraksis var det forventa at nedverd lokal uttale ville vise seg i normering av namn på eit moderne kart frå 2006. Det viste seg at hypotesen ikkje stemmer med røyndomen.

6.2.2. Resultat av undersøkinga

Ein kan stille spørsmål om resultatet ville ha vorte annleis om ein hadde undersøkt eit større namnetilfang frå setesdalsheiane. Dersom ein i staden for 114 stadnamn hadde hatt 228 eller 456 namn ville resultatet vorte annleis? Fordi resultatet er signifikant, tyder det på at utvalet av stadnamn er representativt, relevant og påliteleg for korleis stadnamna i dette området vert normerte i praksis.

Kapittel 7

Konklusjon

Problemformuleringa «Korleis vert stadnamna i eit namnetilfang frå Valle i Setesdal normerte i praksis?» vart sett opp mot hypotesen om at nedervd lokal uttale vil vise seg i normering av namn i Valle. Lov og forskrift om stadnamn har opna for stadig meir lokale dialektformer og regionale samleformer. Ut frå utviklinga i normeringspraksis er det forventa at normerte stadnamn på moderne offentlege kart vil ha fleire dialektnære skriftformer enn eldre kart frå 1900-talet. Resultatet av undersøkinga viser likevel at ein finn nesten ikkje dialektformer i normering av vallemålet. Det viste seg at hypotesen ikkje stemmer med røyndomen.

Det undersøkte namnetilfanget frå Valle i Setesdal viser at berre 11 av 114 stadnamn har ei lydrett skriftform. Når det gjeld lydsystemet, har berre to særtrekk i vallemålet vorte tekne med i normeringa på kartet frå 2006. Konsonantsambandet *sl* og namn med spesielle dialektord, *støyl*, *kvæven* og *ryse*. Det ein finn av lokal uttale som skil seg ut frå skriftspråket i det undersøkte namnetilfanget er ordformene *støyl* (støl), *kvæven* (kvelven), *ryse* (rise) og *lisle* (vesle). Kartverket har i normeringa av namnetilfanget lagt mest vekt på gjeldande rettskriving for nynorsk.

Når det derimot gjeld formverket, er det annleis. Bøyingsendingar i substantiv bunden form eintal og fleirtal har stort samsvar mellom lokal uttale og normert skrift på kartet, også der lokal uttale skil seg ut frå skiftspråket. Nokre av dei samansette stadnamna får bunden form eintal der lokal uttale har ubunden form, og nøke av namna har feil bruk av *e*-fuge i høve til lokal uttale.

Namnetilfanget i undersøkinga er frå Bjørnevattn, Setesdal austhei i Valle kommune. Utgangspunktet for undersøkinga er eit utsnitt av kartbladet Urdenosi 1413 I utgjeve av Statens kartverk i 2006. Når ein samanliknar kartblada frå 2006 (3.utgåve), 1991 (2.utgåve) og 1970 (1.utgåve) er det få endringar. Kartet frå 2020 (digital versjon) vert teke med i undersøkinga for å vise utviklinga i normeringspraksis for området frå 2006 fram til i dag.

Den viktigaste endringa av skriftform på karta frå 1970–2006 er den konsekvente endringa av skriftforma *støl* (1970) til *støyl* (1991). Dette vert vidareført til kartet frå 2006 med to unntak. Med unntak av ordet *støyl* er det berre nokre få endringar som virkar nokså tilfeldige. På desse trettiseks åra har det vore lite utvikling i normeringspraksis av stadnamn i området. Sekundære diftongar vert konsekvent ikkje tekne med i normeringa. Det var som forventa. Det fører til at mykje nedervd lokal uttale går tapt i normering av namn i Valle. Derimot var det uventa at så få namn med spesielle dialektord har kome med på kartet. Det var også uventa at bunden form eintal og bruk av *e*-fuge i nokre samansette stadnamn på kartet ikkje samsvarar med lokal uttale. Det var uventa at Kartverket har teke med mindre av dialektnære former enn det som er tillete innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Det var også uventa at det er ingen viktige endringar av skriftformer når ein samanliknar karta frå 2006 og 1991. Ein skulle tru at lov og forskrift om stadnamn ville ha ført til endringar på kartet frå 2006. Ein forventar ikkje at dei mest spesielle særtrekka ved vallemålet vert tekne med i normeringa. Det vert dei heller ikkje. Summen av dei ulike faktorane fører likevel til at normering av namn på kartet frå 2006 var overraskande. Det var uventa at så lite nedervd lokal uttale viser seg i normering av namn i Valle.

Endringane av skriftformer på kartet frå 2020 har fleire dialektnære former enn kartet frå 2006. Men normeringa på kartet frå 2020 er ikkje konsekvent i val av skriftform. Ein finn til dømes ulik skriftform for same ord eller ordledd. *Tyrvestøyl* og *Tyrvåne*, men *Tørvedalen* og *Tørvedalstjørnin*. Ein finn framleis skriftformene *fjell* og *tjørn* (med to unntak for *tjønn*) i samsvar med gjeldande rettskriving for nynorsk. Framleis er det etter måten lite nedervd lokal uttale i normering av namn i Valle. Det har vore lite utvikling i normeringspraksis for området i desse femti åra, frå 1970 og fram til i dag. Det er negativt at normeringa ikkje er konsekvent.

I gjeldande forskrift om stadnamn frå 2017 er regional samleform og rettskrivingsform jamstilte når nedervd lokal uttale skal normerast til ei skriftform. Det opnar opp for meir dialektnære former. Når ein skal normere stadnamn på eit offentleg kart inneber det likevel at ein framleis må balansere mellom dei to motstridande faktorane, nedervd lokal uttale og gjeldande rettskriving. For vallemålet, der uttale og skriftspråk står langt frå kvarandre, vert denne balansegangen ekstra krevjande.

Vedlegg

Vedlegg 1. Utsnitt av kartbladet Urdenosi 1314 I, Bjørnevatn Setesdal austhei frå 2006
(3.utgåve) s. 102.

Vedlegg 2. Utsnitt av kartbladet Urdenosi 1314 I, Bjørnevatn Setesdal austhei frå 1991
(2.utgåve) s. 103.

Vedlegg 3. Utsnitt av kartbladet Urdenosi 1314 I, Bjørnevatn Setesdal austhei frå 1970
(1.utgåve) s. 104.

Kjeldeliste

Tre kartblad i papirutgåve M711, målestokk 1: 50 000 utjevne av Statens kartverk. Urdenosi 1314 I. Utsnitt av Bjørnevatn Setesdal austhei. 2006 (3.utgåve), 1991 (2.utgåve og 1970 (1.utgåve).

Turkart Bjørnevatn, Setesdal austhei. Digital versjon 2020 frå Norgeskart.no 10.10.2020.

Namnesamlinga til Økonomisk kartverk (1984) Bjørnevatn Setesdal austhei.

Namnesamlinga til Olav H. Rygnestad (2003) Bjørnevatn Setesdal austhei.

Litteraturliste

Brev til Forsvarsdepartementet frå Hjalmar Falk og Marius Hægstad 20. mars 1913 i: Indrebø, Gustav 1927: Norsk namneverk, Olaf Norlis Forlag, Oslo s. 193–197.

Brev til Norges Geografiske Opmaaling frå Forsvarsdepartementet 13. juni 1913 i: Indrebø, Gustav 1927: Norsk namneverk, Olaf Norlis Forlag, Oslo s. 197–198.

Det økonomiske kartverket. Retningslinjer 1978, NGO, Oslo.

Forskrift om stadnamn [https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-05-23-638?q=Forskrift stadnamnlova](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-05-23-638?q=Forskrift%20stadnamnlova) (henta 22.09.2020).

Hannaas, Torleiv 1921: Sætedals-målet i: Norske Bygder Bind 1. Setesdalen, J. Grieg, Bergen, s. 22–29.

Haslum, Vidar 1992: Farlig navnenormering i norskhetens navn i: Nytt om namn nr. 15, 1992 s. 26–29.

Hallaråker, Peter 1997: Normering av skrivemåten i: Innføring i stadnamn. Innsamling og gransking, Universitetsforlaget, Oslo s. 227–265.

Helleland, Botolv 1992: Stadnamnnormering i 150 år. Ein balansegang mellom skriftradisjon, etymologi, rettskriving og uttale i: Hødnebo, Finn m.fl. (red.) 1992: Eyvindarbøk. Festskrift til Eyvind Fjeld Halvorsen, 4. mai 1992, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo, Oslo s. 95–107.

Helleland, Botolv 1998: Dialektsynet i norsk stadnamnnormering i: Akselberg, Gunnstein og Bondevik, Jarle (red.) 1998: Ord etter ord. Heidersskrift til Oddvar Nes 27. desember 1998, Norsk bokreidingslag, Bergen, s. 147–162.

Hoel, Oddmund Løkensgard 1989: Striden om normering av stadnamn i etterkrigstida. Motiv, handlingar og motsetnader i: Namn og Nemne, nr. 6, 1989, s. 15–26.

Indrebø, Gustav 1927: Norsk namneverk, Olaf Norlis Forlag, Oslo.

Kongeleg resolusjon 28. april 1933. Fyresegner um skrivemåten av stadnamn i: Stemshaug, Ola 1973: Namn i Noreg. Ei innføring i norsk namnegransking, Det Norske Samlaget, Oslo s. 140–141.

Kronprinsenregentens resolusjon 31. mai 1957. Føresegner om skrivemåten av stadnamn i: Stemshaug, Ola 1973: Namn i Noreg. Ei innføring i norsk namnegransking, Det Norske Samlaget, Oslo s. 141–143.

Kartverket <https://www.kartverket.no/Kart> (henta 22.09.2020).

Larsen, Terje 2017: Nye reglar for skrivemåten av norske stadnamn i: Nytt om namn nr. 65/66, 2017 s. 29–31.

Lov om stadnamn (stadnamnlova) [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1990-05-18-11?q=Lov om stadnamn](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1990-05-18-11?q=Lov%20om%20stadnamn) (henta 22.09.2020).

Lund, Ellen Marie 2006: Normering av stedsnavn. Dialekt, normering og målreising. Masteroppgåve i nordisk språk. Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo.

Nomeland, Tarald 1983: Bygdemålet i Valle i: Bygdesogeskrifter frå Valle og Hylestad
Johs. Grefslie Trykkeri AS, Mysen, s. 335–345.

Norgeskart <https://www.norgeskart.no> (henta 10.10.2020).

NOU 1983:6, Stadnamn, Norges offentlege utgreiingar. Frå eit utval oppnemnt ved kongeleg resolusjon 12. oktober 1979, lagt fram for Kultur- og vitskapsdepartementet i mars 1983, Universitetsforlaget, Oslo-Bergen-Trømsø.

Nynorskordboka. Definisjons- og rettskrivingsordbok. 4. utgåva. Hovdenak, Marit m.fl. (red.) 2006, Det Norske Samlaget, Oslo.

Nynorsk ordliste 11. utgåva. Alf Hellevik, Margunn Rauset og Aud Søyland (red.) 2012, Samlaget, Oslo.

Olsen, Magnus 1973: Hvad våre stedsnavn lærer oss, Universitetsforlaget, Oslo-Bergen-Trømsø.

Ryningen, Alfred 1987: Gards- og ættesoge Valle, bind VI. Utgjevar Valle kommune.

Skomedal, Trygve 1972: Vokalsystemet i Sætaldsmålet i: Magerøy mfl. (red.), Mål og namn, Universitetsforlaget, Oslo, s. 291–306.

Stemshaug, Ola 1973: Namn i Noreg, Ei innføring i norsk namnegransking, Det Norske Samlaget, Oslo.

Store norske leksikon <https://www.snl.no>

Språkrådet <https://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Stedsnavn> (henta 22.09.2020).

Uppstad, Dreng 1939: Nokre stadnamn frå Valle, Setesdal. Hovudoppgåve til embetseksamen i norsk, haustsemesteret 1939. Universitetsbiblioteket Oslo.

Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn. Desse reglane er ei utfylling til §3 i gjeldande forskrift om stadnamn <https://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Stedsnavn>

Vallemål <https://vallemal.no>

Åkre, Torjus 1983: Talemålet i dag mellom eldre og yngre i Valle og Hylestad i:

Bygdesogeskrifter frå Valle og Hylestad, Johs. Grefslie Trykkeri AS, Mysen, s. 259–272.

Samandrag

Tema i oppgåva er normering av namn. Problemformuleringa «Korleis vert stadnamna i eit namnetilfang frå Valle i Setesdal normerte i praksis?» er grunnlaget for oppgåva. Lov og forskrift om stadnamn har opna opp for stadig meir lokale dialektformer og regionale samleformer. Problemformuleringa vert difor sett opp mot hypotesen at nedervd lokal uttale vil vise seg i normering av namn i Valle. Ut frå utviklinga i normeringspraksis er det forventat at normerte stadnamn på moderne offentlege kart vil ha fleire dialektnære skriftformer enn eldre kart frå 1900-talet. Det viste seg at hypotesen ikkje stemmer med røyndomen.

Namnetilfanget i undersøkinga er 114 stadnamn frå Bjørnevatn, Setesdal austhei i Valle kommune. Eit utnitt av kartbladet Urdenosi 1314 I utgjeve av Statens kartverk i 2006 er grunnlaget for undersøkinga. Ved å analysere skriftformene på kartet er det mogeleg å finne ut om det har vorte lagt mest vekt på nedervd lokal uttale eller gjeldande rettskriving for nynorsk i normeringspraksisen. Alle stadnamn er substantiv. Teori om vallemålet, spesielt om substantiv, vert nytta i analysen av skriftformene. Kartbladet frå 2006 (3.utgåve) vert samanlikna med kartblada frå 1991 (2.utgåve), 1970 (1.utgåve) og 2020 (digital versjon) for å finne ut om skriftformene på kartet har endra seg i desse åra. Ein får då ei oversikt av normeringspraksis i dette området som strekkjer seg over ein periode på 50 år, 1970–2020.

Det var ei uventa oppdaging at lite nedervd lokal uttale viser seg i normering av namn i Valle. Det har etter måten vore lite endringar i normeringspraksisen i perioden 1970–2020. Det viktigaste er den konsekvente endringa av skriftforma *støl* (1970) > *støyl* (1991). Ellers er det få endringar, og endringane virkar nokså tilfeldige. Endringane av skriftformene på kartet frå 2020 er meir dialektnære enn på kartet frå 2006. Normeringa er likevel ikkje konsekvent for å få meir nedervd lokal uttale på kartet. Ein finn til dømes framleis skriftformene *fjell* og *tjørn* på kartet med to unntak for *tjørn* til *tjønn*. Her kunne Kartverket konsekvent valt dei meir dialektnære formene *fjødd* og *tjønn*. Det er innanfor gjeldande lov og forskrift om stadnamn. Det ville ha vore i samsvar med utviklinga i normeringspraksis som tillet stadig meir dialektnære former på offentlege kart

